

# Den notidige feiringa av *mawlid an-nabi* i Manchester og London

Vegard Kvernenes



Masteroppgåve i religionsvitenskap, AHKR, våren 2012

## Summary

This thesis focuses on the Islamic celebration of the Prophet's birthday, *mawlid an-nabi*, often overlooked in literature. The first part draws an outline of the history and contents of the celebration, before turning to the contemporary practice of *mawlid an-nabi*. This is done in the second part, which is based on data gathered during fieldwork in Manchester and London in February 2012. This part offers a unique insight into the contemporary celebration as well as into thoughts and opinions of some of the participants.

Eg vil takke mine informantar som tok meg i mot i både London og Manchester, for deira tålmod, forståing og gjestfriheit. Eg vil også takke min vegledar Håkan Rydving for sine hjelpsame innspel, rettingar og forslag. Takk til alle mine med-studentar for deira støtte.



## Innholdsliste

Innleiing	1
<b>DEL 1 <i>Mawlid an-nabi</i> – historie og innhald</b>	
Kapittel 1.1. Introduksjon	5
Kapittel 1.2. <i>Mawlid</i> og <i>Mawlid an-nabi</i> – opphav og spreing	7
Kapittel 1.3. Feiringas innhald	16
Kapittel 1.4. Oppsummering	22
<b>DEL 2 Feltarbeidet</b>	
Kapittel 2.1. Introduksjon	24
Kapittel 2.2. Feltarbeid – refleksjonar kring utfordringar, framgangsmåtar og makt	27
Framgangsmåtar	29
Representasjonsmakt	30
Kven var mine informantar?	32
Kapittel 2.2.1. Ahl us-Sunnah wal-Jamaa'ah – nokre grunnleggjande karakteristikkar	33
Kapittel 2.3. <i>Mawlid</i> i Manchester og London	36
<i>Milad</i> i Manchester	36
Prosesjonen i Manchester	45
Seremonien i Victoria Park Mosque	52
London	55
Fredagsbønn i nord-London	66
Hos sjeiken	70
<i>Milad</i> i London	77
Prosesjonen i London	85
Avsluttande oppsummering	95
Vedlegg	99
Litteraturliste	107

## Innleiing

Feiringa av profeten Muhammads fødselsdag, *mawlid an-nabi*, er for mange muslimar ei av dei viktigaste feiringane i løpet av året. Det er òg ei særers populær feiring. Over nær sakt heile den muslimske verda vert festivalen feira i forskjellige formar med forskjellige innhald. Kor mykje vekt ein legg på denne festivalen og kva innslag den inneheld, som for eksempel song, dikt og historier om profeten, er avhengig av kva grein av islam ein følgjer. Også gjennom innvandring til vestlege, ikkje-muslimske land har feiringa av *mawlid an-nabi* oppstått i nye kontekstar. Sjølv om denne tradisjonen vert tatt med til nye land, også Noreg,<sup>1</sup> og til tross for sin enorme popularitet, verkar det ikkje som om den er særleg kjend utanfor muslimske miljø – samanlikna med feingar som ramadan og *hajj*. Men korleis utartar eigentleg ei *mawlid*-feiring seg i dag?

Då eg byrja å fatte interesse for *mawlid*-feiringa, oppdaga eg at det var vanskeleg å oppdrive akademisk litteratur som gjekk noko særleg djupt inn på denne feiringa. Dei fleste introduksjonsbøkene omhandlande islam nemna feiringa, men ofte berre i ein kort oppsummering av den islamske festkalenderen. Ser ein for eksempel på Anne Sofie Roald si introduksjonsbok *Islam* frå 2004, er det einaste hintet til feiringa at «under de folkelige festene *mawlid* (profetens fødselsdag) og *miraj* (himmelreisen) arrangerer flere moskeer bønnevake der man kan komme og be og lese Koranen utover natten».<sup>2</sup> I tillegg til at feiringa kun er nemna i kapitlet «Islam i Norge», vert den utan nokon refleksjon klassifisert som «folkeleg». I David Waines' bok *An Introduction to Islam* frå 1995 vert *mawlid* fokusert på som det mest kjende eksempelet på ein innovasjon: «Nevertheless, some innovations were accepted and absorbed into the community's practice. The most famous example, perhaps, is the celebration of the Prophet's birthday (*mawlid*)».<sup>3</sup> Kva feiringa faktisk inneheld vert kun hinta til gjennom beskrivinga av kva motstandarar av

---

<sup>1</sup> For ei kort beskriving av *mawlid/milad an-nabi*-feiringa si historie og innhald i Noreg, sjå Kari Vogts *Islam på Norsk – moskeer og islamske organisasjoner i Norge*, Oslo 2000: Cappelen Damm AS, s. 201–204. I følgje Vogt har *milad* vorte markera med ein prosesjon i Oslo sidan 1985.

<sup>2</sup> Anne Sofie Roald, *Islam*, Oslo 2004: Pax Forlag A/S, s. 218.

<sup>3</sup> David Waines, *An Introduction to Islam*, Cambridge 1995: Cambridge University Press, s. 51.

feiringa har kritisert den for. Andre, som for eksempel G. P. Makris bok *Islam in the Middle East – A Living Tradition* frå 2007, nemner ikkje feiringa i det heile.

Nokre introduksjonsbøker har meir informasjon å komme med, men verkar å henge seg opp i usemja bland muslimar kring *mawlid*ens legitimitet. Av dei små beskrivingane som er av *mawlid* i desse bøkene går store deler med til å forklare nettopp denne usemja mellom forskjellige retningar når det kjem til om ein bør feire eller ikkje. Det er eit viktig poeng å få med seg, men ein hadde venta seg at det i tillegg hadde stått noko om korleis feiringa går til. Men det finst lite direkte informasjon om kva som karakteriserer ei *mawlid an-nabi* feiring, verken historisk eller samtidig. Eit eksempel på dette er *Introducing Islam* av William Shepard frå 2009. Ironisk nok let Shepard oss få vite at *mawlid* er «a major celebration for most Muslims»,<sup>4</sup> og «for most Muslims it is an extremely popular and joyous festival»,<sup>5</sup> men ein får ikkje noko særleg inngående informasjon om korleis ei slik feiring artar seg. Om feiringa gjeld for dei fleste muslimar og er særst populær, kunne nok mange ønska at ein fekk vite meir om *mawlid* en at «generally they include the recitation of the Qur’an and poetry in praise of the Prophet, such as the *Mevlid-i Sherif* [...], as well as feasts, processions, fairs, and public *dhikrs* by Sufis». <sup>6</sup> Men korleis heng alt dette saman? Introduksjonsbøker til islam gjer oss ein riktig definisjon av *mawlid un-nabi* som feiringa av profetens fødselsdag. Men det er skjeldan ein får vite så mykje meir. Noko litteratur som spesifikk tar for seg islam i Noreg, gjer fleire interessante detaljar men det vert likevell ikkje nok til å danne seg eit heilskapleg inntrykk av feiringa.<sup>7</sup>

Ein held seg naturlegvis ikkje kun til introduksjonsbøker om ein ser etter grundig informasjon kring ein spesifikk religiøst aspekt av islam. For detaljerte beskrivingar av feiringa leita eg etter litteratur som var basert på feltarbeid og direkte kontakt med deltakarane. Dei mest detaljerte beskrivingane eg kom over gjennom slik litteratur var i volum 2 av Edvard William Lane sine bøker *An Account of the Manners and Customs of the Modern Egyptians* publisert i 1836, og i volum 2 av *Ritual and belief in Morocco*, av Edward Westermarck frå 1926. Begge beskrivingane av *mawlid an-nabi* er interessante

---

<sup>4</sup> William Shepard, *Introducing Islam*, New York 2009: Routledge, s. 78.

<sup>5</sup> Shepard, *Introducing*, s. 97.

<sup>6</sup> Shepard, *Introducing*, s. 97.

<sup>7</sup> Sjø Sissel Østberg, *Muslim i Norge*, Oslo 2003: Universitetsforlaget, s. 71, og Kari Vogt, *Islam på norsk*, s. 201–204. I Vogts beskriving er side 202–204 dedisert til kvinnes feiring.

og detaljerte, men denne litteraturen er gamal, og kan naturlegvis ikkje seie noko om feiring av profetens fødselsdag i dag. Av den litteraturen eg fann med eit særleg fokus *mawlid an-nabi*, tok heller ikkje den i stor grad opp samtidig feiring. N.J.G. Kapteins *Muhammad's Birthday Festival – Early History in the Central Muslim Lands and Development in the Muslim West until the 10th/16th Century* frå 1993, er ein av dei ystst få som tar opp feiringas historie gjennom originalkjelder. Den gjer dermed eit unikt innsyn i feiringas tidlege historie, men stoppar brått på 1500-talet. Nokre av introduksjonsbøkene som nemner korleis feiringa byrja baserer seg bland anna på Kapteins bok. Marion Holmes Katz' bok *The Birth of the Prophet Muhammad – Devotional Piety in Sunni Islam* frå 2007, fokuserer hovudsaklig på utviklinga til såkalla *mawlid*-narrativ, historier om profeten Muhammads fødsel som ofte vert fortald gjennom *mawlid an-nabi*-feiringa. Boka strekk seg fram til moderne tid og notidig feiring, men fokuset her er på kritikken feiringa har fått, og igjen sitt ein tilbake med indirekte beskrivingar gjennom kritiske lærde. Litteratur omhandlande dei forskjellige syna på profeten, som Annemarie Schimmels *And Muhammed is his Messenger* frå 1985, gjer nokre gongar spanande glimt av den samtidige feiringa frå forskjellige land. Eg saknar likevill den direkte kontakten med menneska som feirar denne fødselsdagen, og ei meir komplett beskriving av feiringa i sin heilskap. Notidige *mawlid*-feiringar vert kort beskrivi i nokre av artiklane i boka til Barbara Daly Metcalf, *Making Muslim Space* frå 1996. Det er desse artiklane som kjem nærast å gje ei detaljert beskriving av feiringa. Ein del av beskrivingane er av meir private feiringar i folks hus – eit interessant tema – men dei større, offentlege feiringane får mindre fokus.

I boka *The Development of Islamic Ritual*, introduserer Gerald Hawting verket slik:

The articles collected in this volume are mainly concerned with aspects of what might be called the “official” rituals of Islam – those required by and regulated in Islamic law, the Shariah. We distinguish those rituals from others, such as the celebration of marriages or the annual festival of the Prophet's birthday that display many local variations and are not closely discussed and regulated in the authoritative books of Islamic law and collections of prophetic traditions (*hadiths*). Of course, rituals of this latter type may in fact be more significant than the official ones in the day-to-day lives of many Muslims, but it is the official rituals which figure most prominently in the textual and scholarly tradition of Islam, and it is they which are widely referred to as the five pillars (*arkan*) of Islam.<sup>8</sup>

---

<sup>8</sup> Gerald Hawting, Introduction, i: *The development of Islamic ritual*, red. Gerald Hawting, Croft Road 2006: Ashgate, s. xiv.



Valet av fokus på dei «offisielle» rituala som har sterk tekstleg basis er heilt greitt, *mawlid an-nabi* vert i alle fall nemna – og det er rett at feiringa ikkje er direkte regulert gjennom sharia eller *hadith*. Likevell vert det anerkjend at denne utelokka typen ritual kan vere av ei større betydning for dagleglivet til muslimar. Ein kan ikkje sjå vekk frå heilage skrifers sentrale posisjon i ein religion som islam, men som religionsvitar har eg ei stor interesse for religiøse aspekt som faktisk har betydning for det religiøse dagleglivet til vanlege utøvarar.

På grunn av feiringas popularitet over store deler av verda, og det manglande fokuset på denne feiringa i akademisk litteratur, er det naudsynt med ei beskriving av den. Sidan ei slik beskriving av notidig *mawlid*-feiring ikkje har blitt gjort før er det også naudsynt at det vert ei detaljert beskriving, der også utøvarane få sleppe til med sine egne ord. Sjølv om det er usemje kring legitimiteten til denne feiringa er det viktig å ikkje ha same utgangspunkt som overnemnde introduksjonsbøker, der ein kun ser på *mawlid* som eit eksempel på ein «folkeleg» innovasjon. Det er også behov for å få konkret kunnskap om innhaldet i feiringane frå andre enn dei som er motstandarar av den – ein må også la tilhengjarane sleppe til med sine syn. Grunna den akademiske litteraturens oversjøing av denne feiringa, har eg sett meg som mål å gjere ei nøyen beskriving av eit eksempel på den notidige feiringa av *mawlid an-nabi*.

Dette har eg forsøkt å oppnå gjennom å utføre feltarbeid bland ei gruppe muslimar i to byar i England, Manchester og London i den perioden mange av feiringane finn stad. Feltarbeidet er presentert i del 2, og utgjer hovuddelen av denne oppgåva. Del 2 inkluderer også refleksjonar kring feltarbeidet som framgangsmåte, samt informasjon om den retninga av islam eg var i kontakt med, kjend som Ahl us-Sunnah wal-Jamaa'ah. Men før eg beskriv den notidige feiringa, skal eg gje eit overblikk over deler av feiringas opphav og spreieing samt det innhaldet ein kjenner til. Dette vert gjort i del 1, og her vil eg ta i bruk både islamsk tidsrekning (AH), og vestleg tidsrekning (e.v.t.).

Sidan del 1 konsentrerer seg om feiringas historie i arabiskspråklege land, refererer eg til feiringa som *mawlid* eller *mawlid an-nabi* som er det arabiske namnet, men sidan feltarbeidet er gjort bland muslimar hovudsakleg med etnisk bakgrunn frå Pakistan, refererer eg i del 2 til feiringa som *milad un-nabi*. *Milad* er feiringas namn på urdu.<sup>9</sup>

---

<sup>9</sup> <http://en.wikipedia.org/wiki/Mawlid#Etymology> Besøkt 2.5.12.

## Del 1

### *Mawlid an-nabi* – historie og innhald

#### 1.1

##### Introduksjon

*Mawlid*-festivalen er på mange måtar ein spesiell festival då den ikkje har noko direkte tekstleg grunnlag gjennom verken Koranen eller *sunna*.<sup>10</sup> Det verkar ikkje å være noko fasit på korleis ein skal feire, og innhaldet er kontinuerlig eit tema som vert diskutert både bland lærde og lekmenn. Somme ser på heile *mawlid*-feiringa som ein innovasjon (*bid'a*) – den oppsto som me skal sjå mange år etter profetens bortgang. Dei meiner at ein ikkje kan ha tillegg og nyvinningar i religionen då den var perfekt slik den var då Muhammad levde. Andre godtar feiringa, mens dei fokuserer meir på kva innhald som er passande og ikkje passande.

Bruken av pynt og korleis ein eventuelt skal pynte moskear, samt fyrverkeri, er noko som for eksempel vert diskutert flittig. For somme er dette ein uting då dei meiner at *mawlid*-feiringa i for stor grad blir påverka av det dei ser på som kristne og/eller sekulære tradisjonar. Kva som er rett eller gal praksis verkar å være ganske opent for tolking. Eit slikt utgangspunkt har resultert i at religiøse autoritetar har produsert *fatwaer* for å få bukt med aspekt dei ikkje kan akseptere, eller som dei hevdar strid mot islam. Den overnemnde mangelen på noko konkret fasit på korleis ein skal feire, er noko av det som er med på å gje denne feiringa sine mange forskjellige uttrykk verda over. I løpet av den tredje månaden i det islamske året, rabi' al-awwal, feirar millionar av muslimar profetens fødsel på sitt eigne lokale vis, både offentleg og privat. Frå grandiose, statlege feiringar med pomp og prakt, spesialkomponerte songar og eigne diktsjangrar for anledninga, til utstilling av profetens eige hår, utdeling av godteri og almisser – det er kun nokon ytst få

---

<sup>10</sup> Sjølv om det ikkje er noko direkte påbod eller anbefaling om å feire profetens fødsel i Koranen, er det mogleg å ta i bruk diverse sitat for å gje feiringa eit meir tekstleg grunnlag (sjå vedlegg).

av dei mange sidene til *mawlid an-nabi*. Feiringa av profetens fødsel er eit sterkt eksempel på det som vert kalla «levande religion» - i konstant forandring, både internt og i møte med nye kulturar og kontekstar.

Denne delen av oppgåva vil ta for seg historia til *mawlid*-feiringa samt innhaldet og deler av diskusjonen kring denne feiringa. Poenget med denne delen er å gje eit intrykk av dei fyrste og mest kjende historiske feiringane, og innhaldet i desse. Desse tidlege feiringane verkar til ein viss grad å ha danna eit fundament for mange seinare feingarar.

Som eg peika på i innleiinga finnes det ikkje så mykje akademisk litteratur som konsentrerer seg om denne feiringa, verken historisk eller notidig. Sidan det ikkje har lukkast meg å oppdrive særleg mykje historisk materiale om feiringa må eg konsentrere meg om det litle som eg har, noko denne delen ber preg av. Denne mangelen på historiske kjelder vil altså seie at ein ikkje har noko informasjon om for eksempel korleis, eller kva tid, denne feiringa spreia seg austover inn i dei forskjellige delane av Asia. Litteraturen som omhandlar feiringas historie held seg hovudsakleg til kjeldemateriale frå Egypt, Syria, Den arabiske halvøy, Irak og deler av Nord-Afrika.

Kapittel 1.2 tar for seg dei fyrste kjende feiringane av det som kan kallast *mawlid*. Som me skal sjå var ikkje dei fyrste feiringane dedisert kun til profeten. Det var, og er framleis, mange andre som har fått ei *mawlid*-feiring dedisert til seg. Kapittel 1.2 bygg i hovudsak på dei relativt få bøkene som tar opp historia til denne feiringa, enten som eit gjennomgåande tema eller som eige kapittel. Desse er Annemarie Schimmels *And Muhammad is His Messenger* frå 1985, G.E. Von Grunebaums *Muhammadan Festivals* frå 1988, *Muhammad's Birthday Festival* frå 1993 av N.J.G. Kaptein og til slutt *The Birth of the Prophet Muhammad* av Marion Holmes Katz frå 2007. Schimmel, Katz og Grunebaum nemner kun kort opphavet til feiringa, mens Kaptein har dette som hovudtema. Ut frå desse bøkene vil eg forsøke å gje eit tydelig omriss av festivalens tidlege historie, utan å ta for meg heile det enorme persongalleriet, kvar einaste *fatwa* for eller imot, eller alle original-kjeldene. For ein slik gjennomgang kan ein søke opp dei overnemnde verka.

Ein del av dei tidlege feiringane, særleg Muzaffar al-Din Kokburis feiring, vil bli fokusert på av den grunn at den er ein av dei få feiringane ein har detaljerte beskrivingar av. Denne feiringa er også ein av dei mest kjende historisk sett, og vert også nokon

gongar referert til av notidige muslimar for å vise at feiringa for eksempel har ei lang historie, eller at lærde på den tida aksepterte Kokburis feiring.<sup>11</sup> Denne feiringa har altså ein viss relevans når det kjem til moderne argumentasjon kring legitimering av *mawlid*-feiringa. Vidare vil det bli fokusert på feiringas frammarsj i Nord-Afrika, i tillegg til at eg vil dra fram nokre eksempel på nyare feiring.

Kapitel 1.3 fokuserer på innhaldet i sjølve festivalen. Dette handlar altså om kva feiringa består av – musikk, song, poesi, mat, talar og andre ting. Denne delen vil bruke mykje den same litteraturen som kap. 1.2 når det kjem til dei historiske feiringane, og basere seg på dei same historiske hendingane, men med ei fokus på innhald. Framgangsmåten her er lik som i 1.2, med ein del fokus på Kokburis feiring før eg går vidare til andre eksempel. Då deler av innhaldet vert nemna i kapittel 1.2, vil kapittel 1.3 være mindre men handle meir om det konkrete innhaldet. Grunnen til denne organiseringa av kapitela er at eg vil få fram dei forskjellige detaljane kring dei forskjellige tema eg tar opp. Kapittel 1.4 er ei kort oppsummering av dei føregåande delane og ein overgang til del 2.

## 1.2

### *Mawlid og Mawlid an-Nabi - opphav og tidleg spreing*

Nøyaktig kva tid den aller fyrste *mawlid*-feiringa fann stad veit ein ikkje sikkert. Dei fyrste kjende, store offentlege festivalane som vert omtala som *mawlid* verkar å ha funne stad under det ismailittiske shia-muslimske fatimidedynastiet i Egypt (358/969 – 567/1171).<sup>12</sup> I følgje dei få kjeldene som ein kjenner til var *mawlid*-feiringa i denne perioden ein statssponsa festival. «The celebrations obvious function», hevdar Marion Holms Katz, «was simultaneously to exalt the prophet's family and to emphasize the Fatimid imams' status as members and patrons of that lineage. Thus, the birthday of the

---

<sup>11</sup> <http://www.khutbahkaos.com/the-importance-of-the-mawlid.html> og <http://alsunna.org/Celebrating-the-Mawlid.html> er eksempel på dette. Begge besøkt 3.5.12.

<sup>12</sup> Marion Holmes Katz, *The Birth of the Prophet Muhammad*, London 2007: Routledge, s. 1.

reigning imam was celebrated along with those of the Prophet's most important kin».<sup>13</sup> Det kan verke som om festivalen i byrjinga fungerte som ein moglegheit for statsmakta til å legitimere sitt eige styre gjennom offentleg å vise til sin avstamming frå profeten. Det verkar heller ikkje som om denne *mawlid*-festivalen var dedisert til Profeten. Feiringa kunne gjerne være dedisert nokon anna, som for eksempel heilage menn og kvinner, statsoverhovud og sufiar. Også i nokre av dagens muslimske land har ein mange forskjellige *mawlid*-feiringar i varierende størrelse, særleg i Egypt.<sup>14</sup> *Mawlid* betyr ganske enkelt fødsel på arabisk. Profetens fødselsdag, altså *mawlid an-nabi*, byrja nok som ein av mange feiringar bland alle dei andre dedisert til leiarar og andre spesielle personar.<sup>15</sup> «In the sources, then, the *mawlid al-nabi* is always bracketed together with three of five typically Shi'ite festivals» observerar Kaptein, «and must, therefore, itself be regarded as such».<sup>16</sup>

Det verkar altså som at den fyrste *mawlid an-nabi*-feiringa i utgangspunktet var ei shia-muslimsk feiring, arrangert av offisielle autoritetar som noko som inngjekk som ein del av dyrkinga av det ein kallar *ahl al-bayt*, altså Muhammads familie. Denne dyrkinga sto sterkt under heile fatimidedynastiet, og gjer framleis det bland dei forskjellige greinene innafor shia–islam. Slik festivalen tok form under fatimidene, var den openbart med på å legitimere herskaranes autoritet gjennom eit fokus på deira avstamming frå profeten og hans familie. Både embetsmenn og herskar verkar å ha hatt ei viktig rolle i feiringane. Ein kan nok sjå på det som ei statleg sponsa og arrangert feiring.

Då fatimidedynastiet tok slutt i 567/1171 vart Egypt igjen styra av sunniar. Om feiringa tok slutt med fatimidenes fall for så å bli tatt opp igjen, eller om dei var populære nok bland folket til å bli med inn i eit nytt styre, er usikkert.<sup>17</sup> Det ein derimot med sikkerheit veit, er at somme av dei meir prominente sunni-muslimane feira profetens

---

<sup>13</sup> Katz, *The Birth*, s. 1.

<sup>14</sup> Sjå for eksempel Samuli Schielkes Habitus of the authentic, order of the rational: contesting saints' festivals in contemporary Egypt, i: *Critique: Critical Middle Eastern Studies* 12 (2003). Her deltek Schielke i *mawlid*en til ein as-Sayyida Nafisa, ein etterkomar av profeten.

<sup>15</sup> Det er viktig å ha klart for seg at omgrepet *mawlid* i utgangspunktet ikkje alltid er synonymt med feiringa av *profetens* fødselsdag. I tillegg er *mawlid* også ein eigen sjanger av religiøse songar/tekstar som oftast heidrar profetens fødsel.

<sup>16</sup> N.J.G. Kaptein, *Muhammad's Birthday Festival*, Leiden 1993: E.J. Brill, s. 25.

<sup>17</sup> Kaptein presenterer sin eigen teori (s. 28–29) men Katz meiner teorien baserar seg på svake bevis (Katz, *The Birth*, 2007, s. 221, n. 5). Eg stiller meg bak denne kritikken, og er einig i at ein ikkje kan vete dette med sikkerheit.

fødselsdag omkring den tida fatimidene fall.<sup>18</sup> Også den syriske herskaren Nur al-Din med sin læremester Umar al-Malla' skal ha feira profetens *mawlid*. Mange av dei som vart sett på som den akademiske og politiske eliten var følgjarar av al-Malla', og han feira profetens fødselsdag over fleire dagar i strekk.<sup>19</sup> Gjennom kjelder frå dei som var på reise i regionen finn ein også andre beskrivingar av *mawlid an-nabi*, bland anna i Mekka. Katz trekk fram den reisande Ibn Jubayr som besøkte Mekka i 579/1183. Han beskriv bland anna at dyrking av profeten fann stad på den staden profeten skal ha blitt født.<sup>20</sup> I regionen rundt Mosul, der Nur al-Din og Umar al-Malla' holt til, skal *mawlid*-feiringa ha fortsett å blomstre.<sup>21</sup>

Den neste store sunni-feiringa av *mawlid* ein har kjelder til er den som vart feira av Muzaffar al-Din Kokburi på byrjinga av 600-/1200-talet. Det kan være verdt å påpeike at denne feiringa fann stad i byen Irbil, kun 80 kilometer frå Mosul.<sup>22</sup> Frå denne feiringa har ein kjelder til det ein er ganske sikker på er ei augevitneskildring frå historikaren Ibn Khallikan. I følgje Ibn Khallikan var festivalen særst godt kjend i regionen og trakk store folkemengder kvart år, blant anna frå byar som Mosul, Nisabin og Bagdad.

Både Nur al-Din og Muzaffar Kokburi sine feingar var kjende for sin grandiose natur, med enorme mengdene mat og underhaldning. Desse verkar også å være dei tidlegaste vel-dokumenterte sunnittiske *mawlid an-nabi* feiringane ein kjenner til. Gjennom beskrivingar frå augevitne veit ein at festane også trakk menneskje langvegs ifrå. I Ibn Khallikan si skildring får ein vite at ein av deltakarane på Kokburis feiring er den andalusiske poeten og lærde Ibn Dihya.<sup>23</sup> Ein kan tenkje seg at desse *mawlidane* må ha bidrege til ei relativt rask popularisering av feiringa bland sunni-muslimar – både nært og fjernt. Ibn Khallikan beskriv Kokburis feiring slik:

The celebration attracted huge number of people from the surrounding region and involved spectacular outlays of money on the part of its patron. The preparations involved the erection of multi-leveled pavilions for the accommodation of various notables, each of which also featured ensembles of musicians and entertainers. The celebration culminated with a night-time session of mystical audition (*sama'*) and a banquet where both invited guests and masses of the needy were fed.<sup>24</sup>

---

<sup>18</sup> Katz, Marion Holmes *The Birth of the Prophet Muhammad*, London 2007: Routledge, s.1

<sup>19</sup> Katz, *The Birth*, s. 1–2.

<sup>20</sup> Katz, *The Birth*, s. 2.

<sup>21</sup> Katz, *The Birth*, s. 2.

<sup>22</sup> Kaptein, *Muhammad's*, s. 40.

<sup>23</sup> Katz, *The Birth*, s. 2.

<sup>24</sup> Katz, *The Birth*, s. 2.

Ein ser at både *notables*, altså meir prominente borgarar og gjestar, samt «massane» er tilstade. Eit slikt arrangement må ha gjort stort inntrykk på alle som deltok. Ut frå desse tidlege beskrivingane ser ein at *mawlid an-nabi* vart feira i dei store urbane sentera som Kairo og Irbil – på mange måtar ein sjølvfølgje når feiringa var så knytt opp mot leiarar og prinsar. Heilt nøyaktig korleis desse festivalane har spreia seg er usikkert. Men med tanke på dei store menneskjemengdene dei trakk til seg, er det godt mogleg at også andre statsoverhovud hadde vorte inspirert. Truleg var dei også ganske populære bland vanlege folk på grunn av det spektakulære innhaldet i festivalen, som musikk, store mengder mat, veldighet til fattige og moglegheita til å sjå og delta på ein fest med dei som styrte landet. Det er sannsynleg at feiringane hovudsakleg har spreia seg ut frå nettopp desse urbane sentera. Ein veit lite om meir private feiringar bland vanlege folk i hus og heim på denne tida, då ein ikkje har nokon kjelder til dette. Om det faktisk var slike feiringar i det heile er usikkert, men det er ikkje utenkeleg at denne dagen også vart markert i private heimar får forskjelleg vis.

Både Nur al-Din og Kokburis feiring har vore viktig for mykje av vidareføringa av *mawlid an-nabi*. Sannsynlegvis var det andre store feiringar rundt same tid, men grunna dei detaljerte beskrivingane frå historikarar som Ibn Khallikan har desse på mange måtar vert sett på som ein mal for seinare feiring. Av både sunnittiske historikarar og lærde vert desse to betrakta som dei fyrste *mawlid an-nabi*-feiringane – kanskje særleg Kokburis.<sup>25</sup> Som eit eksempel på dette synet kan ein trekke fram den lærde Jalal al-Din al-Suyuti frå Kairo (849/1445–911/1505).<sup>26</sup> Sjølv om denne ideen ikkje er historisk korrekt, som me såg i byrjinga av dette kappitelet oppsto feiringa under dei sjiittiske fatimidene, kom spesielt Kokburis feiring til å skapa eit solid fundament for *mawlid an-nabi* i den muslimske verda.<sup>27</sup> Som me har sett vert Kokburis feiring av profeten trøkke fram som argument for legitimering av *mawlid* bland notidige muslimar.

---

<sup>25</sup> G.E. von Grunebaum, *Muhammadan Festivals*, London 1988: Curzon. s. 73.

<sup>26</sup> Kaptein, *Muhammad's*, s. 49. Kaptein teoretiserer al-Suyuti visst om dei tidlegare *mawlid*-feiringane i fatimidedynastiet, men valte å oversjå desse grunna politiske og religiøse motiv. Grunnen til dette kan ha vert at al-Suyuti ville danne eit bilete av at det var Kokburi, kjend som ein god og rettvis sunnittisk leiar, som held den fyrste feiringa – ikkje dei sjiittiske fatimidene. Sjå side 67–70 for denne teorien.

<sup>27</sup> Kaptein, *Muhammad's*, s. 74.

Den fyrste *mawlid*-feiringa i Marokko fann stad i byen Ceuta den 12. rabi' al-awwal 648/14. juni 1250, under 'azafidene.<sup>28</sup> Som me skal sjå var det bland anna politiske motiv bak innføringa av festivalen. Ceuta var eit viktig handelssentrum i den vestlege delen av Middelhavet. Dei kristne som heldt til der var hovudsakleg kjøpmenn og hadde relativt stor fridom når det kom til å praktisere religionen sin. Det var også stor kristen innflytelse, og militært nærvær, i områda rundt Ceuta – den kristne *reconquista* var på frammarsj. Den lærde Abu l-'Abbas al-Azafi (557/1162–633/1236) såg særns negativt på den kristne innflytelsen samt manglande islamsk identitet – muslimane hadde byrja å ta del i dei kristne festivalane. «They often ask each other about the birthday of Jesus (*milad 'Isa*) [...] and about al-Yannayr, seven days later, and about al-Ansara, the birthday of Yahya [...]. Neither the course of events, nor any companion who offers wise advice stimulates him to ask about the birthday of their prophet, Muhammad [...]».<sup>29</sup> Han såg på desse feiringane som noko av den verste form for *bid'a* som nokon gong hadde vorte introdusert inn i Islam. Abu l-'Abbas al-Azafi starta difor å skrive ei bok, *Durr al-munazzam fi mawlid al-nabi al-mu'azzam*, for å spreie ideen om *mawliden* til profeten Muhammad. Han døyde før boka vart ferdig, men son hans Abu l-Qasim al-'Azafi fullførte verket, og det var han som offisielt introduserte *mawlid an-nabi* til Ceuta då han tok over makta frå sin far den 27. ramadan 647/3. januar 1250. I følgje Kaptein skal *Durr al-munazzam* blitt sendt til kalifen for almohadene, Abu Hafs Umar al-Murtada, som byrja å feire *mawlid* i Marrakech. Kaptein trur vidare at den fyrste feiringa under almohadene kan ha funne stad den 12. rabi' al-awwal 654/9. april 1256.<sup>30</sup> Det politiske aspektet ved *mawlid*-feiring kjem også til syne hos seinare nordafrikanske herskarar. Kaptein meiner å sjå ein tydleg samanheng mellom *mawlid* og politisk stabilitet, og viser til fleire eksempel.<sup>31</sup> Detaljar omkring desse seremoniane og korleis dei fungera for å oppretthalde lojalitet til sultanen vert tatt opp i neste kapittel om innhald og form i *mawlid an-nabi*.

<sup>28</sup> Kaptein, *Muhammad's*, s. 92.

<sup>29</sup> Kaptein, *Muhammad's*, s. 81. Al-yannayr er ein vår-festival, mens al-ansara er den kristne feiringa av Døyparen Johannes på Den iberiske halvøy. Sjå Gøran Larssons *Ibn Garcia's shu'ubiyya Letter: Ethnic and Theological Tensions in Medieval al-Andalus*, Leiden 2003: Brill s. 80–81.

<sup>30</sup> Kaptein, *Muhammad's*, s. 93.

<sup>31</sup> Kaptein, *Muhammad's*, s. 104.



Då Kaptein gjer eit svært detaljert bilete på korleis feiringa spreia seg bland dei forskjellege dynastia i Nord-Afrika er det ikkje naudsynt å gå gjennom all informasjonen her. Generelt kan ein seie at *mawlid an-nabi* fekk eit godt fotfeste i Maghrib etter introduksjonen i Ceuta, og verkar å ha vorte feira av dei fleste etterkommande dynastia i dette området. Som eit eksempel på den viktigheita til denne festivalen etter kvart fekk, kan ein trekke fram ei hending frå 741/1341. Den marinidiske sultanen Abu l-Hasan ‘Ali var i Ceuta og gjorde seg klar for ein militær konfrontasjon med Alfonso XI, og skulle samstundes feire profetens fødsel. Han forventa at nobilitet, dommarar og *faqih*s (ekspertar på islamsk lovgjeving) frå heile riket skulle dukke opp og feire saman med han, men til å begynne med møtte ingen opp. Først rett før *laylat al-mawlid* dukka ein predikant opp. Han fortalde at ingen hadde møtt opp då dei rekna med sultanen ikkje kom til å feire *mawlid* sidan han var i gong med førebuingar til *jihad*. Abu l-Hasan ‘Ali befalte dermed at ingen av dei inviterte skulle få noko form for gåver, *gratifications*, og han let dei få vite at han var misnøgd me deira oppførsel.<sup>32</sup> Frå 700-/1300-talet og utover verkar feiringa å variere litt i popularitet, litt avhengig av kva dynasti som satt med makta. Det verka også å vere avhengig av kva syn dei ledande lærde, *ulama*, hadde på feiringa. Kaptein trekk fram ein ledande *mufti* i Tunisia som forsvarte feiringa, noko som gjorde at den vart godt etablert der mot slutten av 800-/1400-talet.<sup>33</sup> Sjølv om Kaptein kun strekk seg til 900-/1500-talet nemner han likevett ein *mawlid*-seremoni som fann stad under Sultan Ahmad al-Mansur i år 1010/1601.<sup>34</sup> Historisk er dette det seinaste eksempelet på feiringar i Kapteins bok.

Sidan Kaptein verkar å vere den einaste akademiske autoriteten på feiringas historie, gjer dette at det oppstår eit hol i denne historia, som allereie er ganske geografisk avgrensa. Marion Holmes Katz gjer oss ein del informasjon om feiringa frå slutten på 1700-talet og fram til midten av 1900-talet, men dette er hovudsakleg gjennom små drypp i eit kapittel som handlar om kritikken av feiringane. *Mawlid un-nabi* verkar å ha blitt ein vanleg del av religiøst liv på denne tida: «In the eighteenth and nineteenth century CE, the celebration of the Prophet’s birthday and the recitation of *mawlid* texts were

---

<sup>32</sup> Kaptein, *Muhammad’s*, s. 105–106.

<sup>33</sup> Kaptein, *Muhammad’s*, s. 165.

<sup>34</sup> Sjø s. 121 i Kaptein, *Muhammad’s*, for dette eksempelet.

ubiquitous practices endorsed by the majority of mainstream Sunni scholars».<sup>35</sup> Det politiske aspektet ved feiringane ser også ut til å ha vert tydleg tilstade. Store, statlege feiringar vaks fram, og desse var sponsa av både religiøse og politiske aktørar. Sjølv om *mawlid* verkar å ha vert ein generelt akseptert del av islam i dei områda Katz konsentrerer seg om (Egypt, Syria og Den arabiske halvøy), fekk feiringane nye utfordringar med wahhabismen som vaks fram mot slutten av 1700-talet. Wahhabismen si puritanske tolking av islam stiller seg kritisk til besøk av graver og mange av dei sufistiske aspekta ein kan finne i andre tolkingar av islam. Denne strenge tolkinga opnar då naturlegvis ikkje for feiringa av profetens fødselsdag, som vart sett på som ein umoralsk innovasjon som dei meina tidvis kunne bryte med islams monoteisme.<sup>36</sup> På tross av denne kritikken var *mawlid* ein sentral del av det religiøse livet på slutten av 1800-talet. Som bevis på dette trekk Katz inn den Nederlandske orientlisten Snouck Hurgjonje sine beskrivingar frå Mekka i 1884–1885.<sup>37</sup> Som Katz påpeika var feiringa eit vanleg innslag på 1700-talet og utover, og kritikarane verkar å ha vore i eit mindretal. Ein lyt også hugse på at forholdet mellom dei som feira og dei som kritiserer ikkje var, eller i dag er, svart-kvitt. Mykje kritikk mot feiringa kjem også frå folk som ikkje avviser feiringa totalt, men som meiner at deler av den, altså innhaldet, går i mot islamsk lov. Eit eksempel på dette er den lærde Rashid Rida (1865–1935). Rida hadde ingen problem med at det vart fortald historier om profeten i anledning hans fødsel, såkalla *mawlid*-tekstar, men meina at ein del av desse var upassande og falske. Hans løysing var å sjølv komponere ein tekst om profeten, og denne vart teken i bruk i staden for den tradisjonelle teksten i den statlege feiringa i Egypt i 1916.<sup>38</sup>

Den neste feiringa det har lukkast meg å finne detaljerte beskrivingar av er frå Kairo, ein plass *mawlid*-feiringar alltid verkar å ha stått sterkt – både for profeten og andre. Beskrivinga kjem frå den britiske orientlisten Edward William Lane, og den baserar seg på hans forskjellige opphald i Kairo frå 1825 til 1835. Lane gjer ei lengre beskriving som eg ikkje kan reprodusere her. Beskrivinga hans viser korleis feiringa satt sitt preg på store deler av Kairo, der gatene var fulle av både religiøs og sekulær underhaldning gjennom

---

<sup>35</sup> Katz, *The Birth*, s. 169

<sup>36</sup> Katz, *The Birth*, s. 171.

<sup>37</sup> Katz, *The Birth*, s. 171–172.

<sup>38</sup> Katz, *The Birth*, s. 177.

fleire dagar og netter. Det religiøse aspektet som verkar særleg sentralt i Lane si beskriving er *zīkr*, påminning om Gud.<sup>39</sup> Det går også tydeleg fram at sufismen hadde ei sentral rolle i feiringane, i alle fall dei delane Lane observerte. Etter delen om *zīkr* fokuserer Lane på eit ritual der ein sufi-sjeik på hest rir over sine tilhengjarar som ligg på bakken.<sup>40</sup> Lane sine beskrivingar er utan nokon form for statleg innslag, og det verkar som om Lane kun har observert ein liten del av feiringa. Ein anna ting ein legg merke til i hans beskriving er mengda av det som kan kallast sekulær underhalding, som for eksempel eventyr-forteljarar, gate-magikarar og sjonglørar. Det er også interessant å sjå, i følgje Lane, at enkelte praksisar nyleg hadde vorte forbodne – eting av levande slangar og skorpionar, samt magedansarar var ikkje lenger ein del av feiringane.<sup>41</sup> Den finske sosiologen Edward Westermarck har òg nokre beskrivingar av denne feiringa frå Marokko tidleg på 1900-talet. Westermarck konsentrerer seg hovudsakleg om berberstammer, og her verkar det som om store deler av feiringa sentrerer seg rundt store fellesmåltid.<sup>42</sup>

Gjennom eit tips frå ein av mine informantar ute i felten, kom eg over eit særst interessant eksempel frå *mawlid*-feiringas historie. Ei digitalisert samling av avis-artiklar frå 1900 viser at profetens fødselsdag var feira «som vanleg» bland britiske muslimar i Liverpool.<sup>43</sup> Det verkar som feiringa i hovudsak vart arrangert at det osmanske konsulatet i Liverpool. Dette er med andre ord ein unik referanse til feiringas historie utanfor den muslimske verda. Gjennom feltarbeid i 1968–1969 undersøka Abdul Hamid el-Zein bland anna *mawlid*-feiringar på øya Lamu i Kenya. Sjølv om el-Zein sin studie hovudsakleg er ein strukturell analyse av religiøs symbolisme, omtalar han *mawlid*, eller *maulidi* som det heiter på swahili, som «[o]ne of the most important rituals in Lamu, and indeed in all of East-Africa».<sup>44</sup> Ein ser også at feiringas historie er ukjend – også i Lamu: «We do not know for sure how or when that celebration was first introduced to Lamu».<sup>45</sup>

---

<sup>39</sup> Edward W. Lane, *An Account of the Manners and Customs of the Modern Egyptians*, vol. 2, London 1836: Charles Knight and Co., s. 210–220. Denne delen beskriv særleg *zīkr*-innslaget.

<sup>40</sup> Edward W. Lane, *An Account*, s. 221–225.

<sup>41</sup> Edward W. Lane, *An Account*, s. 209 og 226–227.

<sup>42</sup> Edward Westermarck, *Ritual and Belief in Morocco*, vol. 2, London 1926: Macmillan and Co., s. 86–89.

<sup>43</sup> [http://www.masud.co.uk/ISLAM/bmh/BMH-Mawlid\\_in\\_Liverpool.htm](http://www.masud.co.uk/ISLAM/bmh/BMH-Mawlid_in_Liverpool.htm) Besøkt 7.5.12.

<sup>44</sup> Abdul H. el-Zein, *The Sacred Meadows*, Evanston, IL, 1974: Northwestern University Press, s. 40.

<sup>45</sup> Abdul H. el-Zein, *The Sacred Meadows*, s. 40.

For å få eit visst inntrykk av feiringane i samtida, kan Internettet vere ein god plass å leite. Gjennom Internett har ein unike moglegheiter til å sjå med egne auge *mawlid*-feiringar verda over. Eit eksempel her er Youtube, der ein kan finne ei mengde videoklipp av, for og mot feiringa. Brukaren «Muhafiz e Ahle Sunnat» har bland anna ein eigen serie med videoar kalla *Mawlid Round the World*, der ein kan sjå klipp frå *mawlid*-feiringar frå store deler av verda.<sup>46</sup> Her er klipp frå Japan, Yemen, Noreg, Sudan, Spania, Bulgaria, Gambia og Tunisia for å nemne nokre få av dei om lag 70 klippa. Feiringa vert også nemnd i notidige avis-artiklar, oftast om det er noko form for statsoverhovud tilstade. Eksempel finn ein frå bland anna Marokko og Pakistan,<sup>47</sup> der ein kan sjå at begge land brukar profetens fødselsdag til å gje enkelte fangar ein straffe-reduksjon. Kongen av Marokko, Muhammad VI, deltok på feiringa i Rabat i 2010, og her vart det dela ut prisar for utmerka prestasjonar innafor *fiqh* og koranresitasjon. Artikkelen gjer eit interessant bilete av personane tilstade: «The ceremony was attended notably by the Prime Minister, the Speaker of the house of Representatives, Speaker of the House of advisors, HM the King's advisors, cabinet members and other diplomatic, civilian and military figures».<sup>48</sup> Ein kan altså sjå at denne *mawlid*-feiringa samla ganske mykje politisk makt – eit fenomen som kunne vert interessant å undersøke grundigare.

Men verken Youtube-klipp eller avisartiklar gjer oss eit heilskapleg og grundig bilete av feiringane slik dei føregår i dag. Dette vert oppgåva til antropologar og religionsvitarar som kan utføre feltarbeid bland utøvarane, og som har ei god forståing for levande religiøse tradisjonar.

---

<sup>46</sup> <http://www.youtube.com/playlist?list=PL18CE9829C483BF60&feature=plcp> Besøkt 7.5.12.

<sup>47</sup> <http://moroccotomorrow.org/2012/02/05/hm-the-king-pardons-458-convicts-on-eid-al-mawlid-ennabaoui/> <http://pakistan.onepakistan.com/news/pakistan/46610-president-grants-special-remission-in-sentences-on-eid-milad-un-nabi.html> Begge besøkt 7.5.12.

<sup>48</sup> <http://www.map.ma/en/activites-royales/hm-king-mohammed-vi-chairs-religious-ceremony-eid-al-mawlid>

Besøkt 7.5.12.

## 1.3

### Feiringas Innhald

Innhaldet i *mawlid*-feiringa har vore delvis nemna i det føregåande kapittelet. I denne delen skal eg sjå enda nærare på dei forskjellige praksisane som vert inkludert i feiringa. Dette inkluderer både gamle og nyare beskrivingar av festen frå forskjellige plassar. Beskrivinga av viktigheita og betydinga av dei forskjellige *mawlid*-festane, inkludert *mawlid an-nabi*, under fatimidene har me allereie sett. Difor går eg vidare med beskrivingar frå augevitne til det som ofte reknast som ein av dei fyrste sunnittiske *mawlid*-feiringane, Muzaffar al-Din Kokburis feiring i Irbil. Ibn Khallikan meina at denne feiringa overgikk alle forsøk på beskriving, men prøver likevett å gje eit omriss av innhaldet:

[...] an immense multitude of jurisconsults, Sufis, preachers, Koranreaders, and poets arrived there, at the same time, from Baghdad, Mosul, Mesopotamia, Sinjar, Nasibin, Persian Iraq, and all the other places in the vicinity. [...] pavilions were decorated in a most splendid manner; a choir of singers, a band of musicians, and a troop of exhibitors of Chinese shadows were established in each; not a story being left without a company of these artists. During the whole period all business remained suspended, and the sole occupation of the people was to amuse themselves and walk from one band to another. [...] every day, after the 'asr [afternoon] prayer, Muzaffar ad-Din went forth and stopped at each pavilion successively; listening to the music, and amusing himself with looking at the Chinese shadows or whatever else might be going on. [...] till the eve of the anniversary, and this he celebrated, one year on the eighth day of the month, and the next on the twelfth, in consequence of the different opinions held respecting the true date.<sup>49</sup>

Sjølv om det er tydeleg at mykje av denne beskrivinga senterar seg rundt det prinsen gjer og tar del i, er det openbart at mykje av den underhaldninga som vart presentert ikkje kun var til for han. Ibn Khallikan beskriv vidare enorme mengder av kamelar, oksar og sauer som vert slakta og koka i store gryter. På sjølve bursdags-kvelden, *laylat al-mawlid*, var det også ein slags prosesjon som inkluderte mengder av stearinlys i varierende størrelse. Militæret var også tilstade, og prisen skal ha inspisert sine styrker mens tilskodarar og forkynnarar såg på. Det er også interessant så merkje seg at Kokburi feira på forskjellige datoar frå år til år, grunna usemja kring denne detaljen. Ibn Khallikan fortsett:

When the soldiers had all defiled successively, a repast was brought into the hippodrome for the poor; a public repast, consisting of an immense quantity of meat and bread. Another repast was prepared in the convent for the people who had attended the preaching. Whilst the troops were defiling and the preachers exhorting, he sent for all the chiefs and eminent men, and for the doctors, preachers,

---

<sup>49</sup> von Grunebaum, *Muhammadan*, s.73–74.

Koranreaders, and poets, who had come from the neighboring countries to witness the solemnity; each of these persons was separately introduced and clothed in a pelisse, after which he returned to his place. When all had been presented, the repast was brought in, and a portion of it was sent to the house of such of the company, as were judged worthy of the honor.<sup>50</sup>

Kva kan ein lese ut frå dette, med tanke på innhaldet og forma kring feiringane? At det var ei enorm og dyr feiring er openbart. Underhalding i form av musikk, song, lys og pynt verkar også å være ein sentral del av arrangementet. Kommersiell aktivitet gjekk i dvale for anledninga, og innbyggjarar og gjester konsentrerte seg hovudsakleg på å nyte feiringa. Men minst like viktig var nok dei meir prominente gjestene frå inn- og utland. Poetar, sufiar, lækjarar, leiarar og koranlesarar var bland nokre av dei som ein etter ein vart introdusert og kledd i eit stykke tøy. Feiringane, som varte i fleire dagar, må ha bydd på gode moglegheiter for å knytte alliansar og band mellom dei forskjellige eminente personane og herskaren. Med det militære innslaget får også feiringane eit ganske sterkt politisk preg. Ein ser også at dei fattige får sin mat servert i hippodromen i det Khallikan kallar eit offentleg ete-gilde, i motsetting til den andre maten som vart sett fram inne i sufiane sitt samlingslokale. Her var dei prominente gjestene samla, saman med Kokburi sjølv.<sup>51</sup>

I ein av sine *fatwaer* omhandlande *mawlid* viser også den kjende lærde Jalal al-Din al-Suyuti til Kokburis feiring. *Fatwaen* er ikkje datert men ein veit at Suyuti publiserte sine *fatwaer* mellom 871/1467 og 891/1486.<sup>52</sup> Dei er altså mykje seinare enn Kokburis *mawlid*-feiring på 600-/1200-talet, og dette viser korleis Kokburis feiring har sett seine spor i deler av den muslimske verda. Suyuti siterar også ein Sibt ibn al-Jawazi som igjen har fått detaljane frå ein person som ikkje er namngjeven, men som var tilstade under *ei av desse* feiringane. Det er altså ikkje sikkert at det er snakk om nøyaktig den same feiringa beskrivi av Ibn Khallikan. Men som me har sett feira Kokburi kvart år, riktig nok på forskjellige datoar. Beskrivingane liknar på dei frå Ibn Khallikan men tilbyr også nokre andre detaljar. Til festmåltidet skal Kokburi ha bestilla 5.000 steikte sauer, 10.000 kyllingar, 100 hestar, 100.000 tallerkenar og 30.000 plater med *sweetmeats*, altså snop eller konfekt. Han fortel vidare: «The eminent 'ulama' and Sufis, to whom he presented robes of honour and gifts, used to attend the celebration of the mawlid. From the

---

<sup>50</sup> von Grunebaum, *Muhammadan*, s. 75.

<sup>51</sup> von Grunebaum, *Muhammadan*, s. 75.

<sup>52</sup> Kaptein, *Muhammad's*, s. 49.

afternoon until dawn he ordered a concert (*sama*) to be given for the Sufis, during which he danced personally with them». <sup>53</sup> Igjen ser ein dei eminente gjestane bli sett pris på gjennom gåver og utdelinga av «æres-kapper». Sufiane verkar og å ha ei viktig rolle i desse seremoniane. Det er interessant å sjå at Kokburi personleg dansa saman med dei. al-Suyuti tar også opp ei av dei røystene som still seg særskild kritisk til *mawlid*-feiringa, nemleg Shaykh Taj al-Din ibn ‘Umar ‘Ali al-Lakhmi al-Iskandari. Han stiller seg negativ til feiringa, og gjennom hans argument avslører han noko av innhaldet rundt feiringa:

[...] singing – with full bellies – accompanied by instruments of idleness like drums and reed flutes, with the meeting of men with young boys and male persons with attractive women – either mixing with them or guarding them - , just like dancing by swinging and swaying, wallowing in lust and forgetting of the Day of Doom. And like the women, when they come together and there lend their high voices during the reciting with sighing and singing [...]. <sup>54</sup>

På same måte viser al-Suyuti til argumenta imamen Abu ‘Abd Allah ibn al-Hajj (d. 737/1336), også her kan ein få nokre glimt av kva som føregjekk på enkelte *mawlid*-feiringar:

If they only restricted themselves to organizing a performance by singers! But no! Some of them think that they know how it should be. Thus the *mawlid* starts with a recitation of the Revered Book, while they are in reality longing for the most skilled adepts of folly and stimulating means to entertain the people. This is perverse for more than one reason. They do not limit themselves to the mere mention of such things, however, but some of them add another danger to this, namely that the singer is a boy of charming posture and beautiful voice, clothes and appearance. He then sings love songs (*al-taghazzul*) with agitated voice and movements of the body, through which some of the men and women present become impassioned and temptation (*fitna*) between these two groups is roused, which leads to unlimited infamies. <sup>55</sup>

Den ekstravagante naturen til desse feiringane, samt viktigheita av gjester og gåver til desse, kjenner me allereie til. Men i dei overnemnde eksempela kan ein også sjå at både kvinner og menn deltok fritt. Kvinner verka også å ha deltatt aktivt gjennom song og dans – til forarging bland dei meir konservative lærde. Gjennom dei unge gutane som syng kjærleiks-songar kan ein sjå at feiringa også tiltrekk seg det ein kan sjå på som meir sekulær underhaldning. Sjølv om feiringa byrjar med Koran-resitering, er det underhaldninga folk eigentleg lengtar etter – i alle fall om me skal tru Abu ‘Abd Allah ibn al-Hajj. Grunna desse protestane frå somme lærde vel eg å tru at meir verdsleg underhaldning sannsynlegvis var populært bland lekmenn og -kvinner, og at dette har vert med på å bidra til feiringane sin popularitet – men også til kritikken av den. Det er

---

<sup>53</sup> Kaptein, *Muhammad's*, s. 50.

<sup>54</sup> Kaptein, *Muhammad's*, s. 53.

<sup>55</sup> Kaptein, *Muhammad's*, s. 61.

nettopp slikt innhald nokre av dei lærde var, og framleis er, kritiske til. Ein har eksempel på dei som er negative til heila feiringa, men mesteparten av kritikken går på ulike delar av innhaldet.

Som me skal sjå er det både likskapar og ulikskapar mellom desse og seinare *mawlid*-feiringar når det kjem til innhald. Det som verkar å gå igjen er festmåltida, song og poesi. Det er ikkje spesifisert kva songar som var sunge i Kokburis *mawlid*-feiring, men ein veit at etter kvart vart det utvikla ein eigen sjanger som i hovudsak vart teken i bruk nettopp under feiringa av *mawlid an-nabi*. Dette er det ein kan kalle *mawlid*-narrativ – forskjellige historier om profetens fødsel, barndom og nokre gongar vaksenliv. Desse historiene verkar å ha vore ein viktig del av innhaldet. Sidan Katz bok er delvis dedisert til opphavet og utviklinga av desse, kjem eg ikkje til å gå inn på dei her.<sup>56</sup>

Før dei neste eksempla vil eg trekke fram Kapteins konklusjonar kring innhaldet i desse tidlege *mawlid*-feiringane. Han peikar på at mangelen på kjelder gjer det umogleg å spore utviklinga av seremonien – altså innhaldet i feiringa. Dei kjeldene ein har, meina Kaptein, viser at *mawliden* vart feira forskjellig på forskjellige stader. Likevill peikar han på tre ting han meiner karakteriserte seremonien generelt: «a) One element that was part of almost every celebration was a festive occasion on which guests were received and poetry was recited; b) the festival was celebrated by rulers, Sufis and the people; c) the date of the mawlid was not uniform: the festival always took place in the month Rabi' I, but the exact date differed from one celebration to another».<sup>57</sup> Eg er einig i Kapteins oppsummering av dei tidlege feiringane, men saknar det felles måltidet som ein del av lista hans. Om måltidet, eller banketten, ikkje var tilstade på alle feiringar er i alle fall mitt inntrykk at det var eit sentralt aspekt i mange av dei feiringane ein har kjelder til. Fleire av Kapteins eksempel viser også til at *mawliden* ofte innhald ein bankett. Ein muslimsk helgen ved namn Abu Marwan al-Yuhanisi som slo seg ned i Ceuta, feira med «a banquet [...] for the *laylat al-mawlid*, consisting of honey and cakes. At night a *sama* and ecstatic dance took place [...]».<sup>58</sup> Ei seinare feiring under den marinidiske sultanen Abu l-Hassan 'Ali (731/1331–752/1351), inkluderer også ein bankett: «Prior to the

---

<sup>56</sup> Katz, *The Birth*. Særleg kapittel 1 går inn på desse historiene, men dei får også mykje fokus gjennom resten av verket.

<sup>57</sup> Kaptein, *Muhammad's*, s. 42.

<sup>58</sup> Kaptein, *Muhammad's*, s. 95.



mawlid celebration all sorts of delicacies and perfumes were prepared [...]. When everyone was seated at the place designated for him, the banquet was served. The rank of the guests was again taken into account with the serving of the food. After the main meal fresh fruit, dried fruit, cakes, delicacies and, finally, sweetmeats were served».<sup>59</sup> Etter dette følgde koranresitasjon, song og dikt om profetens mirakel, før det igjen vart servert eit måltid.

I dei eksempla Kaptein legg fram om *mawlidens* utvikling i Maghrib, verkar det som om mykje av innhaldet som er beskrivi overfor går igjen, til ein viss grad uavhengig av kva dynasti som sitt med makta. Beskrivinga av Abu l-Hassan ‘Ali si feiring er i mine auge eit ganske representativt eksempel på innhaldet i feiringane, i alle fall i Nord-Afrika. Innhald som ikkje går igjen like ofte som mat og resitasjonar er bland anna prosesjonar, laging og utdeling av lys, dikt-konkurransar, *zīkr*, og omfattande pynting. Sjølv om mykje av innhaldet er av ein religiøs karakter, er det òg ein del innhald som heilt enkelt kan sjåast på som underhaldning. Det er denne underhaldninga, ofte av ein sekulær natur, som motstandarar av feiringa er kritiske til, slik ein såg i eksempla med al-Iskandari og Abu al-Hajj ovanfor. Sjølv om det ikkje kjem veldig tydeleg fram gjennom Kaptein si bok, vil eg likevill heve at *mawlid*-feringa opp gjennom historia ofte har hatt innhald som ikkje er direkte religiøst, noko som for eksempel kjem tydeleg fram frå beskrivingane frå Kokburis feiring. Ikkje alt som skjer under *mawlid* verkar å ha ei djupare religiøs meining, og ein må hugse på at feiringa av profetens fødselsdag er nettopp ei feiring. Frå dei feiringane ein har augevitneskildringar, som frå Kokburis *mawlid*, kjem dette innhaldet tydelegare fram enn frå for eksempel *fatwaer* kring feiringas legitimitet.

Om ein går lenger fram i tid til meir detaljerte beskrivingar, for eksempel frå Edward W. Lane som vart beskrivi i kapittel 1.2, ser ein korleis *mawlid*-feringa pregar Kairo. Feiringa beskrivi av Lane inneheld ein del typiske religiøse aspekt som *zīkr*, men også heile gater som er pynta med lys og lysekroner. Lane si beskriving får *mawliden* til å verke som ein «gatefest» der feiringa og sjølve byen har ein gjensidig påverknad på kvarandre når det kjem til innhald. Det er altså ikkje så lett å skilje mellom innhaldet i feiringa slik den var i Kairo på byrjinga av 1800-talet, og alle dei andre religiøse og sekulære innslaga som var ein del av metropolen året rundt. Dette er ikkje ein kritikk mot

---

<sup>59</sup> Kaptein, *Muhammad's*, s. 104.

Lane si beskriving av feiringa, men snarare, etter mi meining, ein indikasjon på *mawlid*ens flytande og til tider kaotiske natur. Westermarck si beskriving er kortare, og beskriv ingen fullstending seremoni. Ein interessant detalj kring innhaldet kjem likevel fram. I følgje Westermarck vart al-Busiri sitt kjende dikt, al-Burda, resitert i mange av moskeane kvar kveld frå byrjinga av rabi' al-awwal til den tolvte, som er datoen for hovudfeiringa.<sup>60</sup> Slike poetiske narrativ om profetens fødsel ser ut til å ha vert ein sentral del av feiringane, men i dei gamle kjeldene Kaptein presenterer går det ikkje tydleg fram nøyaktig kva dikt som vert resitert. Heldigvis vert dei oftare nemna i nyare beskrivingar.

Ei slik beskriving, som også nemner det spesifikke *mawlid*-diktet bruka, får ein frå Joseph Schacht som gjorde feltarbeid i Uganda i 1963. Dette er ei god og detaljert beskriving av feiringa, som fortener å bli tatt med i sin heilskap:

I have already mentioned a protest against the extended celebration of the *mawlid* of the Prophet in Uganda. This practice is common to the whole of East Africa, and it extends, at least, over the whole of the month of Rabi' I. The main celebrations, at least in Zanzibar in 1963, were sponsored by political parties. In the little village of Chwaka they consisted of a social meeting with coffee and sweets, and the evening meal, before the evening prayer which was followed by the recitation of the *mawlid* poem of Barzanji; the Shafi' *qadi* of Zanzibar was present at this meeting. In the big cities, such as Zanzibar Town, or Dar es Salaam or Mombasa for that matter, the main celebrations consisted of a procession, in which women took part, through the streets of the town on the eve of the 12th Rabi' I, and a long session after nightfall during which *khulbas* in Arabic and in Swahili were pronounced, passages from the Koran recited, and the *mawlid* poem of Barzanji declaimed or sung in sections, by individuals or groups (children's choirs and others). Other popular divertissements followed, until an advanced hour of the night. All this later part of the celebration, including the recital of the *mawlid* of Barzanji, shocked an Egyptian graduate of al-Azhar and of the *Dar al-'Ulum* in Cairo, who was in Zanzibar on a teaching appointment, as un-Islamic.<sup>61</sup>

Det er al-Barzanji, ein lærd mann født i Media på 1700-talet, som er forfattern til diktet som vart resitert i både Chwaka og Zanzibar. al-Barzanji sitt dikt er i følgje Katz «one of the texts most widely performed and revered in many parts of the Islamic world».<sup>62</sup> Forutan om dette diktet ser ein likskapar i innhaldet beskrivi av Schacht og dei eksempla eg har trokke fram overfor. Feringa er offentlig og vert sponsa av politiske parti, det er forskjellige måltid, religiøs autoritet er tilstade gjennom Shafi' *qadi*en, prosesjonar, seremoniar, koranresitasjon, song og det Schacht kallar «populær underhaldning». At den al-Azhar-utdanna egyptaren vart sjokkert over underhaldninga og al-Barzanji diktet, er

---

<sup>60</sup> Westermarck, *Ritual and Belief*, s. 87.

<sup>61</sup> Joseph Schacht, Notes on Islam in East Africa, i *Studia Islamica* 23 (1965) s. 91–136.

<sup>62</sup> Katz, *The Birth*, s. 81. Katz meiner at mange ikkje-kanoniske dikt var så populære at dei gjennomsyra mykje av den seinare diktinga til poetar som nettopp al-Barzanji, sjå s. 61 og 169.

ikkje eit sjokk. At nokon ser på enkelte praksisar ved *mawlid* som uislamske, meiner eg er eit typisk resultat av feiringas ikkje-kanoniske grunnlag. Sidan feiringa ikkje er ei kanonisk feiring, er det store forskjellar i innhaldet frå land til land. Kva som vert sett på som god praksis eller syndig varierer også alt etter kva lærde eller *fatwaer* ein vel å støtte seg på. For eksempel kan musikk, eller enkelte dikt, vere ein del av *mawlid* for enkelte, mens andre meiner dette er *haram*. Men mitt inntrykk er at det til ein viss grad er ei «kjerne» av innhald som går igjen. Denne kjernen består etter mi meining av koranresitasjon, diverse typar dikt og andre narrativ om profeten, felles måltid, og til ein viss grad sufistiske innslag som *zikr* og *sama*'. Innhald som fell utanfor kjernen kan vere både religiøst og sekulært, og det er ofte forskjellig alt etter kva retning muslimar ein studerer og kvar i verden ein er.

## 1.4

### Oppsummering

Gjennom dei to føregåande kapitla kan ein danne seg eit generelt overblikk over korleis *mawlid an-nabi*-feiringa oppsto og kva innhaldet var i eldre tid. Men store deler av dei eldre eksempla er geografisk avgrensa til deler av Midtausten og Nord-Afrika, noko som gjer at feiringas historie, og innhald, i andre muslimske land er ukjend. Likevell kan ein peike på enkelte element som verkar å ha vert sentrale i feiringane. Desse tidlege feiringane sentrerte seg mykje rundt sultanen og dei prominente gjestane som vart invitert. *Mawlid* verkar å ha hatt ein del politiske dimensjonar, og kan ha blitt aktivt bruka til å sentralisere makta hos sultanen. Sufismen sitt preg på feiringa er også tydeleg då mange av eksempla inkluderer *sama*', og mange av gjestene er kjende sufiar. Ser ein på innhaldet er det openbart at det varierer, men måltid, koranresitasjon, poesi, song og gjester er det som går igjen oftast. Innhaldet er også det som er mest utsett for kritikk, og det er ofte gjennom kritikarar ein får glimt av kva somme feingar innehald. Sjølv om kritikarane kanskje overdriv ser eg ikkje bort får at under nokon feingar har for eksempel blanda kjønna.

Sjølv om ein veit litt om denne feiringa, manglar fortsatt eit djupare studie der ein kan følgje feiringa frå byrjing til slutt. Kanskje får ein aldri vete meir om desse tideleg feiringane – skal ein få eit meir heilskapleg bilete må ein fokusere på dei notidige feiringane som føregår verda over kvart år. Men korleis utartar eigentleg ei slik *mawlid an-nabi*-feiring seg? Det er det spørsmålet eg vil gje eit svar på i del 2.



## DEL 2

### Feltarbeidet

#### 2.1.

##### Introduksjon

Eg innleier denne delen med nokre refleksjonar rundt feltarbeidet som metode (i kapittel 2.2), men eg vil ikkje gå særleg inn dei heilt grunnleggjande elementa. Poenget er å fokusere på og reflektere kring dei utfordringane eg støyte på ute i felten, og korleis dei vart løyste. Mellom anna vil eg sjå på kva framgangsmåte eg hadde då eg tok kontakt med informantar og generelt beskrive måten eg valde å intervju dei på, og diskutere kven som er representert, og kven som ikkje er det. Kva kan ein oppnå med feltarbeid som ein ikkje kan med andre metodar? Kvifor valde eg denne metoden? Kven kan eigentleg representere andre? Ei kort beskriving av dei etniske gruppene som var representert på feiringane er også inkludert.

Før eg beskriver feiringane, er det på sin plass å gje ein kort presentasjon av den gruppa muslimar, Ahl us-Sunnah wal-Jamaa'ah, som eg møtte ute i felten. Dette vert ei ganske kort beskriving der eg trekkjer fram nokre av dei viktigaste forskjellane frå andre retningar innafor islam. Hovudsakleg vil eg trekke fram aspekt som kan ha relevans for *milad un-nabi*, som for eksempel Ahl us-Sunnah sin karakteristiske profetologi. Også koplinga mellom Ahl us-Sunnah og sufismen vil bli kort belyst (i kapittel 2.2.1). Eg vil også trekke inn små deler av intervju der informantane beskriv si eiga retning eller forklarar aspekt som er sentrale for Ahl us-Sunnah. Sidan dette kapittelet har som hovudmål å kort klargjere nokre av dei spesielle teologiske aspekta til Ahl us-Sunnah, prioriterer eg ikkje historia til denne retninga.

I denne delen skal eg også presentere feltarbeidet og dei data eg samla inn under *milad un-nabi*-feiringa i Manchester og London (i kapitel 2.3). Eg har prøvd å gjere beskrivingane mest mogeleg levande. Fokuset er naturlegvis på *milad un-nabi*, men også

andre små detaljar vil bli tekne med, som for eksempel besøket hos sjeiken, og dei to fredagsbønene eg observerte og nokre andre fenomen (som politiske aspekt og *na't*). Eg gjer dette for å gje informasjon om konteksten til feiringane. Sidan det ikkje har vorte gjort liknande forskning med same fokus som det eg har, meiner eg at slike beskrivingar eg viktige å få med. Eg vil også supplere teksten med nokre bilete, noko som er naturleg om ein prøver å danne seg ein oppfatning av ein levande tradisjon. Målet med dette prosjektet er ikkje ei inngåande samanlikning mellom feiringa i dei to byane. Det var på mange måtar den same gruppa som feira begge stader, og den største forskjellen låg i at feiringa i Manchester var mindre en den i London.

I gjennom heile beskrivinga av feiringa trekkjer eg inn intervjuet eg har hatt med dei forskjellige informantane, og prøver å veve dei inn i beskrivinga. Eg vil kommentere og peike ut poeng i intervjuet som er interessante i forhold til tema i prosjektet. Når eit intervjusegment er ferdig kommentert vil teksten igjen returnere til beskrivinga av feiringa. Då eg prøver å presentere ein levande religion, meiner eg det naturleg å trekkje inn store porsjonar med intervjumateriale, trass i at intervjusegmenta nokre gongar vil omtale meir enn eit tema. Når eg for eksempel trekkjer inn eit intervju som handlar om prosesjonen, vil eg i tillegg ta med mykje av informantens resonnement og synspunkt for å skape nærleik til informantane og vise korleis dei sjølv ordla seg i intervjuet. Eg stoppar difor ikkje informantane midt i ein tanke eller eit resonnement. Å gje rom for utøvarane sine eigne ord er særskild viktig i eit forskingsprosjekt som dette fordi det gjev lesaren direkte kontakt med informantane. Det handlar derfor om representasjonen av dei menneska eg har møtt. Deler av denne framgangsmåten har blitt inspirert av den kritikken Daniel Varisco rettar mot Clifford Geertz si bok *Islam Observed*. Varisco meiner at Geertz sitt verk manglar kontakt med dei levande menneska han observerte, og påpeikar at «we never actually hear the words, even through the anthropologist's representation, of the Muslims he obviously spoke with».<sup>63</sup>

Mine eigne ord vil sjølvsagt også vere tilstade gjennom kommentarar og refleksjonar kring dei forskjellige informantane sine synspunkt og tankar. Opplevinga av feiringa er også ut frå mitt perspektiv, med mine ord. I teksten vil eg tydeleg vise kva som er intervjuet gjennom å ta i bruk ein anna font på desse. Mitt syn er at dette skapar meir orden

---

<sup>63</sup> Daniel Varisco, *Islam Observed*, New York 2005: Palgrave Macmillan, s 47.

og oversikt i teksten, og ein får kanskje ikkje følelsen av at det heile er ein «vegg av tekst», noko som igjen er meir innbydande for lesarar. Det eg vil forsøke på, er å fortelje ei ubrotten historie om korleis *milad un-nabi* vert feira av ei gruppe muslimar i to byar i dagens england. Etter del 2 kjem ei avsluttande oppsummering, som vil avslutte prosjektet og består av mine eigne tankar og analysar. Her vil eg gå gjennom det eg har lært om den samtidige feiringa av *milad* gjennom mitt feltarbeid i London og Manchester.

## 2.2.

### **Feltarbeid – refleksjonar kring utfordringar, framgangsmåtar og makt**

Om ein skal studere ein levande religion, med fokus på ei offentleg feiring er det naturleg at ein er til stade sjølv og har moglegheita til å observere hendinga med sine eigne auge. Det er nok mogleg å danne seg eit bilete av samtidig feiringa av *milad un-nabi* gjennom akademisk litteratur og for eksempel laga spørjeundersøkingar som ein kan distribuere på forskjellige islamske nettstadar. Men dette er eit særst dårleg alternativ når ein har moglegheita til å gjere eit feltarbeid. Skal ein få med seg dei finare detaljane kring vanlege menneske sitt praktiserte religiøse liv, er det feltarbeidet som er den beste framgangsmåten. Men feltarbeidet er ikkje utan problem. Folk er ikkje like statiske som for eksempel gamle tekstar – dei kan bryte avtalar, stenge deg ute og i ekstreme tilfelle føre deg bak lyset og utnytte deg.<sup>64</sup> I tillegg til konkrete utfordringar med språk og kultur, oppstår dei fleste utfordringar i eit feltarbeid gjennom samhandlingane med andre menneske. I utgangspunktet, i alle fall i mange humanistiske fag, går feltarbeid ut på å observere og intervjuje, noko som ikkje verkar verken avansert eller vanskeleg. Men i praksis kan ting utvikle seg til å bli meir utfordrande enn å berre prate med folk og sjå kva dei gjer. Det kjem nemleg an på kva ein pratar om, og kva ein vil sjå. Vil ein vite om muslimars tankar kring profeten, vert det nok ikkje vanskelig å få informasjon. I mitt tilfelle var det den meir kontroverselle feiringa av profetens fødselsdag som var temaet

---

<sup>64</sup> Sjå for eksempel Tracy Pintchman «Reflections on power and the post-colonial context: tales from the field» i *Method and Theory in the Study of Religion* 21 (2009), s. 66–72. Denne artikkelen gjer eit godt inntrykk av eit feltarbeid der etnografen står makteslaus i møte med det som verkar som ein ganske ustabil, og nesten farleg, informant.



for intervju. Sjølv om dei fleste muslimane eg snakka med verka glade for at det vart kaste litt lys over dette temaet, var det somme som ikkje ville svare meg – og nokre som var sær misstenksame når det kom til mine intensjonar. For å bygge opp eit godt forhold til dei ein intervjuar er det ekstremt viktig å føre ein open og ærleg dialog omkring kva ein har som mål med intervju. Sjølv om dei fleste eg møtte ute i felten ikkje var akademikarar, verka dei å forstå kva det ville sei å verte representert i ein akademisk tekst – og dei ville naturlegvis ikkje bli representert som «avvikarar» frå den «ekte» religionen.

Misstanken deira var forståelig. Ein lyt hugse på sin eigen posisjon som ein framand og gravande religionsvetar. Ikkje berre spør ein merkelege spørsmål om ting informantane tar for gitt eller aldri har reflektert kring, men som ein informant peika ut: «... you know, you look different». For ein av ytst få gongar i livet innsåg eg at eg var totalt annleis en dei fleste andre tilstade – ikkje berre når det kom til tanke sett, men også på utsjånaden. Det er viktig å vere oppmerksom på at ein kjem «utanfrå» og ofte er ganske forskjellig frå dei ein studerer. Dei har nok sine fordommar, som eg har mine – uansett kor hardt ein prøver å undertrykkje dei. Grunna desse fordommane er det nær sagt ikkje mogleg å utføre ein heilt objektiv observasjon – ein vil alltid, medvetande eller umedvetande, samanlikne med tidlegare observasjonar eller beskrivingar. Om ein har lest seg opp på det fenomenet ein skal studere nærare vil ein også ha visse forventingar og fordommar. Slike subjektive tankar går ikkje an å unngå – det beste ein kan gjere er å være klar over det på førehand, og gjennom sine representasjonar av dei ein har studera. Refleksjon kring sin eigen posisjon og egne fordommar er essensielt for eit godt feltarbeid. Som Daniel Varisco påpeikar: «In a sense, participant observation tends to be objective only as the observer becomes consciously aware of the cultural and discipline-training biases in his field of vision».<sup>65</sup>

Etter eit intervju eg hadde gjennomført med nokre unge menn blei eg lettare irrettert grunna deira manglande evne til å svare meg på det eg såg på som ganske basale spørsmål kring *milad un-nabi*. Eg hadde danna meg eit bilete av dei eg skulle møte lenge før eg hadde møtt dei, og rekna med at dei kunne feiringas historie – dei var jo tross alt muslimar. På same måte rekna eg med at dei også forsto og kunne gjere godt greie for alle aspekta ved deira egne samtidige feiringar, sidan dei aktivt deltek på desse. Dette er

---

<sup>65</sup> Daniel Varisco, *Islam Obscured*, s. 142.

openbare eksempel på fordommar. Kvaliteten på feltarbeid avhenger som sagt av at ein klarar å kvitte seg med bland anna slik tankegang. Gjer ein det, innser ein fort at dei ein studerer oftast ikkje har same bakgrunnskunnskapar som ein sjølv har, eller ikkje har same innfallsvinkel på det aktuelle fenomenet. Slike naive og essensialistiske fordommar forsvinn fort i møte me dei vanlege menneskja ein støyter på gjennom feltarbeid. Fordomsfritt studie er noko ein lyt streva etter, men ein må også vite at det er eit umogleg mål. Dei farlegaste fordommane står likevell igjen etter all refleksjonen – det er dei fordommane ein ikkje veit ein har. Ut gjennom mi beskriving av *milad*-feiringane i Manchester og London vil eg også kort komme innpå erfaringar med feltarbeidet som framgangsmåte.

### Framgangsmåtar

Mitt korte feltarbeid strakk seg over 15 dagar. Hovudmålet var å danne seg eit bilete av den samtidige *milad un-nabi*-feiringa, ikkje eit inngåande studie av Ahl us-Sunnah wal-Jamaa'ah i England. Før eg kom til England hadde eg fått kontakt med ein informant gjennom ein islamsk nettstad<sup>66</sup> eg vart kjend med via ei Facebook-gruppe dedisert til feiringa i London.<sup>67</sup> På denne nettstaden skreiv eg innlegg der eg tydeleg forklarte mine intensjonar og målet med forskingsprosjektet, samt prøvde å skaffe kontaktar.<sup>68</sup> Dette førte til kontakt med overnemnde informant. Sjølv om eg berre så vidt ham ute i felten hadde me mykje kontakt på førehand, og han fungerte som ein nøkkelperson som introduserte meg for ei rekkje personar eg sannsynlegvis ikkje hadde hatt moglegheit til å møte, med mindre han gjekk god for meg – noko han gjorde. Dei andre informantane var folk eg møtte undervegs som eg intervjuar og sosialiserte med.

---

<sup>66</sup> [www.yanabi.com](http://www.yanabi.com) Besøkt 12.5.12.

<sup>67</sup> <http://www.facebook.com/#!/pages/Largest-Annual-Milad-Un-Nabi-Procession-in-The-UK/299923556284?sk=info> besøkt 26.4.12.

<sup>68</sup> <http://www.yanabi.com/index.php?/topic/423334-i-am-writing-a-masters-thesis-on-mawlid-an-nabi/> Besøkt 26.4.12.

Feltarbeid er skjeldan basert på reindyrka intervjumetodar eller reindyrka observasjonsmetodar skriv Richard Natvig.<sup>69</sup> Dette gjeld også for mitt feltarbeid, som ber preg av ein ballanse mellom desse to metodane. Målet var samtalar, heller enn enkle «spørsmål og svar»-intervju, dvs. å få informantane i snakk med *milad* som eit underliggjande tema. På den måten håpa eg at eg ville få både breie svar som kunne kontekstualisere temaet, og informative fakta. Som forventat lykkast dette nokre gongar – og andre gongar ikkje. Intervjutypane varierte mellom lause samtalar over eit måltid, tilfeldige intervju med deltakarar under feiringa, avtalte intervju på einmannshand og det som nesten kunne virke som forelesingar frå informanten – med publikum tilstade. Sidan fokuset er på ei offentlig feiring er det openbart at observasjon òg blir ein del av framgangsmåten. Fleire aspekt ved feiringa er på mange måtar sterke visuelle intrykk, og særleg prosesjonane i gatene er noko som ville bli vanskeleg å beskrive utan å ha observert dei sjølve. Seremoniane var i hovudsak på urdu, og innhaldet var dermed ikkje forståelig for meg. Grunna min manglande språkkunnskap var det ikkje tilstrekkeleg med kun observasjon, om ein skulle forstå kva talane og resitasjonen handla om. Men gjennom intervju med deltakarar på seremonien og sjeiken som haldt nokre av talane, fall desse brikkene på plass. Ein kan ha mykje igjen for å veksle på framgangsmåtane etter eins eigen kunnskap, men også etter det aktuelle fenomenets natur.

### **Representasjonsmakt**

«Gjennom å utføre undersøkingar som inneber samhandling med andre menneske og gjennom å publisere resultata, utøver ein makt».<sup>70</sup> Den makta ein utøver er, bland anna, det eg vil kalle representasjonsmakt. Det eg legg i dette omgrepet er at det er forskaren som sit på makta over kven og kva som skal inkluderast i den endelege framstillinga av studieobjektet. Maktrelasjonar er også ei utfordring ute i felten, og her er ikkje alltid makta hos forskaren. Men forskaren har likevill det siste ordet då det er han eller hu som produserer teksten og får den publisert. Om ein ikkje forstår kva makt ein sit på, både ute

---

<sup>69</sup>Richard Natvig, Religionsvitskapleg feltarbeid, i *Metode i religionsvitenskap*, s. 203–221, red. Siv Ellen Kraft og Richard J. Natvig, Oslo 2006: Pax Forlag.

<sup>70</sup>Bjørn Ola Tafjord, Refleksjonar kring refleksivitet, i *Metode i religionsvitenskap*, s. 243–259, red. Siv Ellen Kraft og Richard J. Natvig, Oslo 2006: Pax Forlag.

i felten og bak datamaskinen, kan dette føre med seg at sluttproduktet gjer eit skeiv framstilling av studieobjektet. På ein anna side er det særst vanskeleg å gjennom sin framstilling representere alle dei forskjellige menneska som måtte ha ei meining om dei eller det ein undersøker. Særleg utfordrande vert det om ein står over for eit tidvis kontroversielt fenomen, som for eksempel *milad un-nabi*. Det er difor naudsynt å gjere det tydelig kven som vert representert i undersøkinga.

Alle stemmene og meiningane kring *milad un-nabi* er heller ikkje representert i den beskrivinga eg har gjort i dette prosjektet. Det var bland anna vanskeleg å komme i kontakt med kvinner under feiringane både i Manchester og London. I Manchester deltok ikkje kvinnene på prosesjonen og hadde sine eigne, avgrensa områder under seremonien og måltidet. Denne kjønnssegregeringa var tilstade også i London, men her deltok kvinnene i prosesjonen. Det er dessverre vanskeleg å få gode intervju inne i ei relativt stor og feststemt menneskemengde i bevegelse. Sjølv om min studie av *milad*-feiringa i desse to byane ikkje har som utgangspunkt å fokusere på kvinnenens meiningar og oppfatningar, kunne mine beskrivingar ha vore tent med å inkludere dei. Sidan det ikkje lét seg gjere å komme i kontakt med nokre kvinner, lyt ein på førehand vere klar over at det er kun mennene si feiring som vert representert i kapittel 2.3. Det er tidlegare blitt gjort nokre studiar av *milad*-feiringar som ser nærare på kvinnenens rolle i denne feiringa. Desse studia er referert til i kapittel 2.3.

Eit anna eksempel på representasjonsmakt er den som ligg hos informantane ein intervjuar. Som kjend er *milad*-feiringa kontroversiell bland somme retningar innfor islam, og nokre ser på denne feiringa som avvik eller innovasjon frå den «ekte» religionen – dei avviser feiringa i sin heilskap. Bland anna på grunn av denne usemja er det viktig å vite at den representasjonen mine informantar gjer av sine «motstandarar» kan innehalde fordommar, missinformasjon og direkte hat. Wahhabiar, salafistar og deobandi-retninga vert alle beskrivi i eit alt anna enn flaterande lys av informantane, som alle høyrer til Ahl us-Sunnah wal-Jamaa'ah, eller barelvi-islam. Som forskar kan ein ikkje blindt svelgje slike beskrivingar av andre retningar. Sjølv om eg ikkje har tatt dei overnemnde retningane i direkte forsvar, har eg likevull reflektert kring måten dei vert framstilla av mine informantar.

## Kven var informantane mine?

Mine informantar var som tidlegare nemnd alle menn. Eg prøvde å ha ein viss balanse mellom lekmenn og spesialistar som imam og sjeik. Dei fleste av lekmenne var unge menn som hadde vakse opp i England, og ein del av dei hadde aldri besøkt foreldra eller besteforeldra sine heimland. Feiringane i både Manchester og London var i hovudsak dominert av personar med etnisk opphav frå Sør-Asia, nærare bestemt Pakistan, India og Bangladesh. Ein ung mann frå Manchester-området forklarar den etniske samansettinga i området:

The Asian population is high as in the Pakistanis and Bangladeshis, but there are also beginning to increase in numbers of Turks and Moroccans, and so... the advertisements (*milad* posters) are not just for the Asians or the Pakistanis, obviously it is for everyone but because of where we're located it does mainly go out to the Pakistanis and the Bangladeshis because of the high density of the population here.

Det kan også vere verdt å notere seg at den fyrste seremonien i Manchester var halden i ein Pakistansk samfunnshus. Prosesjonen byrja også rett utanfor dette lokalet. Ein imam forklara situasjonen i London:

[...] the majority of the people they are from... yes, Asia, Pakistan, India, Bangladesh and Kashmir...all this... majority of them are. But yes of course you will see there are many white British Muslims as well here. They will participate in our annual *milad* procession. You will see Arab... some Arabs, they will come and participate...

*So they join as well? They don't have their own...*

No, no they will join us. And the people from Somalia, they will be here and... African, white and black and everyone.

Ein ser altså at feiringa i utgangspunktet er open for alle som vil være med. Men sjølv om det er innslag av afrikanske og arabiske muslimar, er størstedelen av deltakarane frå Sør-Asia og særleg Pakistan.

## 2.2.1

### Ahl us-Sunnah wal-Jamaa'ah – nokre grunnleggjande karakteristikkar

Ahmad Riza Khan (1856–1921) vert rekna som grunnleggjaren av Ahl us-Sunnah wal-Jamaa'ah, nokre gongar berre kalla Ahl us-Sunnah eller barelvi. Namnet barelvi stammar frå den indiske byen Berely, der Riza Khan levde og verka. Mange av dei eg snakka med hadde ingen problem med å kalle seg sjølv barelvi, men det kunne støyte nokon. Ein Imam forklara nærare når eg spurde:

Q: *So I have heard that a lot of Pakistani Muslims are that what is called Barelvi... is that an offensive term or...?*

A: For some of the people yes, this is offensive, but not for everyone. Like, there was a great scholar in India; his name was imam Ahmed Riza Khan (from) the city of Berely. So he himself called himself Barelvi, like "I am from Berely". If someone is from London he'll say Londoner, I am from London. Same thing he wrote down, "I am from Berely". So his students, disciples, they would write down with their name "we are from... we are related to Imam Ahmed Riza." So they wrote that to show that they were related to him... Barelvi. So Sunnis who are like his students or disciple they are proud to be called Berely, and the other Sunnis, if someone call them Barelvi as well, they don't mind because the *aqeeda*, the belief of Imam Barelvi... so we are having the same *aqeeda*, the same belief as Imam Barelvi. So sometimes when they say...to show you are illiterate, you are Sufi people, you just show you love all the time... so you are ignorant... those times they use the word Barelvi as well. Just to... as you said offensive. Just to tell us "you don't know..." At that time some Muslims...they think that... some Sunnis think that, we should not be called Barelvi...

Barelvi-namnet har altså vert teken i bruk i ein negative samanheng av andre, til den grad nokre av barelvi-muslimane ikkje vil vere assosierte med namnet. Men som imamen påpeikar er dette eit fåtal. Når han gjer eksempel på kritikken frå andre retningar kjem han også inn på eit særst viktig aspekt ved Ahl us-Sunnah – kjærleiken til profeten og Gud. Som Usha Sanyal skriv er Ahl us-Sunnah sin profetologi karakterisert av ein dualisme, der på ei og same tid profeten står veldig nært Allah «such that there can be no true faith if the believer has no 'love' for him, and yet is distinct from Allah and subject to Him». <sup>71</sup> Riza Khan la i sine egne skrifter ei stor vekt på både respekt og kjærleik til profeten, og retta kritikk mot andre muslimar som han meina ikkje uttrykte nok respekt og kjærleik. <sup>72</sup> Når eg spurde mine informantar om kva *milad un-nabi* var og korleis det

<sup>71</sup> Usha Sanyal, *Devotional Islam & Politics in British India*, Delhi 1996: Oxford University Press, s. 259.

<sup>72</sup> Sanyal, *Devotional Islam*, s. 265.

gjekk føre seg, var svaret ofte «it's a gathering of love», og poenget med prosesjonen var å vise og spreie denne kjærleiken. Kjærleik og respekt for profeten Muhammad er aspekt som har ein lang historie innafor sufi-retningar og det Sanyal kallar *popular devotionalism*, og hu sporar slike tankar tilbake til kjende sufiar som ibn al-Hallaj, Sana'i, Ibn al-'Arabi og Rumi. Sanyal meiner også at Ahmad Rizas tankar kring profeten har vorte forma av denne sufi-tradisjonen.<sup>73</sup>

Ahl us-Sunnah ber preg av ein del sufi-tankegods, og dei informantane eg spurde om sufismen identifiserte seg sjølv og resten av gruppa som tilhengjarar av sufismen. Spesielt Qadiriyya-ordenen står sterkt innafor Ahl us-Sunnah – også Sanyal påpeikar dette.<sup>74</sup> Imamen eg snakka med forklarte koplinga til sufismen ganske enkelt: «Whoever is Sunni is Sufi... whoever is Sunni, he is Sufi as well». Sjølv om alle som vert rekna som sunni-muslimar ikkje nødvendigvis er einige i dette, verkar imamens definisjon å stemme godt over eins med den gruppa eg studerte. Ein annan informant kom inn på Qadiriyya-ordenen: «Yeah, you know our sheik he is a Qadri-sheik. [...] he is a descendant of Sheik Abdul Qadri Jilani as well. Also, [...] our sheik he is a descendant of the Prophet as well». Sjeik Abdul Qadri Jilani (470/1077–561/1166) er rekna som grunnleggjaren av Qadiriyya-ordenen. Ahmad Riza sine eigne idear om profetens rolle som «mediator with Allah and his miraculous achievements were in line with Sufi concepts of spiritual authority and power».<sup>75</sup> Ein kan altså konkludere med at Ahl us-Sunnah ber med seg ei god mengde tankar og konsept frå sufismen, som er med på å sette eit preg på deler av rituala og teologien deira – kanskje spesielt når det kjem til forståinga av profetens natur og evner.

Ei av desse tidvis omdiskuterte evnene til profeten er at hans evne til *intercession*, ein slags mellomkomst der han skal kunne hjelpe alle menneske som ber om hans hjelp. Denne evna er, i følgje Ahl us-Sunnah sin teologi ei gåve frå Gud. For Ahl us-Sunnah fortsetter profeten å ha denne evna, altså lenge etter hans død. Og som Sanyal påpeikar er dette ein

important dimension of Ahl-e Sunnat prophetology, for it meant in effect that the Prophet is a continuous presence in the lives of Muslims at all times, intervening when called upon. It is

---

<sup>73</sup> Sanyal, *Devotional Islam*, s. 151 – 152.

<sup>74</sup> Sanyal, *Devotional Islam*, s. 266.

<sup>75</sup> Sanyal, *Devotional Islam*, s. 266.

for this reason that Ahmad Riza always spoke, and wrote, of the Prophet in present tense. He was believed to be *hazir o nazir*, present and hearing». <sup>76</sup>

Fleire av informantane mine påpeika at profeten ikkje var død som eit vanleg menneske, men fortsette å vere tilstade for å hjelpe dei som trong det. Interessent nok kom oftast desse eksempla fram når det var snakk om kritikk mot Ahl us-Sunnah og *milad*-feiringa:

[...] you know, they say “oh you’re worshipping the Prophet, and the Prophet is... is dead and he can’t help you in any way and... for what reason are you doing it?”

Man 2: Some people they think of the Prophet as if he has passed away, they think of him as completely dead... we believe that his life is still going on.

Man 1: that is why we are doing this... he is still here. We still respect him.

Profetens spirituelle nærvær kan være ekstra sterkt på hendingar som nettopp *milad un-nabi*-feiringa. Hans nærvær gjer også *baraka*, velsigning. Dette var ein ide som gjekk igjen hos somme av informantane mine, at ein kunne «tene» velsigningar på å feire profeten gjennom å vise sin respekt og kjærleik til han – spesielt under *milad*-feiringa. Denne feiringa har også i følge Sanyal vore med på å definere deler av sjølvbiletet til Ahl us-Sunnah som ein religiøs retning. <sup>77</sup>

Mykje av det som skil Ahl us-Sunnah frå andre islamske retningar i Sør-Asia er nettopp deira sufi-inspirerte syn på profeten. For mange muslimar var Muhammad det perfekte menneske – men ikkje meir enn eit vanleg menneske. For Ahl us-Sunnah, og sjeiken eg snakka med, var han *noori bashar*, eit menneske laga av lys. Sjeiken forklarar: «he was not a materialistic body; he was an etheric body ... Sublime body... the light one. [...] One should not conclude that *nabi* Muhammad was a man like us, he was light but he assumed the form of humanity». Profeten er heller ikkje «completely dead» som ofte vert hevda av andre retningar. Han eksisterer framleis og han er tilstade og høyrer. Kort sakt har barelvi-islam ein profetologi der Muhammad vert sett på som ein mirakuløs og overmenneskeleg skapning som det ikkje finnes maken til, og som det heller ikkje går an å førestille seg at noko eller nokon kan målast med. <sup>78</sup>

---

<sup>76</sup> Sanyal, *Devotional Islam*, s. 257

<sup>77</sup> Sanyal, *Devotional Islam*, s. 5

<sup>78</sup> Sanyal, *Devotional Islam*, s. 263



## ***Milad un-nabi* i Manchester og London**

### ***Milad un-nabi* i Manchester**

Dagen etter at eg kom til Manchester by tok eg turen nedover Stockport Road, sør for byen. Langs denne vegen, i eit område kalla Longsight, skulle Pakistani Community Centre liggje. I følge min informant var det herfrå at *milad*-prosesjonen skulle starte to dagar seinare – søndag den 5. februar eller den 12 *rabbi' al awwal* i den islamske kalenderen. Senteret var ein stor murbygning, tydelig markert med mørkegrøn skrift og ein kvit halvmåne. Då eg kom til senteret var det stengt og inga menneske å sjå utanfor. Lenger nede i gata var det derimot mykje liv. Det var tidleg på ettermiddagen og mange var ute og handla i dei forskjellige små marknadane som var å finne nedover gata. Eg prøvde å forhøyre meg med nokre av gateseljarane om kva tid på søndag *milad*-seremonien starta, og om dei sjølv skulle delta. Men det verka ikkje som om dei forsto spørsmålet. Eg ringde til informanten min i håp om å få litt fleire detaljar kring søndagens feiring. Då han hørde at eg hadde funne fram til senteret og var på Stockport Road, rådde han meg til å oppsøke ein moske som ligg rett i nærleiken. Der gjer dei seg klar til fredagsbøn, og det var utvilsamt nokon der som visste meir enn gateseljarane kva som skulle skje på søndag – det ville vere ein god ide å ta turen innom der om eg ville vete meir om *milad*, meinte han. Grunnen til at eg i utgangspunktet hadde oversett moskeen, sjølv om den låg kun få meter frå Pakistani Community Centre, var at den låg inne i ei gammal kyrkje. For utanom eit skilt var det ingenting på utsida som tydde på at det var ein moské. St. John's Church var blitt til Qadri Jilani Islamic Centre. På innsida vert eg møtt av nokre få menn som testa ut lydannlegget før bøna skulle byrje. Eg fekk beskjed om å vente på imamen som var på veg – han skulle vite meir om kva som skulle skje dei kommande dagane. Mens eg venta la eg merke til to plakatar ved inngangen til hovudrommet i moskeen. Begge plakatanne var på urdu og engelsk, og informera om dei framtidige *milad*-feiringane i Manchester og London. Plakaten for London-*miladen* var

ein del større enn den andre og det viste seg etterkvart at feiringa i London av mange vert rekna som hovudfeiringa. Mange av dei som deltek på mindre feiringar som i Manchester og andre byar, reiser også til London for å ta del der. Sjølv om det også var andre *milad*-feiringar på same dato (12.2.2012) som den i London, vart denne rekna som «hovudarrangementet» av mange av dei eg prata med. To av dei eg snakka kunne melde om at det også var ei feiring der dei kom frå, men at dei likevel hadde tatt turen til London:

There are many everywhere in the country today.... We are from high Wickham; there is one there today as well.

Ein imam frå London forklarte meir om den travle månaden, og om opphavet til feiringa i hovudstaden:

That is why in the whole month you will see no Sunday... no Sunday of this month is free. Every Sunday there is a procession somewhere. (Sometimes they clash)

Q: *When I spoke to some of the people in Manchester, many of them were planning to come down here as well. So this milad here in London is regarded as a main event?*

A: This is a central one... the oldest one. And this is where it began. This is the central point and the leader as well. This procession is the leader of all the processions in the UK

Q: *For how long has the milad been celebrated here in the UK?*

A: In this country... this is our like, you can say... now it is like thirty-two years, and for the procession this is the twenty-eight...

Q: *So the procession was added later?*

A: Yes.

Det er interessant å sjå at feiringa vart gjennomført utan prosesjonen dei fire første åra. Prosesjonen, eit av dei mest sentrale aspekta ved *milad*-feiringa etter mi meining, vart altså lagd til seinare. Ein ung mann frå Manchester fortel meir om statusen til feiringa i London:

Q: *So, the event in London is considered the main event? People from all over England come to this...?*

A: People from all over England and all over Europe as well, it's the biggest *milad* event in the whole of Europe. Last year the police estimation of participation was around twenty thousand people. I think the record, I'm not quite sure, is around thirty thousand people... and coaches come from all over the country, Scotland, Wales, further down south, Plymouth, Manchester, Birmingham, all to join... and the leader of that *jaloos*, the march, is our own leader and so...

that also gives you a feel of how many followers they have, we call them *murids*... people are coming from all over Europe just for one day, not even for a day, probably just a few hours ...

Av dei eg snakka med vart altså denne feiringa i London rekna som ei hovudfeiring. Den var ikkje den einaste feiringa av profeten i London, men skal me tru informantane mine var det den største og eldste.

Etter ein samtale med ein imamen i Qadri Jilani Islamic Centre om hendingane dei neste dagane, fekk eg beskjed om at det var ein anna mann på veg til moskeen for å svare på mine meir spesifikke spørsmål omkring feiringa. Min informant, som var i ein anna del av byen, hadde anbefalt denne mannen då han hadde gode kunnskapar kring temaet. Mens dei venta på at bønna skulle gå i gong venta eg i eit anna rom, eit lite bibliotek, og gjorde klar ein del spørsmål. Mannen eg hadde venta på kom etter kvart og me gjekk i gang med intervjuet. Han hadde allereie blitt informert av min tidlegare nemnde informant om kva temaet er. Etter ei stund byrja bønna og han gjekk ut til hovudsalen for å delta. Han inviterte meg med inn for å ta bilete og observere bønna, noko eg også gjorde. Denne seremonien var på urdu så eg kunne ikkje forstå kva som vart sagt. Men somme av mine informantar har forklart ein del om moskeens rolle når det kjem til førebuing og organisering av *milad un-nabi*. Ein ung mann, oppvaksen i England, fortalde:

Q: *How do you celebrate the mawlid? Does it last many days?*

A: Yes, I think it's for twelve days, and this year we've... all the Sunni mosques in Manchester, we've got together... and we have come up with, with... like an organization of events, each mosque... it's only this year, I think it's the first year we've ever done this in Manchester... where each mosque holds an event for two hours a day, for those twelve days [...].

Yeah... we've come with this organization of events, where... I think there is roughly ten or... twelve Sunni mosques in Manchester, and... there's twelve days in the Islamic calendar of the milad, and on the twelfth day the Prophet was born, so it's like a build-up... just quick two hour event every single night... up to the major one...

Q: *Which is the twelfth of...?*

A: Yeah... which is the twelfth, and then it's going to be in London obviously, I think.... We did do it so that each mosque builds up and then, because every year, we believe that there isn't enough advertisement of the *milad*, I mean, the people know about it but they don't prepare for it... there is no real preparing for it... but just mental preparation, I mean we don't want to just walk in straight to the event, I mean, for Christmas we have the Christmas holydays to prepare, and then you have Christmas eve and all the feeling it comes... the Christmas feeling comes. Now, if you just walked one day, and someone told you it is Christmas, the same feeling wouldn't be there. We would like to have a build-up of that...

Ein ser altså at moskeane er med å bygge opp til feiringa. Dei forskjellige moskeane samarbeider også om å arrangere hendingar og tema for seremoniar. Han forklarte meir om arbeidet med førebuingar:

[...] this year there's a build-up, so people are more aware of it, and then in every single event we have every day, there's mention in every mosque, whoever is in charge of the mosque, the imam at the mosque, he will mention the big march on the twelfth, and that has never happened before, people may know about it or hear about it, they see posters... but if we are telling people in different mosques for two weeks before the event, every night we're telling people this is going to happen, then we're going to get out to them.

*Q: In the past they didn't use to talk about it in the mosques?*

A: Well, they did talk about it, but we never had this organization of events where we build up... this year we have all got together as one committee and we have decided dates and instead of... for example if we had a function here on the milad say it was on a Saturday night, we would make our own posters and display them and put them up around Longsight (...) and all the local areas, and then all the mosques and other mosques would do the same for their functions, and because we did not work together, their functions may be on the same day as ours, clashing. However, this year, because we worked together, I think there is still a clash on one day because there were too many mosques... this year we all got together, we made one single poster and we put all the dates and all the mosques on one poster. So, each mosque distributes the posters... so it's more of a coming together than it has been in the past.

Organiseringa kring feiringa verkar å vere i utvikling. Då eg prata med to ungdommar i Manchester fortalde den eine korleis dei fekk informasjon om dei kommande hendingane:

You know where we do Friday prayers? They were saying it then that some guy is going to come from London and he is going to do an English speech. They told us at the mosque on Friday... they tell us before, you see, what is going to happen

Fredagsbøna informanten siktar til var den same eg hadde tatt del i sjølv to dagar i førevegen. Eg forsto som sagt ikkje tema då, men no viste det seg det faktisk var *milad*-feiringa som var tema. Også imamen eg tala med i London fortalde om liknande førebuingar:

*Q: What sorts of preparations are made and are there speeches in the mosque about milad?*

A: Yeah, like today the Friday sermon's topic was the same... from two-three weeks now the topic of the Friday sermons have been *milad un-nabi*, the celebration of the birth of the holy prophet, and everywhere, like if you go in any mosque, anywhere you see the same topic... and then like me and myself... I am a member of the organizing committee as well, so we are doing the meetings nearly every day... inside here, after our night prayer. We get together, young boys are here, and we are discussing how we should do this and we should do this, how we should decorate the hall, how should we sit down, who should we invite, what is the color of the posters, how should we write on the things (posters), all these things we are discussing every day. And like, with the hard work of two three months... we celebrate one day.

Søndag, to dagar etter besøket i Qadri Jilani Islamic Centre, gjekk eg nok ein gong nedover den no slappsete Stockport Road for å få med meg *milad*-seremonien før sjølve prosesjonen starta. Når eg kom fram til Pakistani Community Centre var det kun eit fåtal menneske utanfor bygget, saman med nokre sikkerheitsvaktar. I inngangen stod det nokre menn tok i mot gjestane og dela ut litt mat. Dei fleste av desse menna hadde på seg gule vestar som signaliserte at dei var frivillige som hjelp til med organiseringa av feiringa. Inne i sjølve salen hadde dei gått i gong med talar og det eg fyrst trudde var song, men informantane var nøye med att det ikkje var song, men poesi på urdu – om profeten Muhammads kvalitetar – resitert i ein melodios tone, så kalla *na't*. Denne forma for poesi som lovprisar profeten Muhammad står sterkt hos Ahl us-Sunnah wal-Jamaa'ah,<sup>79</sup> og var eit vanleg innslag på begge feiringane eg observerte.

*Na't* var ikkje berre vanleg, men også ein sentral del av seremonien i *milad un-nabi* og i prosesjonen. Poesien var ikkje akkompagnert av instrument. Poesi om profetens kvalitetar som er sunge med akkompagnement frå instrument vert kalla *qawwali*.<sup>80</sup> Denne forma for religiøs musikk var ikkje tilstade i feiringane verken i London eller Manchester, heller ingen form for musikk-instrument var å sjå på seremoniane.

Då eg tala med ein imam om kva ein kunne og ikkje kunne gjere når ein feira profetens fødselsdag, fekk eg vite at *qawwali* var noko som gjekk over grensa:

Q: *So there are clear limits of what you can do and cannot do...?*

A: Yes, and the people in different countries, like if you go to India or Pakistan there are some people, they are not religious people, but they want to enjoy as well... the celebrations. And what they do... they do *qawwalis*...

Q: *Yeah, what is that?*

A: *Qawwali* means when they sing the *na't* of the holy prophet with the music. Yes, so in the mosques they are not allowed.

---

<sup>79</sup> For ei kort og god beskriving av *na't* sjå Patrick Eisenlohr, *Na't: media contexts and transnational dimensions of a devotional practice*, i *Islam in South East Asia – In Practice*, s. 101–112. Red. Barbara D. Metcalf, Princeton 2009: Princeton University Press.

<sup>80</sup> For ein introduksjon til *Qawwali* i Sør-Asia sjå Syed Akbar Hyder og Carla Petievich – *Qawwali Songs of Praise*, i *Islam in South East Asia – In practice*, s. 93-100. Red. Barbara D. Metcalf, Princeton 2009: Princeton University Press.

Han fortalte vidare om sitt syn på *qawwali*, og det viste seg at det herskar forskjellige syn på denne praksisen:

And people there they are not very religious, they don't come to mosque most of their time, so when they want to celebrate the holy prophet so what they do, they read the poems of the Holy Prophet with the music, and that is called *qawwali*. And some of the *ulama* in Islam, they allow that – «you can sing the *qawwali*, when you are singing the good poems»... there shouldn't be any like, meaningless poetry like you are talking about some girls, women or like wine... meaningless things. You should not appoint that. So if you are talking about Allah, the God, or you are talking about the holy prophet, then you can sing that with an instrument. But there is a restriction for the instrument as well. Like there are old instruments... like there is an instrument called *daf* – a drum. And there are some other old instruments as well that you don't find in these modern musical groups. So with those music instruments, which are not used... in the bad places... you can use them for the *qawwali*, for the *na't* as well.

Ein anna mann forklarte meir om *qawwali*, før han kom inn på *na't*:

Q: *What about music and song? Are these things included here in the UK as well?*

A: We don't really do the music... in the Indian sub-continent it depends. Again Islamic scholars have given various ruling regarding certain instruments... it just depends on them. For example... is one *hadith* about the *daf*... that is permissible. It depends on the scholars what other kinds of instruments are permissible. We don't really have them, but in the Indian sub-continent they do have some other type of music as well... like *qawwali* for example. In the *qawwali* the instruments are slightly different, with the *qawwali* the instruments... you can have other instruments there. So again it depends on the various scholars who have said that it is permissible or not permissible. But usually when we have *mawlid* celebrations there are no instruments there. [...]. It (*qawwali*) might not just necessarily be about the Prophet, it can be about other things as well, Islamic things, or about the Prophet's Son-in-law Imam Ali, they do a lot of *qawwali* towards him as well. There is various form of *qawwali*. The *na't* is definitely a common thing, and in the Turkish mosques they do that as well, probably slightly different to us [...] generally it is all the same. But again... the Wahhabis won't do that...

Av imamen fekk eg vete meir om denne lovprisings-poesien, kva den besto av, kjeldene og kven som kunne lage slik poesi:

(...) that thing is called *na't*. If you hear the word *na't* next time you must understand that it is something about the Holy Prophet's beauty, character, lifestyle, history and practice... and that is about that....The first origin of *na't* is the Quran. *Na't* is... celebrated by god himself in the Quran... where god is mentioning the beauty of the Holy Prophet inside the Quran. There are many different verses of the Quran that show... these are the verses just to show the beauty of the Holy Prophet, his actions, his practice and how he lived, how he did things. So the person who is writing the poem for the Holy Prophet... the *na't* for the Holy Prophet, his duty is to find out his beauty only from the Quran and from the tradition of the Holy Prophet (*hadith*) and from the sayings of the companions of the Holy Prophet, because they saw him, whatever they said at that time, if you want to describe the Holy Prophet, you have to find their sayings. If someone is saying (things) from himself – it is not allowed. And the person who does not understand Islam, he is not allowed to write anything... because he is not on that status, he can't understand... a person like him (who) does not know the economics... he cannot discuss the matter of economics, [...] Same way, if a person does not know Islam, the beauty of Islam, the beauty of the messenger – how can he describe him? So no one can make (up things) for himself. He is duty-bound to find out his sayings from *hadith*, traditions and Quran. These are the sources...

Sjølv om det ikkje var noko form for *qawwali* på dei feiringane eg observerte, betyr ikkje det at det kun eksisterer i Sør-Asia. Gjennom eit kort søk på Youtube fann eg for eksempel eit lite klipp som viser ein *qawwali*-konsert frå 28. januar i år, arrangert i Tooting, London.<sup>81</sup> Anledninga for konserten er *milad un-nabi*, og flagga ein ser i denne snutten er identiske med dei eg såg bland deltakarane i Manchester og London.

Eg sat meg på ein av dei mange ledige plassane i salen og hørte på *na't*-resitasjonen. I byrjinga var det ikkje mange i lokalet, men deltakarane kom litt etter litt. Dei fleste hadde kledd seg opp i finkler av tradisjonell type, men også nokon i dress. Lokalet var pynta med fargerike lys og dei karakteristiske grønne flagga som eg fekk vite var unike for *milad*-feiringa. Oppe på senen, der *na't*en vart resitert, satt det fleire menn på ei rekkje og vaia forsiktig at og fram til poesien. Fleire av desse menna bytta også på å utføre forskjellige *na't*, og på eit visst punkt kom også ein ung gut opp på senen for å gjere det same. Bland desse menna satt også tre mann frå byrådet (City Council) i Manchester. Dette var borgarmeisteren (Lord Mayor) Harry Lyons, Member of Parliament (MP) The Right Honorable Sir Gerald Kaufman og MP Tony Lloyd. Under talane på urdu og resitasjonen kunne ein tidvis høyre unisone tilrop frå deltakarane i salen: *zindabad*, som betyr 'lenge leve', *subhan'Allah*, 'ære til Gud', *takbir*, 'den største' og tilsvaret *Allahu Akbar* var dei vanlegaste frasane. Det verka som dei fleste visste kva tid det passa seg å rope dette, då dei ropa samstundes. Etter desse talane, og noko meir resitering, hadde salen byrja å fylle seg opp og det var borgarmeisteren sin tur å snakke. I talen sin peika han på at det Sørasiatiske miljøet her ute i Longsight-området er hardtarbeidande, og han rosa dei for det dei har oppnådd. Han framheva også det han meina er gode familieverdiar i dette miljøet. Etter denne relativt korte talen vert det meir *na't*, og mange av deltakarane gjekk heilt fram til senen for å ta bilete av dei lærde, *na't khwanane* (dei som utfører *na't*), MPane og borgarmeisteren. Då denne seansen var over fekk eg høyre at borgarmeisteren måtte skynde seg av garde, då han hadde ein anna avtale i Bolton.

Det er interessant å notere seg at det også her vert invitert gjestar, i likskap med dei eksempla me såg i del 1. Men likskapen stoppar kanskje også der. Det er ikkje lenger

---

<sup>81</sup> <http://www.youtube.com/watch?v=1XuZgXfGGAo> Besøkt 6.4.2012.

snakk om å invitere prominente gjester for og halde riket saman og sikre deira alliansar med sultanen. Likevett er det eit politisk aspekt tilstade. Meir spesifikk har dette røter i dei samtidige diskursane kring innvandringspolitikk. Dei inviterte politikarane rosa lokalmiljøa, og prøvde å vise at dei respekterer deira tradisjonar. Arrangørane på si side respekterte politikarane gjennom å invitere dei, la dei gå først i toget saman med religiøse lærde og leiarar og la dei ta del i måltidet. På denne måten vert det skapa ein dialog som lokalmiljøet kan vere godt tent med. Eg spurde nokre av mine informantar om praksisen med å invitere ikkje-muslimar til *milad*-feiringar. Ein mann forklarte:

[...] they used to invite priests and rabbis to this place because we said; we just want you to celebrate the birth of a great individual, a great personality in history, and so we invited them, and then what would happen was, we would create interfaith dialogue which... it doesn't happen as much now I don't think, in the mosques...

Q: *So this is a bit of a thing of the past?*

A: Yeah, what happened is... in politics what happen is, communities... the mosque comities become about a specific agenda, whether it is government-led, or anything like this, for example... someone from the government might say «we want to do an agenda about the prevent-issue», which is preventing violent extremism [...] so they would come to the mosque and say «could you make your sermons about this point, at this time». [...] if you go on the Quran and Sunna, you don't have a... you're not dictated by the governments agenda, so you would... and now, what's happening is, some people won't create this interfaith dialogue as much... it used to happen a lot.

Det er interessant å sjå korleis agendaen har forandra seg frå mellom-religiøse forhold til preventive tiltak mot ekstremisme, i regi av regjering. Mannen gjekk vidare i å forklare kvifor dei inviterer ikkje-muslimar:

We invite figures of poor people in the community, whether they work with grassroots, or whether they work... you know, nationally, we also invite people from different faiths, because it is important to show that this is not an agenda for... just Muslims, but of someone who came to the world, who gave someone's wisdom and peace, [...] so we invite non-Muslims as well and figures of... high religious figures like priests and rabbis, and anyone else from any other faith that would like to come and stand united, in a peaceful march, and... yeah, so we just invite people from different communities, people who work with young people as well. And also, just to mention, in terms of the government, last year, or the year before I think it was, that David Miliband, who is a politician for the Labor Party, who was... I think he's resigned/retired now, he was invited for the main (celebration), in Walthamstow, and he came...

David Miliband sitt oppmøte på *milad*-feiringa finn ein video av på nettet.<sup>82</sup> Det lukkast ikkje meg å finne ut kva personar innafor det muslimske lokalmiljøet eigentleg syntest

---

<sup>82</sup> <http://www.youtube.com/watch?v=hZw42V-Q8DY> Besøkt 03.04.12. Opptaket er frå 2010.



om desse inviterte gjestene, og om deira oppmøte eigentleg skapa noko fungerande dialog. Ein indikasjon på at det eksisterer ein del forskjellige meiningar om denne saka fann eg gjennom ei islamsk nettside, der David Miliband sitt besøk vart diskutert.<sup>83</sup> På Internettet har diskusjonar ein tendens til å vere ein del krassare enn vanleg, men eg meiner likevett at dette ofte kan vere ein indikasjon på reelle meiningar som også eksisterer utanfor Internettet. Mens somme av brukarane på denne nettside stiller seg positive til kontakt med ledande politikarar, meiner andre å gjennomskode det som politisk spel: «Should help get a few votes» konkluderer ein brukar. Då eg prøvde å spørje ein anna mann om koplinga mellom *milad* og gjester, verka det ikkje som om borgarmeisterens frammøte hadde gjort eit særleg stort inntrykk:

*Q: I noticed that the Lord Mayor was attending...*

A: The Lord Mayor... I don't know who the current Lord Mayor is; you'll have to forgive me on that...

*Q: He's just the Lord Mayor of Manchester; he was at the Community center...*

A: Right, right, I mean we have this event, obviously, on this scale... we're using the roads, is organized and is with the full corporation of the city consul, the local police and all the different communities with smaller mosques, as well as the central mosque here...

Det er tydeleg at mykje av feiringa, spesielt bruken av vegbanen under marsjen, er ting som må avklarast med byråd og politi på førehand. Dette handlar meir om sjølv organiseringssamarbeidet enn dei politiske aspekta. Ein imam forklarar meir om kvifor dei inviterer ikkje-muslimske gjester og politi. Imamen fokuserte meir på dei teologiske aspekta som ligg til grunn for feiringas openheit:

[...] we invite the local MP's, the old counselors they are here, the leader of the counsel he is here, police... we invite the police... the procession goes on in the road, at that time the police is there for security, but after that the police are invited as guests as well. So we present them food as well, they sit down with us. So... like Muslim and non-Muslim... in that celebration everyone is invited, because one of the Quranic verses is saying that «O Prophet we have sent you as the mercy of the whole universe». And in the universe there are not only Muslims. There are non-Muslims as well. So our beloved prophet is a mercy for the non-Muslims as well. So we say this is the birthday of the one who is the mercy for the whole universe that is why... we believe then that we are celebrating the birthday of that person who is the mercy for the whole universe, and in the universe there are Muslims and non-Muslims as well, so they should participate in this celebration as well.

---

<sup>83</sup> <http://www.yanabi.com/index.php?/topic/362646-david-milibands-speech-at-the-eid-milad-un-nabi-gathering-held-by-sayyidi-mufakkir-e-islam-london-2010/> Besøkt 03.04.12

Sjølv om det ikkje verkar som om oppmøtet av politikarar er av stor vikt for deltakarane, er det i alle fall nokon av dei som sett pris på den dialogen som vert skapa. Ser ein på *milad*-plakatane er det sjeikar og profesjonelle songarar som er trekkplastera – ikkje borgarmeisteren. Likevell meiner eg at det er tydeleg at samspelet med resten av samfunnet manifesterar seg gjennom lokalt samarbeid med politi og byråd, samt gjennom å opne for politiske aktørar som MPar og andre lokale og nasjonale politikarar. Openheita og relasjonane med ikkje-muslimar vert også grunngjeve gjennom teologiske aspekt, som imamens fokus på Muhammad som ei universell gåve til alle menneske.

### Prosesjonen i Manchester

Eg gjekk etter kvart ut av lokalet, då prosesjonen, eller *jaloos* på urdu, skulle gå i gong rundt klokka tolv. Ute hadde det også byrja å samle seg folk, og fleire strøyma på. Mange hadde vert på liknande arrangement i nokre av dei andre moskeane i nærområdet, der seremoniane no var ferdige. Eg prata med nokre av dei unge mennene som sto ute og venta, og hos dei fekk eg vite at prosesjonen var litt forsinka, noko den var kvart år, men at det ikkje var lenge igjen før den skulle byrja. Mens borna leika med slapset utanfor, og politiet gjorde seg klare til å sikre vegen der marsjen skulle gå, parkerte ein pynta Rolls Royce ved senteret. I tillegg til den fargerike pynten var den også utstyrt med eit lydanlegg som konstant spela *na't* ganske høgt. Høgtalarane var plassert bakpå bilen, og, i likskap med resten av bilen, var dei også kledd med glitter i forskjellige fargar – blått, raudt, lilla og gull. Denne bilen skulle kjøre fyrst i prosesjonen. Om den var leigd inn for anledninga, som ein del anna utstyr, eller om nokon av deltakarane eigde ein slik bil, veit eg ikkje.

Mens eg intervjuar vert senteret tømt og fleire kjem ut med flagg og store banner. Alle desse bannera var med engelsk påskrift, men nokre med små innslag av urdu og arabisk, og somme med bilete av forskjellige muslimske heilage bygningar. Eit av bannera, grøn i farge, hadde påskrifta: «Mohammad The Mercy For The Entire Creation» i kvit skrift. Som mange av dei andre bannera var den heilt nedst merka med «Manchester Central Mosque» i gult. Det var òg banner som representerte andre mindre moskear i nærområdet.

«To know Islam: read the Qur'aan not the newspapers» lyd ein av dei andre, der både profeten og Gud var representert gjennom profetens moske i Medina og Kaabaen. På ein annan, lik i design som den tidlegare nemnde grønne typen, las eg «Jesus and Moses are great prophets of Allah (God)». Andre laud «All men are the children of Adam – therefore as humans they are all equal», «Prophet Jesus and Prophet Moses are among the greatest messengers of God (Allah)» og «Islam: the fastest growing religion in the world today». Eit visst politisk preg var, etter mi meining, å ane i nokre av bannera, som for eksempel formaninga om å lese Koranen og ikkje tru på alt ein las i avisa. Interessant er det også å sjå korleis dei aktivt tok i bruk skikkelsar som islam har til felles med kristendommen, som Jesus, Moses og Adam. Utsegna om at alle menneske er born av Adam, at Muhammad er «the mercy of the *entire* creation» (min utheving) og måten dei sette saman namna Allah og Gud ved hjelp av parentes, er i mine auge eit forsøk på å gjere prosesjonen mindre framandgjerande på andre som ikkje deler deira religion eller forstår kva alle desse menneska gjer ut i gata. Muhammad som ein slags gåve til heile universet var også eit synspunkt mange av informantane mine poengterte – både ulærde ungdomar og eldre religiøse leiarar. Ein mann utanfor moskeen i Manchester kommenterte:

People gather round to hear lectures about one personality and that is our Prophet Muhammad. It's such a great personality he is still remembered and revered in this day and age. The *mawlid*... basically the *mawlid* means birth... of his coming into this world as a blessing for the whole world. And in our Holy Book it says it's not a prophet just for the Muslims, it's a prophet for the [...] whole world. So he is the Prophet for the whole world, he took care of the whole world [...]... this is the reason we celebrate the *mawlid*, because of his coming as a messenger.

For utanom desse bannera var det også nokre menn med ropetar som dei bruka til forskjellige tilrop, med påfølgjande svar frå massen av folk som no hadde samla seg utanfor senteret. Det vart tekne bilete og filma nesten konstant av deltakarane sjølve, men også av fleire menn med meir profesjonelt film-utstyr som hadde møtt opp for å dekkje hendinga.

Prosesjonen byrja, og den store mengda med menneske forvandla seg sakte til eit langt tog – ikkje breiare en eit vanleg kjørefelt. Toget, fullt av grønne flagg og nemnde banner, tor sine fyrste skritt nedover Stockport Road og fotograferinga eskalerte. Mange ville ha eit bilete eller ein filmsnutt av MP Tony Lloyd, som var den einaste politikaren som deltok i *jaloosen*, og dei lokale muslimske leiarane. Sikkerheitsvaktene og dei frivillige

gjekk på kvar side av heile toget med eit oransje tau som markera grensa for kvar toget kunne gå. Dei prøvde å presse inn alle som på eit eller anna vis kom utanfor denne linja. Prosesjonen fortsette nedover vegen mot dei små marknadene eg hadde gått forbi to dagar tidlegare. Mange nyfikne menneske lét innkjøpa sine vente og vert ståande og for å sjå på toget, akkurat som seljarane også kom ut frå butikkane deira for å kikke. Ved fleire mindre vegar som fører inn på Stockport Road stod det lange køar av bilar, og politibetjentar var plassert ut i dei forskjellige kryssa for å halde orden. Etter litt svinga *milad*-prosesjonen inn på Dickenson Road, ei smalare gata med hovudsakleg bustadhus på kvar side. I nesten kvart hus kunne ein sjå at gardinene vert trekke tilbake og både vaksne og born kikka fram for å sjå på rekkja av menneske som dreiv forbi mens dei resiterte *na't* og ropa forskjellige religiøse slagord.



Prosesjonen i Manchester.

Eg vart fortald at dei skulle ha ein kort stopp ved ein mindre moské og høyre på eit par talar der før dei fortsette mot Victoria Park Mosque, som var målet for marsjen. Rett før

dei kom fram til denne moskeen gjekk dei forbi eit hus der fleire unge menn dela ut ein slags varm te, *chai*, frå ei stor gryte som stod utanfor huset. Fleire av dei frivillige dela også ut brus til alle som måtte ville ha. Toget, eller i alle fall deler av det, nådde den litle moskeen og talane gjekk i gang sjølv om den bakre delen av prosesjonen var eit godt stykke lenger nede i gata. Talane var på urdu men det vart også dela ut ein del flygeblad, dei fleste på engelsk, som beskreib profeten og forklara kvifor det er lovleg å gjennomføre ei slik feiring som *milad un-nabi*. (sjå vedlegg 1.1, 1.2, 2.1 og 2.2).

Når ein igjen kom ut på ein litt større bilveg var det konstante formaningar frå tauhaldarane om å komme seg innafør grensa og å gå på rekkje. Menneska skulle ikkje flyte ut og ta opp plass på fotgjengarfeltet eller det motsette køyrefeltet. *Jaloosen* dreia etter kvart inn på den travle Wilmslow Road, også kjend som «the curry mile» etter sitt enorme utval av take-away-mat og restaurantar som har spesialisert seg på mat frå muslimske land. Toget fortsette nordover på denne vegen, som er noko større en dei tidlegare vegane, og som verka som ei lita hovudåre som går rett inn i Manchester by. Store deler av trafikken var også her satt på vent, og utanfor nesten kvar einaste butikk sto det folk som betrakta den lange rekkja som for forbi. Både kundar og kjøpmenn hadde teke ein pause frå det dei held på med, og om dei ikkje sto ute i gata følgde dei med frå vindauga sine. Under meir eller mindre heile turen frå Pakistani Community Centre til Victoria Park Mosque var det rop og resitasjon frå dei feirande muslimane. Mykje av dette gjekk føre seg samstundes på forskjellige plassar i toget. Fremst var sjølvsakt Rolls Royce-bilen med lydanlegget, og lenger bak var det forskjellige menn med megafonar som ropa og fekk svar frå dei andre. Det var mykje dei same ropa som dei som var å høyre under seremonien før prosesjonen starta. Til slutt kom toget fram til Victoria Park Mosque, der hovudtalarane skulle tale, og maten vart servert.



Prosesjonen kjem fram til Victoria Park Mosque.

Ved porten til moskeen stod det ein del folk som filma toget idet det nådde fram. På plassen utanfor moskeen vart det også halde ein tale, og her var det så fullt av menneske at ein del – meg sjølv inkludert – laut stå utanfor portane ei stund. Når denne talen var ferdig spreia folk seg. Somme gjekk inn i mosken og nokre gjekk bak den og stilte seg i mat-kø framfor eit stort kvitt telt. Eg vart igjen ute på plassen, som var pynta med fargerike vimplar, saman med mange andre som kikka på alle dei forskjellige tinga som var til sals her. Seljarane hadde rett etter talen fått sett opp nokre bord med eit vidt spekter av produkt – lys til å dekorere med, lik julelys her til lands, parfyme, kassettar og diverse cd-ar låg spreia utover det eine bordet. Her kunne ein også finne bøker med *na't*-tekstar, blant andre «An extremely beautiful collection of transliterated na'ts: Fayzaan-e-Madinah», utgjeven på al-Rizwan forlag i England. På eit av dei andre borda var det kun cd-ar med religiøs musikk, nokre av dei spesielt retta mot *milad*-feiringa. Det var også ein cd her med film frå eit arrangement som hadde vore helde kun nokre veker før eg kom til Manchester. Dette var den 17. internasjonale *mehfil-e-naat*, halden i Manchester 21.

januar 2012. Ein *mehfil-e-naat* er heilt enkelt ei samling der folk resiterer poesi. Ein informant hevda at det hadde vore ein plass mellom fem- og titusen personar til stade på denne *mehfilen*. Etter å ha kikka hos dei forskjellige seljarane, det var om lag tre-fire slike bord, pratar og intervjuar eg nokre av dei som stod utanfor moskeen. Her kom det etter kvart også ein bil frå selskapet «Express Cuisine» som dela ut gratis ris-pudding, eller *kheer*, til alle som ville ha. Eg fekk også ein av desse små puddingane, og la merke til at det på lokket av den litle plastikk-boksen var skrevet «Eid Melad Mubarak».

Det er klart at feiringane, både i Manchester og London, var offentlege feiringar. Særleg prosesjonen må seiast å være så offentlig som det kan bli. Men feiringa av profetens fødselsdag har også meir private sider. Feiringar med familie og nære vener i heimen er også vanleg. Ein mann kjem inn på temaet:

[...] and we're going to walk, just around the town, to say that today we are celebrating a beautiful day, the birth of the Prophet, and you'll see people throwing food at the people giving out drinks, [...], shouting slogans of... of happiness, and... this is one way of celebrating it, or some people, in their houses, they celebrate by having gatherings of friends...

Q: *Yeah... because there are also more private celebrations, right?*

A: Yeah! [...] and so people have it in their houses, they cook special food [...] we celebrate with having, having the, gathering the family, you know, food or certain texts that are read in Arabic [...]

Ein ung mann fortalde vidare om feiringa med familien:

Q: *I've understood that people celebrate the milad private as well with meals and things like that...*

A: Yeah, private as well. It's mostly done in the house; they don't really go out for meals for milad, for birthdays and stuff they can go out, for their own personal birthdays, kids, husbands, whatever. But for the Prophet's birthday it's mainly done at home... it's nothing overdone, it's not a party... it's just a get-together, I mean...

Q: *With the entire family...?*

A: Yeah, with the entire family, in our culture we do... around the dining table in our culture you will rarely find someone coming home from work, and they eat by themselves in the kitchen, or someone comes from school they make their own food; we usually tend to eat together, because that happens every day anyway we have to do something a little bit more than that to show your own family and to show Allah almighty as well that we are doing this for the birth of the Prophet... and that could be anything, we could make a special dish, there is no special significant dish for the Prophet ('s birthday) but just making something different, that we don't make every day, that just signifies how special the day is. And perhaps the clothes as well...

Q: *People tend to dress up...?*

A: Yeah, we dress up, and so this is done at a humble way at home; nothing too extravagant [...].

I disse private feiringane verkar det som det er familie og fellesmåltid som står i sentrum. Den private feiringa var ikkje noko eg observerte, og det var heller ikkje noko eg i utgangspunktet hadde tenkt å leggje mykje fokus på. Likevell syntest eg at det er verd å ta med desse kommentarane, då dei viser at *milad* har både offentlege og private sider – det er ikkje kun ein prosesjon i gata. Imamen eg prata med i London kjente godt til dei familiære feiringane:

Q: *[...] is there anything done (celebrated) in private, among families as well – do they have some sort of celebration at home?*

A: Yes, of course. Like, it is a small area Walthamstow, a small area of London city, but you can see at hundreds of the houses that they are celebration in their houses with their families as well. They are inviting people inside... so you can see the day that we celebrate the birth of the Holy Prophet that is the message of love. They invite their neighbors, their friends, and their family to come inside and read the Quran (recitation and *na't* as well)... And a speech as well. And like... the joy... they enjoy the day inside the Islamic limits. Many, many celebrations and yes, they are preparing for (the big thing) as well on Sunday.

Q: *So these private celebrations happen before Sunday?*

A: After, before – the whole month.

Imamen snakka ikkje så mykje om mat, eit tema som verka å være sentralt i den private feiringa om ein ser på dei to andre sitata over. Han verka å være mest opptatt av resitasjon av koran og *na't* – og å halde seg innafor dei «islamske grensene». Det er eigentleg ikkje overraskande at imamen fokuser på dei reint religiøse aspekta ved dei private feiringane. Han er jo det ein kan kalle ein «religiøs ekspert», sett frå eit religionsvitskapleg perspektiv. Hans kommentarar er også interessante om ein reflekterer kring feltarbeid og intervju som metode. Hadde eg kun snakka med han om dei private feiringane hadde eg ikkje fått med meg detaljane kring fellesmåltidet eller at dei kledde seg opp for anledninga. Om ein ikkje hadde hatt fleire informantar hadde familiefearinga verka som eit litt tørt ritual som kun besto av koranresitasjon og talar – eit bilete på feiringa som er litt meir «ideelt» enn i verkelegheita. Faglitterære beskrivingar av private *milad*-seremoniar finnes; her kan ein for eksempel sjå Regula Burckhardt Qureshi sin



artikkel om *milad* bland sør-asiatiske innvandrar i Canada.<sup>84</sup> Her vert det også beskrivi private feiringar som kun er for kvinner.

Eg mottar ein kopp varm *chai* frå te-boden ved sida av matsalen og stilla meg i mat-kø. Det var ein lang kø, utan særleg framgang. Det var avslappa stemning rundt det kvite teltet – borna sprang rundt og leika mens dei vaksne prata og varma seg med teen som vart dela ut. Grunnen til at køen bevega seg sakte, fann eg ut då eg sjølv kom inn – dei fylla heile teltet med folk og lét dei eta i om lag ein halv time før alle vart gjeta ut og ei ny gruppe ført inn. Inne i salen møtte eg nokre kjende fjes frå fredagsbøna og me vart servert store mengder ris og kjøt, akkompagnert av Coca-Cola og vatn. Etter eit særst godt måltid gjekk eg inn i moskeen der talane allereie var i gong.

### Seremonien i Victoria Park Mosque

Inne i moskeen var menn og gutar spreia over heile golvet, og i midten var det sett opp fleire profesjonelle filmkamera som foreviga hendinga. Eg fekk vite at dei gjennom eit av desse kamera hadde dei gjort det mogleg å sjå *milad*-seremonien direkte på internett om ein ikkje kunne vere tilstade. Dette vart sendt på moskeens himeside.<sup>85</sup> Moskeen var pynta på innsida med glitter. Etter fleire talar, bønner og *na't* var det ein liten pause, før hovudtalaren skulle tale. Folk gjekk og kom, mange satt og prata i små grupper og det var fortsatt folk ute i mat-teltet. Dei minste gutane nytta pausen til å springe rundt og herje, mens ungdommar hovudsaklek var opptatt med mobiltelefonane sine, på tross av skiltet ved inngangen der det stod «No call is more important than Allah's call» med ein raud strek over ein telefon. Herjing og telefonsamtalar vart etter kvart avbrote av ein lettare irretert eldre mann som forklarte at det no var tid for ei felles bøn, og spurde kva dei hadde å gjere i moskeen om dei ikkje hadde tenkt seg å be.

Til no hadde dei fleste talane vore på urdu, og difor hadde eg ikkje fått med meg innhaldet i desse. Men no var det hovudtalaren sin tur, han det hadde stått om på

---

<sup>84</sup> R. B. Qureshi, *Transcending space: recitation and community among South Asian Muslims in Canada*, i *Making Muslim Space*, s. 53–55. Red. Barbara Daly Metcalf, Los Angeles 1996: University of California Press.

<sup>85</sup> [www.manchestermosque.org](http://www.manchestermosque.org) Besøkt 20.4.12.

plakatane som informerte om dagens hendingar. Han var frå USA og skulle tale på engelsk. Talaren var Shaykh Sayyid Muhammad Bin Yahya Ninowi, født i Syria men bur og verkar i USA. Han stiller seg i det område dei andre talarane har stått, på ein slags sene som ikkje er høgare enn resten av golvet. Alle kamera var vendt mot denne plassen, som var den mest pynta moskeen, full av glitter og blomar. Nokre av dei yngre menna eg snakka med såg særleg fram til dei engelske talane. Som sagt var ikkje alle av dei like språkføre i urdu som foreldra og besteforeldra, og språkbarrierar kunne skape missforståingar. Somme sentrale ord og uttrykk på urdu verka framand for nokre av dei unge menna:

Mann 2: Everyone calls it *jaloos* I don't know what it means. I think it's Urdu, but I'm not sure.  
Mann 1: It's like a bit weird isn't it... the name *jaloos*... Hehe...

Men det verka som om nokre av dei nye generasjonane var klar over desse problema. Ein annan ung mann fortalde meg om korleis somme talarar prøva å tilpasse seg og nå ut til ungdommen:

And N.N as you know, he does a lot of speeches in English because of the language barrier these days... it's a big difference, I mean... and all mosques do English but because this is more an educational and social center, obviously more than a mosque, it *is* a mosque but we also want to teach the youth because of where we are...

Q: *You're talking about the Community center?*

A: Yeah... no, sorry, this one, the mosque we sit in now, we just believe it is more than a mosque... no disrespect to a mosque ever, but we do more than what an average mosque does, in a mosque you go there and the ulama do their speeches, we want to interact with the youth... N.N often asks me how his speech was as opposed to the elder people because he is not interested in the opinions of the older people because their minds have already been developed, but he wants to know about the reactions of the youths, how his speeches has an effect on the youths and if they made any difference or cleared any misunderstandings that they might have from previous speeches which they didn't fully understand because of the language barriers.

Eg meiner dette tydeleg syner eit religiøst miljø i bevegelse og utvikling. Språkbarrierar vert teke høgde for, og det vert gjort ein klar innsats for å tilpasse seg ungdommens manglar med tanke på språk. Då eg observerte fredagsbøna i Manchester fekk eg også utdelt ei lita bok kalla *Mosques & Youth Engagement – Guidelines & Toolkit* av Qari Muhammad Asim, utgjeven av MINAB (the Mosques and Imams National Advisory Board). Som tittelen på boka tilseier, tek denne boka opp nettopp korleis ein skal nå ut til muslimsk ungdom i England. Deler av boka fokuserer på det forskjellige synet på

moskeen som er å finne hos ungdom og eldre. Moskeanes rolle har forandra seg i følgje Asim:

As the Muslim community has changed complexion and grown over the last 20 years, so has the role of mosques- the younger generation expects mosques to assume a more central role, moving away from a simple centre of prayer to a social space in the community with a role in helping Muslims integrate into the community and fight marginalization. As a result of the changing needs of young Muslims, there are increasing numbers of mosques in the UK that are providing extensive services to the Muslim community.<sup>86</sup>

Ein av dei tinga som er i forandring er korleis og på kva språk seremoniane i moskeen var gjennomførde. Asim viser til ei undersøking utført av MINAB:

The participants felt that the Imams should be young and British so that they can connect with the youth. They need both «understanding Britain» training (the political, social, legal, and economic system), and have a proficiency in the English language. [...] both the youth and the committee members/imams, tended to agree that in those mosques where sermons were being delivered in English, there was an increasing tendency on the part of youth to go to the mosque earlier for Friday prayers.<sup>87</sup>

Qadri Jilani Islamic Centre, ein av moskeane i Manchester og plassen for mitt intervju med den unge mannen (oppfor), hadde også delteke i ein av desse undersøkingane eller *workshopane* i regi av MINAB.<sup>88</sup> Denne pågåande bevisste tilpassinga av språket (bland mykje anna) kom til uttrykk i dei *milad*-feiringane eg observerte. Eksempel på dette er dei nemnde engelske talane, plakatar med innslag av engelsk, bannerar med meir eller mindre kun engelske budskap og flygeblad på engelsk.

Ninowi sin engelske tale byrja, og dei andre talarane satt i ein ring rundt han. Temaet for talen hans var, ganske naturleg med tanke på anledninga, profeten Muhammad og hans eksemplariske karakter, samt eksempel på kjærleik til profeten. Eit tema han stadig kom tilbake til og bruka til å forklare mange av eksempla, var omgrepet *sirajun munir*, «ei skinande lampe». Dette er eit velkjend omgrep som stammar frå Koranen sjølv,<sup>89</sup> og heng saman med synet på profeten Muhammad som eit slags lys – eit sentralt tema innafor

---

<sup>86</sup> Q. A. Asim, *Mosques & Youth Engagement: Guidelines & Toolkit*, London 2011: MINAB, London, s. 21.

<sup>87</sup> Asim, *Mosques & Youth Engagement*, s. 41.

<sup>88</sup> Asim, *Mosques & Youth Engagement*, s. 104.

<sup>89</sup> Sure 33:46.

mykje av den mystiske profetologien og poesien som beskriv han.<sup>90</sup> Under store deler av talen, oftast når Ninowi gjorde eit poeng eller nemnde ein heilag person, var det tilrop frå salen. Ropa var dei same som eg hadde høyrte ved fleire anledningar denne dagen, til dømes *subhan 'Allah!* men også *ya nabi! ya nabi!* 'O profet!'. Denne talen, i tillegg til andre, vart naturlegvis fanga på film av dei kamera som var tilstade og er tilgjengeleg på Internet.<sup>91</sup>

Etter denne talen tynna folkemengda seg ut, og eg fekk veta at arrangementet gjekk mot slutten. Eg tok beina fatt og gjekk nordover mot Manchester by på Oxford Road, med sær mange og nye inntrykk å reflektere kring. Mitt første møte med *milad*-feiringa var no over, og eg følte at det hadde vore ein gjevande dag.

## London

To dagar etter dette, tysdag den 7. februar, kom eg tilbake til London og fekk innlosjert meg på eit hotell i Westminster. Dei neste dagane bruka eg på å skrive og å finne ut korleis eg skulle komme meg opp i det området av London der feiringa skulle finne stad. Dette området, Walthamstow, som ligg nord-aust for London var ikkje inkludert på nokon av dei turist-karta eg hadde lykkast å oppdrive. Ved ein informasjonsskranke på undergrunnsbanen fekk eg vite at ein av rutene, Victoria Line, går direkte til dette området.

Fredag den 10. februar drog eg nordover med the Victoria Line i håp om å bli litt nærare kjend med området, slik at det vart lettare å orientere seg på sundag. Ikkje langt frå Walthamstow Central Station, det siste stoppet på denne ruta, ligg ein moske eg visste hadde ei kopling til feiringane, då adressa sto på *milad*-plakatane eg hadde sett i Manchester og på Internettet. Eg fann fram rett før fredagsbønna starta, og kom i prat med ein mann som sto utanfor og tok i mot dei som var på veg inn. Her skulle feltarbeidet bli sett på ein liten prøve. Eg forklarte mannen kva eg forsøkte å oppnå med å komme til moskeen, og kvifor eg ville snakke om denne feiringa – at det ikkje fantes særleg mykje akademisk litteratur om den samtidige feiringa av *milad*, og at det var

---

<sup>90</sup> For ei innføring på dette temaet sjå Annemarie Schimmels *And Muhammad is his Messenger* frå 1985, særleg kapitel 7.

<sup>91</sup> <http://www.youtube.com/watch?v=EaMip8MSZLA&feature=related> Besøkt 20.4.12

interessent at det var så mange forskjellige synspunkt kring legitimiteten til denne tradisjonen. Her opplevde eg, for fyrste og einaste gong gjennom feltarbeidet, ein viss skepsis mot meg og interessa mi kring *milad*. Eg prøvde gjentekne gongar å forklare at mitt mål var å danne meg eit «bilete» av dei samtidige feiringane, utan at det verka å gjere han, og etter kvart ein del andre som hadde samla seg rundt oss, mindre mistenksame. Dei ville vete kva eg personleg syntest om det å feire profetens fødselsdag, og kva side eg var på i denne debatten. Nokre meinte at ein måtte vere muslim for og i det heile forstå feiringa, mens andre undra på kvifor eg ville fokusere på nettopp denne feiringa. For meg verka det som om at dei var redde for at eg på nokon måte skulle «avsløre» *milad* som ein slags sær avvikande innovasjon, og stille dei i eit dårleg «populær-religiøst» lys – utfordrande for meg, men på mange måtar ein legitim skepsis frå deira side. Eg var tross alt ein framand «inntrengar» som ville spørje og grave om ein tidvis heitt debattert tradisjon – ein diskurs med mange kritiske røyster. Som religionsvitar hadde eg ikkje teke stilling til om feiringa var «rett» eller «gal», og eg forklarte at det ikkje var interessant for meg og at eg kun observerte debatten kring dette frå avstand, utan å bevisst blande inn personlege meiningar. Dette var ei forklaring som ikkje vart godteken. Noko måtte eg jo meine? Til slutt vart eg nøydt til å seie at eg ikkje såg noko galt i å feire profeten slik som dei gjorde. På dette tidspunktet kom imamen til moskeen og ein av dei no tidlegare skeptiske menna presenterte meg for han. Me avtalte ein prat om feiringa etter at bønna var ferdig, og eg vart med inn i moskeen for å observere bønna.

At *milad un-nabi*-feiringa var noko som var mykje diskutert, la eg også mekre til hos mange av informantane eg snakka med. Somme av dei kom fort inn på dette temaet, utan at eg alltid leda dei dit gjennom mine spørsmål. I samtalen nedfor kan ein sjå korleis det er informanten som fyrst tar initiativ til å snakke om usemja kring feiringa, før eg spør han meir om dette:

We are all humans; we are all family of Adam... So *mawlid* gatherings are a gathering of happiness and joy. And people... some Muslims don't celebrate this as well... you know that as well?

Q: *Yeah, they call it an innovation...*

A: An innovation, yeah... if it weren't for the arrival of our blessed prophet Muhammad then this... Allah would not create the world. Allah wanted to be recognized and he sent his apostles, and the last and final messenger is Muhammad... that is why we revere this day and

celebrate this day. [...] some don't celebrate; it is a small minority, the majority of all Sunni Muslims all celebrate *mawlid*... Shias they celebrate *mawlid*.

*Q: I've heard that in Saudi-Arabia they don't celebrate it?*

A: Yeah, they don't celebrate... they are the main... you know, they are the Wahhabis. These are the people who do suicide-bombings and have a strict, aggressive approach.... But we are all simple, straightforward... we love the Prophet, the prophets companions... we have no grudge against anyone. We are just happy people and *milad*-gatherings gets all the people together...

Den siste kommentaren kan seiast å stille wahhabi-islam i eit særst dårleg lys. Dette var også vanleg i mange av samtalanene eg hadde med informantar. Wahhabi-islam, blant andre retningar, fekk ofte gjennomgå særst harde skuldingar, og informantar verka nokon gongar å basere deler av sin religiøse identitet på korleis dei var forskjellige i frå, og betre enn, wahhabismen. To andre menn eg prata med i London kom også inn på debatten kring feiringa. Då eg prøvde å spørje om dei hadde kjennskap til andre minoritetar sine *milad/mawlid*-feiringar, vart eg avbroten av deira kommentarar om wahhabismen:

You'll find that it is normally the... how do I put this... the Sunni Muslims... because you may know about different sects of Muslims, not all the Muslims believe in this, but we are the Sunnis and we believe in this and we do this (*milad*).

*Q: There are a lot of people here with backgrounds from south-east Asia and Pakistan... what about the Arabic and Turkish people, do they have similar celebration or do they...*

A: They do, but you'll find with Arabs that they are the Wahhabis, they follow a different teaching. [...] they wouldn't celebrate this. Turkey, again, there's... a bit of both so you got the Sunnis, you got the Wahhabis... but yeah, this generally happens around the world... where people go out in processions.

Ein annan mann skaut inn ein kommentar:

You won't see this in Saudi-Arabia, but places like Morocco... you can see it there because they follow very similar to us.... Wahhabism comes from Saudi-Arabia so they don't (celebrate) but a lot of people have started following them now, they are the only ones that don't celebrate it...

Mange kom inn på diverse religiøse bevis og teologiske aspekt når eg spurde dei meir direkte om dei forskjellige syna på denne feiringa:

*Q: I've been reading a bit of the history of this celebration, so I have noticed that there has been some debate, for a long time, about... if it's permissible. How is this in England today, are there still debates among the different groups...?*

A: Some people go to the extent of... if they celebrate; they will celebrate by having a cake, and distributing the cake to all the believers, I think that they (Salafis/Wahhabis) will say «oh, this is another innovation, and this is wrong... and you can't do this and...»

Q: *You can't eat cake?*

A: You can't eat cake, you can't celebrate, yet for their own children they'll be celebrating in massive halls and spending lavishly of money... and so it is a bit of confusion, because what people want to do is they want to take away the love that is associated with the Prophet, away from the believers, and that's a sad thing to be honest, but what we find is because... whether they... you know cut a cake or whether they give charity to the poor, whether they help an old lady across the road, we associate all these things as a... as a great celebration or a blessing... and ... of that day, of that blessed day. And even... even, I mean we, we talk about it like as Muslims, Sunni Muslims we're passionate about it, but even, there was an individual at the time of the Prophets birth who was an uncle... but also he was a great enemy of Islam, called Abu Lahab, and even on the day of the birth of the Prophet, even he celebrated, and what he actually did was... he gave freedom to all of his slaves, who came to him with the news, that you have been given a child, has been born to your house, a boy – which was a massive thing in the Arab world, you know, a boy... especially a boy... and he was so happy and joyous at this occasion that he said «it's your freedom today», so, I mean, it was a massive thing...

Historia om Abu Lahab sin fiendskap mot islam og profeten Muhammad er eit velkjend eksempel på korleis det er ei velsigning å feire profetens fødsel – og dermed ei legitim feiring. «The most widely cited piece of evidence for the merits of rejoicing on the occasion of the Prophet's birth», skriv Marion Holmes Katz, «is an anecdote about the Prophet's uncle Abu Lahab, an intransigent opponent of Islam who died as an unbeliever and achieved the questionable distinction of being explicitly consigned to hell in the Qur'an».<sup>92</sup> Informanten som er sitert ovanfor, fortalde kun halve historia; som kjend havnar Abu Lahab i helvete, og i ein hadith frå Sahih Bukhari vert det fortalt at ein mann (Lahab sin eigen bror i nokre versjonar) ser Lahab i draumen sin. Lahab har fått ei forferdeleg straff, men kvar måndag (dagen profeten vart fødd på) vert straffa letta, og Lahab får drikke ei slags kald veske. Poenget er at Abu Lahab var ein fiende av islam men likevett fekk han ei slags belønning frå Gud då han fryda seg over å ha blitt onkel til ein gut – profeten Muhammad. Om ein ikkje-truande *kafir* vert belønna av Gud for å glede seg over profetens fødsel, så må vel også truande muslimar få ei god belønning om dei feirar han og viser sin kjærleik (sjå vedlegg 2.2). Denne historia, og konklusjonen om at feiringa tener dei truande muslimane, var også ein del av innhaldet på ein av flygeblada eg fekk utdela i Manchester, under kapitelet «Ahadeeth and Milad».

---

<sup>92</sup> Katz, *The Birth*, s. 106. Sjå også side 106–109 for historia til, og forskjellige versjonar av, denne anekdoten.

Vidare kjem ein fort inn på forskjell i praksis mellom dei forskjellige retningane:

Q: ... *My impressions are that the people who are very critical of it, (milad) are often Salafis, Deobandis...*

A: Deobandis, yeah, I mean what happens is...

Q: *They never celebrate (milad)?*

A: No, no, they don't celebrate, [...] I mean there is massive other issues about the differences of opinion as well, I mean, they don't celebrate the birth, they would not want to go to any graves, they don't believe in the saints... [...]... there is a lot of... you know, different disputes with them, and in terms of the Salafis, it's... [...] they never celebrate it, because they would say you're overstepping the mark, they would say «oh yes we believe in the Prophet as the messenger of god, but he was a human just like us, and he would, you know... he was just given guidance by the Prophet... and Allah ... but at the same time we should not hold him in any other high regard... other than that». [...].... in our hearts you can't overstep the mark, in terms of showing you love and appreciation for the Prophet, Prophet Muhammad.

Han sikta her til deobandi-retninga sin motstand mot praksisen med å besøkje gravene til diverse sufi-helgenar, ein tradisjon som har vore vanleg for Ahl us-Sunnah. Slike ueinigheitar har eksistert mellom desse gruppene i lengre tid. Når ein har med slike synspunkt er det viktig å hugse på at informantanes ord er deira eigne beskrivingar av retningar som dei ofte ligg i debatt med. Sjølv om deler av det som vert sagt kan indikere reelle forskjellar i teologi og praksis, må ein ikkje sjå på det som rein fakta om desse gruppene og retningane.

Utan å gå særleg djupt inn på dei generelle forskjellane kan ein likevell seie at deobandi skil seg frå Ahl us-Sunnah gjennom å ta avstand frå det som vert sett på som «populær praksis» omhandlande helgenar og deira gravstader eller heilagdomar – praksis som er karakteristisk for barelvi eller Ahl us-Sunnah.<sup>93</sup> Meir relevant for dette prosjektet er deobandi-islam sitt syn på *milad un-nabi*. I ein artikkel skrivi av Ashraf 'Ali Thanawi (1836–1943), ein lærd mann innafor deobandi-skulen, gjer han greie for tre ulike typar *mawlid*. To av desse typane er lovlege etter Thanawi sitt syn, men ein av dei er ulovleg og syndig. Innhaldet i den ulovlege typen er beskrivi slik:

For instance, the relating of fabricated narrations that did not occur; the recitation of odes by charming and sweet-voiced young boys; the spending of unlawful money [earned] from bribes or usury on this [gathering]; exceeding what is necessary by extravagantly lighting, carpeting and decorating the venue; making an extraordinary effort to gather people, the likes of which is not even made for congregational *salah* or a lecture; insulting and dishonoring Allah Most

---

<sup>93</sup> M. Q. Zaman, Studying hadith in a madrasa in the early twentieth century, i *Islam in South East Asia – in practice*, red. Barbara D. Metcalf, Princeton 2009: Princeton University Press, s. 226.



High or the Prophets (may Allah's peace be upon them) explicitly or implicitly in prose and poetry (...). This is the type [of *mawlid*] which is mostly rampant among the masses and the ignorant ones, and is considered completely impermissible and sinful in Shari'ah.<sup>94</sup>

Denne artikkelen er å finne på [www.deoband.org](http://www.deoband.org), ein nettstad som omhandlar diverse aspekt kring deobandi-islam. Under kategorien «deviant beliefs» finn ein også nokre artiklar om barelvi-islam.<sup>95</sup> Når det kjem til salafi-muslimane meiner informanten at deira kritikk går på at Ahl us-Sunnah wal-Jamaa'ah og deira *milad*-feiring går «over grensa». Som tidlegare nemnd vart ofte wahhabismen trokke fram når det vart snakk om forskjellar. Mitt inntrykk er at «wahhabi» ofte vart bruka som eit paraply-omgrep, stempla på dei fleste som var motstandarar av Ahl us-Sunnah og deira praksis. Ovanfor spurde eg to menn om dei kjende til den arabiske eller tyrkiske feiringa av *milad*, og då fekk eg svaret «They do, but you'll find with Arabs that they are the Wahhabis...». Eit ganske generaliserande svar, og eit eksempel på enkelte innafor Ahl us-Sunnah sitt syn på alle som er kritiske til deira måte å gjere ting på. Ser ein på bruken av «wahhabi» som omgrep, kan ein sjå ein tydleg tendens til denne stemplinga også hos Ahmad Riza Khan, grunnleggjaren av Ahl us-Sunnah wal-Jamaa'ah. I ein av sine mange fatwaer beskrev Riza Khan alle leddarar av deobandi-sekta som «wahhabi». Namngjeven i denne fatwaen var bland andre den tidlegare nemnde Ashraf 'Ali Thanawi. «Wahhabi» er også, som Usha Sanyal påpeikar, eit ord som ein ofte kan støyte på også i samtidig litteratur frå Ahl us-Sunnah som omhandlar *ulama* med tilknytningar til deobandi eller Ahl-e Hadis.<sup>96</sup> Slike haldningar kunne også komme fram bland somme av mine informantar:

In Pakistan you don't have too many hardcore Wahhabis; you have something that is called Deobandi or Tabligi Jamaat. We in a sense call them undercover Wahhabis! Not fully but nearly there... the Wahhabis... you have spiritual paths but from an Islamic point of view you also have schools of path as well. [...]. Generally the Salafis and Wahhabis they don't follow a school of thought... they sometimes loosely follow the Hanbali school of thought... loosely... they say they are Hanbali, but that is in a sense bogus... (They are) neither here nor there.

Eg meiner det er viktig å reflektere litt kring Ahl us-Sunnah sitt syn på andre sekter, sidan medlemmar av desse sektene ikkje sjølv slepp til med sine eigne ord i dette prosjektet.

Imamen i London forklarar nærare kring noko av kritikken:

<sup>94</sup> <http://www.deoband.org/2010/02/fiqh/miscellaneous/mawlid-deoband-and-hanafi-fiqh/> Hakim al-Ummah Mawlana Ashraf 'Ali Thanawi, besøkt 8.4.12

<sup>95</sup> <http://www.deoband.org/2010/07/aqida/deviant-beliefs/a-query-regarding-the-barelwis/> Besøkt 8.4.12

<sup>96</sup> Sanyal, *Devotional Islam*, s. 231.

Q: *Before I met you today I spoke to another man... there seem to be a lot of debates around milad... do you ever encounter different views? Here in Walthamstow are there different debates or opinions going on...?*

A: Yes. There are some Muslims, like I said... as I mentioned earlier as well, we don't see the as a compulsory one (celebration). So some Muslims are misled; they were being taught that we believe that this is as the other two *eids*... so we are making the two *eids* and the *milad* to an equal status (they think). So that is wrong, that is against Islam... and then they are using a word... why did not the Prophet himself celebrate his birthday like this and why did not the companions of the Holy Prophet do this. So within the Muslims there are some Muslims that are against these celebrations. But we ask them about their own children; «do you celebrate your own children's birthdays?», then they say «yes, yes». So we say «did *nabi paak* (Muhammad) celebrate the birthdays like you are celebrating?». Then (they say); «no». Then we ask them how can you celebrate it then? So their objections are meaningless. They don't have any base... and if you go through the whole Muslim *umma*... in Arab countries, here, there, anywhere you go; ninety percent of the Muslims are celebrating.

Q: *I've heard that every Muslim country celebrates this... except Saudi...*

A: Except Saudi... But there as well, inside their houses (private celebration). Every single Muslim country is celebrating and the beauty of this month is the whole month! If you go to Pakistan, India, and Bangladesh... you will see whole streets are decorated with lights and everything.

Imamen peika på ein kritikk der motstandarar hevdar et dei sett *milad* like høgt som dei andre *eid*-feiringane – noko som han meinte ikkje er tilfelle. Eg såg, og hørte, ved fleire anledningar *milad*-feiringa verte omtala som *eid*, men dette sidestiller ikkje *milad* med dei andre obligatoriske feiringane. *Eid*, eit Arabisk ord, betyr heilt enkelt festivitet eller feiring. Ein mann forklarte:

Exactly, I mean this is why it's called *eid milad un-nabi*, because it's... we see it as a day of celebration, it's an *eid*...

Imamen går nærare inn på den lokale debatten i nord-London, og sjeiken deira si sentrale rolle i å argumentere for feiringa:

There were some people that were against these celebrations, in early times here in Walthamstow especially... after a time they had an argument with us, big debates with us and especially with our sheikh, you saw him... when he was young you could see how strong he was; like eighteen hours he studied and discussed and debated and answering... so he made, you can say, the field for us. Then afterwards... me, I am doing the debates with the young scholars, young people. They are asking questions, I am giving answers making their minds [...] this is allowed, we can do this and that.

Q: *So people have changed their minds?*

A: Yes, *hamdulillah*.

Q: *Around here... the people who are against this celebration, would you say they are a minority?*

A: A very small minority yes. Even the mosques that are against... as a mosque they are against the celebration of the *milad*, today our friends they went there to distribute the leaflets to those mosques. [...] ... Everyone is taking the leaflet... with happiness and they say; «oh, yes we are happy, inshallah, we will come there, we will celebrate with you». Even though they are in *their* mosques but they are happy to come!

Q: *There has been some talk about these sects... my impression is that these are usually those you call Salafis, Wahhabi and some Deobandi as well... so no one of these (sects) celebrate?*

A: No... that is their ignorance as well because the... like Salafis or Wahhabis if we read their own book their scholars... like there is a book; «Ash Shamama tul Anbarah min Mawlid al Khayr ul Barah»... that is a big scholar of the Wahhabis, the *ahl ul-hadith*, the Salafis, and his name is Nawab Sadique ul Hassan (han siktar her til Nawab Muhammad Sadiq Hasan Khan Bhopali) he wrote down in his book that we should celebrate milad un nabi *every day* the whole year, and if you are not able to celebrate every day so at least you should celebrate every Monday... of the week. If not the at least once a month, or even... if you are not in position to celebrate once a month or [...] you should celebrate once a year at least. That is in his book. So if they read their own books out that that their scholars are saying that you are allowed so why are (they) against that.

I følgje imamen har altså mange folk i området skifta meining etter sjeiken sin innsats i debattar og diskusjonar. Imamens argument om at motstandarar av feiringa ikkje er klar over kva deira eigne lærde har sagt, var eit argument som gjekk igjen bland mange av dei eg snakka med. Det aktuelle sitatet frå Bhopali som handlar om *milad*, er også å finne på Internet-sider som forsvarar feiringa.<sup>97</sup> Som ein kunne sjå i Ashraf 'Ali Thanawi sine tankar kring feiringa er det ofte kritikk av sjølve innhaldet i feiringa som er tema, eit grep mange informantane kjende til:

[...] this is the thing, how the Deobandis in a sense tried to pull a fast one... you know, saying it should not be done, is via this way (critique of the contents)... the limits. They'll be saying that people are transgressing the limits, they are going outside the boundaries of Sharia – hence you should not be doing it... (saying that) most *mawliids* are innovations or they are doing this or that. For example they might be men and women together in a sense, or other practices... maybe, you know, wasting too much money...

Nokre av dei tidlegare nemnde teologiske aspekta kjem også opp i samband med legitimeringa av *milad un-nabi*. For andre retningar er profeten død, men Ahl us-Sunnah har altså ikkje dette synet på Muhammad. I deira profetologi er han *hazir o nazir*, altså tilstade og høyrande. Han kan vera tilstade både spiritielt og fysisk, og er ikkje avgrensa av verken rom eller tid. I følgje Usha Sanyal er hans spirituelle tilstadeværelse, og derfor

---

<sup>97</sup> Dette, og andre eksempel på same type argument, kan ein sjå lenger nede i teksten.

hans *baraka* eller velsigning, særleg sterk ved enkelte anledningar – som feiringa av sin eigen fødselsdag.<sup>98</sup> Ein mann forklarte:

[...] and we believe from an Islamic point of view that there is a lot of blessings, *baraka*, for example your earnings will be increased... you don't do it for the earnings, but when you do the *mawlid* or the *milad* your blessings are increased through those... because you are remembering the Prophet, and he has the most close relationship to Allah. So obviously if you are happy on the birth of the Prophet, God is going to bless you.

Han gjekk vidare og forklarte wahhabismen sin utbreiing, og korleis dei kritisera enkelte praksisar:

[...] once they (the Wahhabis) get there they will start to say «this is *bid'a* that is *bid'a*, what are you doing this for?» For example we have in the mosque «Ya Rasool Allah», it means «oh prophet», they say «why do you say oh Prophet?» They object to that... «You call him Prophet but he has passed away», but to us that is permissible.

På spørsmål om innhaldet i feiringane har forandra seg, fekk er vete meir om imamen sitt syn på kva *milad* måtte innehalde, og kva som ikkje skulle vere der:

*Q: I was also wondering about the contents of the celebration... has this in any way changed during the years here in the UK? I mean the way you celebrate... has it stayed much the same?*

*A: The same... everywhere ... it is not like restricted that you should do this or not. But that is, you can say, tradition... as a Muslim, when we celebrate anything, according to Islam, in that thing we cannot sing songs, we cannot dance, and ladies and gents cannot be on one place – they must be separated. And there must be recitation of the Quran, there must be the *na't* of the Holy Prophet as well, and there must be speeches and recitation of the Quran... good things, no worldly things should be in those celebrations.*

At innhaldet er det same overalt, i England eller resten av verden, stemmer ikkje. Men det er, i alle fall ifølgje imamen, konkrete retningslinjer som ligg til grunn for feiringa. Det skal ikkje vere noko verdslege ting i ei feiring, og verken i Manchester eller London observerte eg noko som gjekk i mot det som vert lagd fram av imamen her. Mi oppleving av feiringane var at dei hald seg innafor desse grensene – det var ingen song, dans eller blanding av kjønn. I forhold til beskrivingar av diverse *mawlid*-feiringar frå andre land og historiske epokar verkar det å vere litt konservativt med tanke på innhaldet. Men som eg har nemnt er det nettopp innhaldet som til stadigheit vert kritisert av Ahl us-Sunnah sine

---

<sup>98</sup> Sanyal, *Devotional Islam*, s. 257–258.

«motstandarar». Kanskje kan det tenkast at restriksjonane kring feiringa har vorte strengare på grunn av mengdene av kritikk opp gjennom feiringas historie.

Eit aspekt som også vart nemnd i samband med diskusjonane kring *milad* var «god innovasjon» eller *bid'a hasana*. Ein av dei mest vanlege kritikkane mot feiringa er at den er ein innovasjon, og ikkje vart praktisert av verken profeten sjølv eller *sahabah*, følgjesvenene hans. Av kritikarar vert det med andre ord ikkje sett på som sunna. Men som me skal sjå er det ikkje alle innovasjonar som blir oppfatta som dårlege eller syndige. Ein lyt rette fokus på innhaldet i den eventuelle innovasjonen og sjå om det er noko som går i mot *sharia* eller profetens tradisjon:

.... Some people say you shouldn't do this but... it's a good innovation... according to the Ahlus Sunnat scholars there are two types of innovation; one is bad and one is good, this... you have to look what happens in a *milad*.

Ein annan informant reflekterer meir kring gode innovasjonar:

Some scholars will classify the current *mawlid* celebration as *bid'a hasana*, a good innovation. [...]... but for example certain things we do today were probably not done in the time of the Prophet. For example *Sahih Bukari*, the book, wasn't there in the time of the Prophet or the companions... that in a sense is a *bid'a*, but it is a *bid'a hasana*... even the text of the Quran, if you look at for example the vowel-ing-system... it wasn't written... the vowel-ing-system came two hundred years after... in a sense to make it easy for the people to read the script. So this is a *bid'a* but a permissible *bid'a*. Many things, for example radiators in the mosques... (are *bid'a*). [...] even the Deobandi teachers were doing the *milad* celebration...

Men sjølv om kritikarane er ein minoritet, finnes dei – også i nord-London:

[...] even within Walthamstow you'll have Salafis and Wahhabis that will object to the *mawlid*.

Q: *So do they show their discontent when they see the march?*

A: There will be certain people that don't like it, because there are obviously Wahhabis and Salafis living within the UK.

Q: *But will they in any way express it?*

A: Well, maybe through their face, obviously they are not going to fight or anything... you're not going to fight twenty-five thousand people! No, but obviously they will have hatred toward the face, you know, from a face point of view.

«Hatred toward the face» og «from a face point of view», tolkar eg som missnøye uttrykt gjennom sure fjes. Med andre ord har det ikkje vert noko form for oppheta konfrontasjonar mellom ulike retningar under prosesjonen. I [www.ahlus-sunna.com](http://www.ahlus-sunna.com) vert

argumentet om Bhopali sitt syn på *milad* (sjå ovanfor) også nemnd i ein artikkel. Her vert det også visa til ein anna utsegn frå same bok:

A person who does not get happy upon incidents of Mawlid and does not thank Allah for such a great blessing then "SUCH A PERSON IS NOT MUSLIM" [Ash Shamama tul Anbarah min Mawlid al Khayr ul Barah, Page No. 12]

Note: No wonder our Salafis have not even spared their own people in takfir, the above fatwa is an open takfir upon all Salafis who make sad faces on Mawlid and try to refute it (Note: It's has been mentioned in the beginning that Shaytan cried loudly on birth of Prophet saw)<sup>99</sup>

I tillegg til den ganske radikale kommentaren frå Bhopali si bok, er informanten sitt utsegn om salafiar og wahhabiar sine misnøgde fjes under prosesjonen interessant.

Kommentaren i parentes i sitatet tolkar eg som ei samanlikning av salafi-muslimar og Satan. Dette er nettstaden sin meining – ikkje informanten eg snakka med.<sup>100</sup> Imamen frå London er litt meir balansert enn Bhopali når det kjem til viktigeita av *milad*:

But the celebration of the *milad*, that is a bit different – that is not obligatory. Different dates... it is not obligatory, that if some Muslim does not celebrate it they are not *kafir*, they are not non-Muslim, they are not bad Muslims if they are not celebrating because it is not obligatory. [...] So the celebration of the *milad* is enjoyment as well, happiness as well but inside the limits. That is restrictly bounded.

Som tidlegare nemnd innhald også flygeblada som vart dela ut under prosesjonen ofte argument for feiringa basert på *hadith* og koranvers. Eg vil ikkje gå gjennom desse her då dette er ei massiv mengde stoff. Ein etter mi meining typisk «bevis-artikkel» er artikkelen frå [www.ahlus-sunna.com](http://www.ahlus-sunna.com).<sup>101</sup> Denne typen samlingar av bevis og argument for feiringa kjem ein ofte over i forskjellige islamske nettsamfunn som stiller seg positive til *milad un-nabi*. Argumenta i desse artiklane er ofte like argumenta til informanten nedanfor – motstandarar av feiringa forstår ikkje *hadith* eller islamsk lovgjeving:

[...] they are happy because of the birth of the Prophet [...]. That is the major difference between us and them (Deobandis)... it's not an innovation, to us that is an Islamic thing, it is Islam. It is permissible to do, we are happy on the occasion and there is various proofs, you know, scholars have given proofs for example our sheikh will give you proofs... from the Quran, the *hadith*. The prophet used to fast on his birthday, that's in *Shaih Bukari* – that is one

---

<sup>99</sup> [http://www.ahlus-sunna.com/index.php?option=com\\_content&view=article&id=53&Itemid=118](http://www.ahlus-sunna.com/index.php?option=com_content&view=article&id=53&Itemid=118) Besøkt 9.4.12

<sup>100</sup> Eg har dessverre ikkje hat muligeit til å få Bhopalis bok i hende for å sjekke om desse utsegna er sanne, eller riktig oversett.

<sup>101</sup> [http://www.ahlus-sunna.com/index.php?option=com\\_content&view=article&id=53&Itemid=118](http://www.ahlus-sunna.com/index.php?option=com_content&view=article&id=53&Itemid=118) Besøkt 9.4.12

of the proofs for us. But then then Wahhabis will say «you lot don't fast, you'll do other things, for example you do other things like the march, why don't you just restrict yourselves to the fast?» They don't understand that Islamic law is open in a sense, not restrictive, [...] you can expand slightly, within the perimeters [...] you can have food and etc. That is how Islamic law is, slightly expandable, not restrictive. [...] they (Wahhabis) don't understand *hadith*.

Mitt inntrykk var at deler av feiringa bar preg av debatten om kor vidt feiringa var legitim eller ikkje. Som nemnd snakka nokre av informantane om dette temaet utan at eg spurde dei om det. Når eg tok initiativ til å snakke om usemje mellom ulike retningar kring feiringa, hadde dei fleste mange meiningar og argument for feiringa – og mot dei som ikkje feira. Det var kun eit fåtal, helst dei yngste gutane, som berre svara at «ja, det er nokon som ikkje feirar» utan å gå meir inn på temaet. To av tre flygeblad som vart dela ut under prosesjonen innhald også argument for legitimiteten til feiringa gjennom koransitat, *hadith* og sitat frå kjende lærde som for eksempel imam Suyuti. Eit av flygeblada kategoriserer også feiringa som *bid'a hasana*.

### **Fredagsbøn i nord-London**

Eg tok plass bakst i det øvste rommet, moskeen var under konstruksjon og det var også eit bønerom i underetasjen, der imamen preika. Gjennom eit lydanlegg kunne ein høyre han også i etasjen over. Moskeen fyltes opp og bøna gjekk i gong. Etter kvart som den vart ferdig forlét nokre av mennene salen, mens somme vart sittande igjen på betonggolvet og utførte *zīkr*. Dei kviskra roleg «Allah ho, Allah ho» for seg sjølv, mens dei sakte rista på hovudet. Eg bevega meg ned der imamen satt, og mens eg venta på at han skulle bli ferdig å prate med dei mange mennene som ville diskutere med han, la eg merke til ein ung gut som gjekk rundt i lokalet og bar på eit tørkle. Han var nok ikkje meir enn 7–8 år, og fortalde meg at han samla inn pengar til søndagens store *milad*-feiring.

Når ein ser tilbake på feiringane er det klart at dette kostar ein del pengar. Det økonomiske aspektet er også noko som ofte er eit tema for kritikarar. Ein av imamane eg snakka med kom inn på temaet:

[...] Like you can say these are mad people, how are they doing this big, big... like they are spending too much money on it... but this is to show your love. If you spend millions and millions on your house to make it beautiful or big... so Allah gives you money that you can

spend on yourself as well, make a good house, and you can give to others as well. In the same way when Allah gives us the money we can... like maybe you saw today; people are giving money – thousand, hundred, fifty [...].

Imamen kjenner nok til kritikken av pengebruken når det kjem til *milad*-feiringa, men for han er dette berre eit teikn på kjærleik til profeten – og pengane verkar i hans auge å komme frå Gud. Som han påpeika gav også mange av dei tilstade i moskeen pengar til den litle guten som samla inn. Eg har på ingen måte full oversikt over korleis desse feiringane vart finansiert, og det har heller aldri vert fokuset i dette prosjektet. Det eg observerte av økonomiske aspekt, var hovudsakleg innsamling av pengar og donasjonar både heime hos sjeiken og i byrjinga av seremonien i London. Til gjengjeld var desse donasjonane, som også er beskrivi nedanfor, mange og nokre gongar store. Det er ikkje grunn til å tru at donasjonane eg såg var dei einaste. Ein informant forklarte at folk donerar i førevegen, og viste til kva pengane bland anna vert bruka til:

[...] People donate money beforehand and with that money... it can be utilized for a good cause. Maybe part-payment of certain food, getting the tent together, also there will be elderly people there who will struggle on the march – it is a, maybe, one to two mile march. So there is busses provided as well, we get two busses... they drive along, in a sense, behind the (other) people, one for the males and one for the females. So obviously you'll have maybe a person with a walking-stick so you know they struggle, you know... two miles.... So the main thing is that they want to participate in the mawlid, even though they perhaps physically can't walk. There might be some cars as well... one of our scholars from Birmingham, he struggles walking, and so he'll come in a car as well... he is also a descendant of the prophet. (Even though they struggle walking) they want to participate because it is a happy and joyous occasion.

Mat og transport for eldre er i mine auge ikkje noko ein kan kritisere for å være ekstravagant, og desse konkrete aspekta har eg heller ikkje sett bli kritisert nokon plass. Generelt blir den økonomiske kritikken frå motstandarar retta mot sløsing av pengar og «skryting» gjennom å ha den dyraste og mest ekstravagante feiringa. Kunne ikkje alle desse pengane heller vorte bruka på fattige muslimar i nød? *Zakat*, eller almisse, er vel meir islamsk enn overforbruk, pomp og prakt? Slik lyd ofte argumenta mot pengebruken i *milad*-feingar. Men desse argumenta kjem ikkje alltid frå muslimar som fordømmer feiringa i sin heilskap. Naturlegvis finn ein også bland dei som stiller seg positive til *milad un-nabi*, forskjellige stemmer når det kjem til utføringa og innhaldet i feiringa. Eit eksempel på kritikk av dei økonomiske aspekta som kjem frå «innsida» er henta frå eit



nett-forum.<sup>102</sup> Dette forumet har eg følgd sidan oktober 2011, og ut frå mine erfaringar vil eg klassifisere denne nettstaden som hovudsakleg positiv til *milad un-nabi*. Diskusjonen, og kritikken, tar utgangspunkt i ei hending under årets *jaloos* i Bradford. Under denne prosesjonen viste det seg at det hadde blitt leigd inn eit fly med ein banner på slep. Banneret ynskte alle deltakarane ein god *milad*. Dette vart også nemnd i ein avisartikkel<sup>103</sup> og det finnes opptak av marsjen som inkluderer flyet.<sup>104</sup> Debatten sentrerte seg kring spørsmålet om dette var ein god bruk av pengar eller ikkje, og kom etter kvart inn på kritikken av somme *pirar* og sjeikar sin ekstravagante livsstil. Somme meinte at almisse til dei fattige vart overskygga av dei dyre, ekstravagante innslaga i feiringa. Brukaren «Desert-Sheikh» uttrykte seg slik:

Instead of hiring aeroplanes or helicopters, Pir Sahibs should fly above the Jaloos, a great opportunity to show their skills to strengthen the faith of their followers and recruit new mureed. Illiterate, greedy for publicity and political Sufi-Mullah innovations in this century will become 'article of faith' in the next century.

I'm afraid that one day, (God forbid) you'll see a half-naked female dancing behind a Naat singer in a Milad gathering and Pir Sahib will be throwing money over her, and Mullah-o-Sufi will be defending this hideous act in the name of love and celebration.

«Pir Shaib» referera til *pirar* generelt og ikkje nokon spesifikk *pir*. Det er også openbart at innlegget er noko sarkastisk, men etter mi meining representerer dette noko av kritikken frå «innsida». Kritikkk og missnøye med dei økonomiske aspekta er ikkje noko nytt når der kjem til *milad*. Marion Holmes Katz eksemplifiserer mange av desse tidlege, kritiske røystene. Det sosiale presset som oppstår då det er ope for donasjonar er bland anna noko som vert diskutert i tekstar frå 1300-talet, viser Katz.<sup>105</sup> Dette er også noko meir moderne kritikk av festivalen går inn på. I ein *fatwa* skrivi av Muhammad Abdul Muntaqim Sylheti<sup>106</sup> vert det lista opp sju punkt som viser at *milad*-feiringa er ein uting. Det femte punktet lyd slik:

---

<sup>102</sup> <http://www.yanabi.com/index.php/?topic/424814-why-is-it-important-to-hire-aeroplanes-helicopters-and-rockets-to-accompany-us-in-milad-jalsa-jaloos/> Besøkt 16.4.12

<sup>103</sup> [http://www.thetelegraphandargus.co.uk/news/local/localbrad/9540424.Men\\_parade\\_to\\_celebrate\\_Prophet\\_s\\_birthday/](http://www.thetelegraphandargus.co.uk/news/local/localbrad/9540424.Men_parade_to_celebrate_Prophet_s_birthday/) Besøkt 16.4.12

<sup>104</sup> <http://www.youtube.com/watch?v=WqWcjmbvXKM&feature=relmfu> Besøkt 16.4.12. Flyet er synleg frå 0:08 til 0:10.

<sup>105</sup> Katz, *The Birth*, s. 67–71.

<sup>106</sup> Det har ikkje lukkast meg å finne noko informasjon om denne mannen, men det kan nemnast at fatwaen er skriven i samarbeid med Mufti Muhammad Taqi Usmani, ein kjend deobandi-lærd.

To meet the expenses donations are collected from sometimes unwilling people who give money under social pressure. According to the hadith it is not permissible to take any Muslim's money without his willingness.<sup>107</sup>

Artikkelen stiller seg også kritisk til det som vert kalla *showoff*, skryting, som han meiner er å finne dei fleste av dagens feiringar. Ein kan kanskje ane element av skryting og ekstravaganse når ein feirar profeten med fly og Rolls-Royce-bilar. Men kvar går grensa mellom skrytande framvising og å gjere skikkeleg stas på profeten? Meiniane er mange, også innafor dei gruppene som stiller seg positive til feiringa. Kritikken kring dei økonomiske aspekta er viktig då den framhevar det faktumet at det også er mange gråsoner i denne debatten. Det er ikkje alltid svart-kvitt, lag A mot B, motstandarar mot tilhengjarar – sjatteringane i debatten kring *milad* er mange.

Imamen vart ferdig og tok meg med opp til eit rom over der eg hadde såte under bønna. Etter nesten ein time med intervju kom nokre yngre menn og satt seg ned ved oss, og lytta til imamens svar på mine spørsmål. Imamen sendte ein av gutane ut for å kjøpe mat – også til meg. Etter intervjuet åt og småprata eg med dei unge mennene som gjorde seg klar til koranundervising. Dei gav meg eit flygeblad som fortalde om *milad*, og gav uttrykk for at dei gleda seg særst mykje til den store dagen på sundag. Etter måltidet takka eg for meg, og kom meg tilbake til Westminster. Sjølv om det i starten hadde vert litt vanskeleg å få innpass i denne moskeen, følte eg at eg hadde blitt teken inn i varmen til slutt, og satt igjen med mykje god informasjon om feiringa.

Etter ein lang dag oppe i nord-aust London kom eg meg heim til hotelet der eg gjekk gjennom intervjuet, og prøvde å gjere dagens inntrykk om til tekst. Plutselig, klokka tolv på kvelden, fekk eg ein uventa telefon frå ein av informantane mine. Han hadde gode nyheiter til meg. Han hadde snakka med sjeiken deira, Hazrat Pir Syed Abdul Qadir Jilani, og forklart han at eg skulle observere den komande *milad*-feiringa, og at eg var ute etter å lære meir om denne tradisjonen. Sjeiken, som eg vart fortald vanlegvis ikkje inviterte utanforståande, hadde tykt godt om mitt val av *milad un-nabi* som studieobjekt. Eg var difor invitert heim til sjeiken, då han var ledig mellom klokka tre og fire neste dag. Dette var ein unik moglegheit eg naturlegvis ikkje kunne la vere.

---

<sup>107</sup> [http://www.albalagh.net/qa/milad\\_qa.shtml](http://www.albalagh.net/qa/milad_qa.shtml) Besøkt 17.4.12.

## Hos sjeiken

På laurdags morgon gjorde eg meg klar og etter ei stund på undergrunnsbanen var eg eit godt stykke nærare sjeiken sitt hus. Med adressa i hovudet spurde eg meg fram bland folka på gata, som kunne fortelje meg at det var berre til å følge vegen rett fram, men at det var ein svært lang strekning å gå – her var det nødvendig med buss eller taxi. Eg tok likevell i bruk beina, og fann ut at det ikkje var snakk om meir enn ti minuttar gange. Eg fann huset og ringte det nummeret informanten min gav meg. Eg kom til sjeiken sin private «caretaker», som han vart omtala som, som verka å vere ein slags assistent. Han kom til slutt ut og inviterte meg med inn i eit bygg som låg bak sjølve huset til sjeiken. Innsida av bygget verka i utgangspunktet som ein slags sal med stor plass på det teppedekte golvet. I eit hjørne var det stabla om lag 10 – 12 madrassar, moglegvis til reisande eller vener av sjeiken, og i eit anna hjørne var det fleire bokhyller. Eg la merke til at sjeiken mellom anna åtte G. E von Grunebaums *Muhammadan Festivals*, riktig nok i ei nyare utgåve en den som er å oppdrive på universitetsbiblioteket her i Bergen. Eg tok plass på golvet og prøvde å småprate litt med den einaste andre personane i rommet – ein eldre mann som sto i hjørna ved madrassene. Han verka ikkje spesielt interessert, og eg satt derfor i gong å finpusse spørsmåla og tankane eg hadde tenkt å ta opp med sjeiken. Etter ei stund kom ein anna mann som var sendt av tidlegare nemnde informant, han var stødig i engelsk og skulle hjelpe meg om det var naudsynt med noko form for tolk mellom engelsk og urdu. Han vart sittande med meg på golvet og me småprata om *milad*, sufisme, deobandi-retninga og forskjellar mellom forskjellige muslimar. Det tok ikkje lang tid før sjeiken kom med eit lite følge. Han tok plass ei ein liten sofa med store puter, og informerte om at intervjuet måtte utsettast ei stund, då han måtte kjøpe seg nye sko i anledning morgondagens prosesjon. Sjeiken fór, og assistentane følgde kvar einaste bevegelse han tok; dei sprang til når han reiste seg, hjelpte han på med dei gamle skoa og støtta han når han tok steget ut frå den litle salen og ned på platingen utanfor. Praten, som no hadde utvikla seg til eit laust intervju, gjekk vidare over eit måltid av kyllinglår servert av nokre av dei andre mennene tilstade. Mens me prata og venta på sjeiken, kom nokre gjester som også var her for å møte han. Nokre av dei var norsk-pakistanarar frå Oslo, som hadde kome i anledning *milad un-nabi*. Dei kunne informere om at dei nyleg

hadde feira *milad* i Oslo, men at dei òg ville delta her i London for å få moglegheita til å høyre sjeiken tale. Ein av dei uttrykte også litt missnøye med feiringa i Oslo – den var lita, kun 300–400 personar var møtt opp, og han såg fram til ei større feiring med fleire menneske. Sjeiken kom tilbake og alle mennene i salen spratt opp for å ta i mot han. Dei helsa, klemte han, kyste henda og føtene hans og somme gret sidan dei endeleg hadde fått møte han. Sjeiken tok igjen plass i den litle sofaen mens alle andre satt på golvet. Han var no klar for å svare på mine spørsmål. Gjestene satt i ein halv-sirkel rundt sofaen, mens eg og den oppnemnde informantan min satt i midten, rett føre sjeiken. Sjeiken hadde litt problem med å forstå min engelsk, så informantan min forklarte spørsmåla på urdu. Sjeiken svara i stor detalj kring meininga og innhaldet i *milad*-seremonien, og nokre gongar når han gjorde eit teologisk poeng, var det tilrop frå gjestene som følgde nøye med på intervjuet.

Sjeiken forklarte meg etterkvart kva historier dei fortel under sjølve seremonien, og gav meg nokre eksempel. Dette var hovudsakleg historier som omhandlar profeten Muhammad sin fødsel, og dei forskjellige undera som vart forbunde med denne fødselen. Også nokre av dei andre informantane eg spurde om desse historiene, hadde ein viss kjennskap til dei. Men ingen av desse informantane kunne like mykje om historiene som sjeiken – som svara i enorm detalj og mengde. Grunna lengda på sjeikens forklaring har eg valt å ikkje inkludere alt her i hovudteksten. Dei lengre historiene han fortel vert i staden lagd fram i sin heilskap som eit vedlegg (vedlegg 3), som anbefalast å lese før ein les resten av denne utlegginga av innhaldet i *milad*-seremonien. Fyrst forklarte han det han ser på som meininga bak *milad*-feiringa og kvifor ein skal feire dette:

Yes, the celebration of the birth of the Holy Prophet. It is a matter that is very comprehensible – everybody can understand it. Because, according to Islamic law [...] Allah made us realize the bounty of the Holy Prophet, he was the highest bounty of Allah granted to us. Allah did not make us realize any bounty except the gift of Muhammad. Muhammad [...] is the highest and the most precious bounty of Allah to the creation. [...] Muhammad is the highest bounty of Allah. [...] whatever the bounties that has been granted to you, you are duty-bound to propagate it... to preach about it and to introduce it to the society. Since nabi's (prophet's) birthday is the best bounty, and every bounty is necessary to be propagated for. [...]. Now it is (the) celebration of the birthday... is a common sense. Even the mothers are celebrating the birthday of their sons and their daughters themselves; they are celebrating the anniversaries as well. So the day of independence of a country is also celebrated. But these bounties are not equal to the bounty of Muhammad; therefor the celebration of the birthday of Muhammad is worthier with a strong reason to be celebrated. This is the cause. And there are Muslim views that the time of birth, and time of bounty can be one, but the propagation and the celebration can be (done) during the whole year. Because... the health was granted to you by Allah, and every day you should pay the thanks to Allah, for your good health, health was

granted to you in one day, but you are duty-bound to celebrate it every day. Similarly the birth of the Holy Prophet was granted by Allah, to the creation especially to the believers and a person who is obliged by a gift is duty-bound to celebrate it. Just like if I am giving you something, you are duty-bound to pay thanks to me [...], and as the creation is concerned that is a bounty to the total creation, to the total universe, therefor, as a matter of fact, the entire universe is duty-bound to celebrate that day. Are you satisfied?

Sitatet frå sjeiken kan verke noko rotete då eg har måtte ta vekk ein del arabiske koransitat og andre formar for lovprising som braut opp forklaringa. Sjeikens hovudpoeng, slik eg ser det, er at profeten Muhammad har vorte gjeven til heile skaparverket som ei gåve, *bounty*, frå Allah. Når ein har motteke ei gåve er ein pålagd, *duty bound*, til å takke for den og dette gjer ein gjennom å feire at ein har motteke gåva. Takknemlegheita for denne gåva kan godt falle på same tid som profetens fødsel, altså *milad un-nabi*, men sjeiken meiner også at feiringa av denne gåva kan skje gjennom heile året. Imamen eg hadde prata med nokre dagar før eg møtte sjeiken gav på mange måtar ein kortare versjon av denne ideen:

So that (*milad*) is a day when we Muslims believe that we are having all these... like you can say the bounties of Allah because of the Holy Prophet. If the Holy Prophet is not there Islam is not there, and we would not be Muslims, so we are celebrating and enjoying the days when we have the other bounties so we should enjoy that day as well... because of that person (Muhammad) we are having all our bounties

Etter denne grunngjevinga gjekk sjeiken nærare inn på nøyaktig kva for vert forklart under sjølve *milad*-seremonien:

Really we explain the time of the birth of Muhammad. The details and the miracles which was seen at that time, partial or impartial every type of evidence is collected by us. At the time of celebration (birth) many things were seen. Just like the idols of Kaaba shereef, they fell down... headlong. And this evidence can be offered on behalf of the non-Muslims. Even the worst enemy of the Holy Prophet was Abo jahl (Amr Ibn Hisham), in those days he was chief of the (pre-Islamic) faith. He states that at the time of the birth of Muhammad «I saw the idols of Kaaba shereef, they had fallen down». So this is an impartial... exculpating evidence. Do you know exculpatory evidence? It is a legal term. (...) We explain the birth of the holy prophet; the changes in that time... (that) occurred in the world... are explained just to show that he was not a normal person.

Hovudtemaet for seremonien er altså profetens fødsel og mirakla kring dette. Forskjellege forteljingar, eller bevis i sjeikens auge, er med på å underbygge profetens natur som ein ekstraordinær person. Som ein kan sjå i vedlegg 3 vert Muhammeds lys-natur ofte nemnd, og dette verkar å vere eit særst godt kjend konsept bland mange eg snakka med. Muhammad som lys er også noko av det som vert nemna på *milad*-feiringa:

[...] *nabi* Muhammad was light, therefore when he put the foot on the ground all of the plants and flowers and organic bodies received the light from the foot of Muhammad, and that was the day of birth of Muhammad. We explain these things (in the *milad*), it shows that *nabi* perfectly was light, otherwise his mother would have realized the weight and the gravity, but during the total pregnancy there was no gravity and no weight. [...] one should not conclude that *nabi* Muhammad was a man like us, he was light but he assumed the form of humanity.

Mykje av det sjeiken fortalde kan verke ganske framand for nokon som kun har basale kunnskapar og islam og profeten. Men desse beskrivingane av profetens eigenskapar fell utan problem inn i Ahl us-Sunnah sin profetologi.<sup>108</sup>

Imamen gjorde eit lite samandrag av forskjellige historier, og nokre av dei er like dei sjeiken fortalde (vedlegg 3), men med mindre detalj eller med andre detaljar. I likskap med sjeiken såg ein at nokre av desse mirakla vert forklart som tidlege eksempel på moderande teknologi, som for eksempel røntgenlys. Både imamen og sjeikens bruk av moderande teknologi som ein del av forklaringa av mirakla kring profetens fødsel var spanande tema, med det er ikkje noko eg vil fokusere på i dette prosjektet. Imamen fortalde:

*Q: Besides these poems, are there any other categories of stories about the Prophet's life? Are there any about his birth?*

*A: Many stories... and it's not like today's stories... you can find them in the old books. Like one of the stories of the birth of the Holy Prophet is... when the time of the holy person comes, the mother of the Prophet she said; I saw a light (that) came out of me and because of that light I was able to see the palaces of Damascus... and that city in that time was called (*busra*)... palaces of *busra*... a lady is laying down and she can see a thousand miles away (because of the light), and the people of that time may be thinking how is this possible? Today science has proved that this is possible. A light can make you see through walls, mountains... like x-ray light... x-ray light make you see... inside the body. It passes through your bones as well. Same way when the (Prophet) was born at that time, there was a light of the Holy Prophet, because of that light the mother could see through the mountain and everything. And then she was able to see the palaces of the *busra* city. This light was coming from the Prophet himself.*

And the second story is; as soon as the Prophet was born his mom she told... when he was born, at that time the navel... the navel (string) was cut and he was perfumed, his hair was combed [...]. Yes, there was perfume with him, and he came and all of a sudden as soon as he was born... there were some angels as well, and they put him in a cloth... beautiful cloth, and as soon as he was born he prostrated, he did the *shahada* in front of Allah... a prayer – he was praying. At this time he could speak as well. At that time he spoke; «O Allah! Give my *umma* to me». That means on the Day of Judgment «O Allah, please don't take any account of my *umma* on that day... maybe some people are good some are bad, so the bad people would be sent to hell... so please give them to me and I will take them in paradise with me». That was the first sentence (he said) when I came in this world. The mother of the Prophet she heard this sentence from him on the very first day he spoke.

---

<sup>108</sup> Sanyal, *Devotional Islam*, s. 255–267. For fleire detaljar kring Ahl us-Sunnah sin karakteristiske profetologi, sjå kapittel 2.2.1 ovanfor.

And our holy Kaaba... it bent on the day of the birth of the Holy Prophet toward the house of the Holy Prophet (the Kaaba itself turned and bent for him). So that shows how great the Holy Prophet is; the Kaaba is bowing down to the Holy Prophet!

Q: *These stories are they exclusive for the milad celebration... or are they told perhaps through the rest of the year as well?*

A: The rest of the year as well, but mostly on this occasion.

Imamens historier, i likskap med sjeikens, verkar i mine auge å ha som mål å understreke profeten Muhammads overmenneskelege natur og evner. Dette kjem tydelig fram i dei fleste historiene kring hans fødsel, og som sjeiken sa sjølv «one should not conclude that *nabi* Muhammad was a man like us». Andre overmenneskelege kvalitetar har også opp gjennom historia vorte skjenka profeten. Ahmad Riza Khan, grunnleggjaren av Ahl us-Sunnah, beskreib og forsvara mange av desse kvalitetane, som profeten hadde motteke frå Allah grunna hans kjærleik til profeten.<sup>109</sup> Sanyal hevdar at denne ideen om kjærleik mellom Allah og profeten ber ein markant preg av sufisme, og det same gjeld ideen om at Muhammad var laga av lys – og difor ikkje hadde nokon skugge<sup>110</sup>. Somme av dei andre kvalitetane framheva av Riza Khan er bland anna at ingen fluger satt seg på profeten, mygg drakk ikkje blodet hans og om han rei eit dyr ville dette dyret aldri eldas meir. I tillegg kunne han sjå i mørket.<sup>111</sup> Profetens unormale natur vart også nemna av andre enn desse to religiøse leiarane. Ein mann eg intervjuar utanfor ein moske i Manchester påpeika også at fødselen var noko utanom det vanlege «we need to understand that... the birth of the prophet is not something normal; it's something very important to the Muslims and to the whole world». Både imamens og sjeikens historier verka å vere oppsummeringar av kjende klassiske narrativ kring profetens fødsel. Særleg profetens lys og palassa i Busra/Damaskus er element ein kjenner igjen frå eldre narrativ.<sup>112</sup>

Sjeiken har gjeve eit klart inntrykk av kva talane og fortelingane under seremonien handlar om. Hos imamen fekk eg også vite meir om den konkrete strukturen på seremonien, kva element som må være tilstade og kva som ikkje bør inkluderast i ei *milad*-feiring:

---

<sup>109</sup> Sanyal, *Devotional Islam*, s.262.

<sup>110</sup> Sanyal, *Devotional Islam*, s.262.

<sup>111</sup> Sanyal, *Devotional Islam*, s 263.

<sup>112</sup> Katz, *The Birth*, s. 31 og 41–43.

[...] And there must be recitation of the Quran, there must be the *na't* of the Holy Prophet as well, and there must be speeches and recitation of the Quran... good things, no worldly things should be in those celebrations.

Q: *These are things that must be there...*

A: Must be, yeah. Like... we are not celebrating the *milad* as people they celebrate their own birthdays – they clap, they cut the cakes and then the dance-party and... whatever they want to enjoy. No, that kind of joy isn't... nowhere in the celebration of the *milad*. We like... we celebrate the two big festivals in Islam as well, like... the first festival is after Ramadan called *eid ul-fitr* and the second is in the month of *hajj*, that is the tenth *hajj* in the Islamic calendar. So according to Islam the celebration is to pay thanks to Allah the god... you give us these things, we are paying thanks to you now.

Det er altså ikkje plass til noko form for sekulær underhaldning i *milad*-feiringa, og igjen ser ein korleis feiringa vert sett på som ein måte å vise sin takknemlegheit til Allah for gåvene han har skjenka sitt skaparverk. Imamen kom etter kvart inn på strukturen i feiringa, særleg seremonien:

Q: *How would a normal celebration go about? What contents does it have? What do you do during the celebration?*

A: If you see all over the world the people they celebrate *milad un-nabi*, the birth of the Holy Prophet. Wherever you will see, we start with the recitation of the Quran... verses from the Quran. We decide that (those). Number two; we recite the *Na't*. *Na't* means... like we describe the beauty of the Holy Prophet... (His time, his character and his sacrifices) and all concerning the Holy Prophets life, we recite that. And then there are scholars... they give the speeches and they give the lectures about the Holy Prophet's life, the miracle of Holy Prophet. And the translation and explanation of the Quranic verses, and why we celebrate the *milad un-nabi*, why should we... and what happens I we don't... and the universality of Islam, and the peace of the Holy Prophet, the *rahman* (compassion) of the Holy Prophet, the mercy of the Holy Prophet as well – all these things. And after, when we finish we... in most areas, in the ending point we do salaams, you saw us today after we stand up we are reading the salaams that is like [...] we are sending our *salaams* to the Holy Prophet, in the end. That means that we are going to finish the *mehfil*, the celebrations now, that is the ending point. And then afterward the guests, we invite them and they are there, and we present the food to them. They eat there because... like if someone is coming from Norway... like there is a boy from Norway, he came here and he will stay here till Sunday. He came from there to here just to participate in the *milad* celebrations. So, like if a person is coming from Norway, this is our duty to provide him the food as well, then everyone eats, and then they go home... with a message we like to convey in the *milad* celebrations; ... we are Muslims but how should we live in this world... what will happen when we leave this world when we die, so what will happen next? So we make the mind of a person who is there inside of the celebrations and the *mehfil* and the sittings... to make his mind that we are not here forever, we come here for some time... this is not the place to live forever, so get ready for the next one, that is the message of the celebrations...

Imamens beskriving av seremonien passa godt med det eg sjølv opplevde, både i London og i Manchester. Kort fortald består altså seremonien av koranvers som ein kan velje sjølv, og *na't* poesi – to element som *må* være tilstade i følgje imamen. Talar frå lærde, bland anna sjeiken, verkar å være ein sentral del av seremonien og det vart via mykje tid



til dette. Som tidlegare nemnd bar deler av feiringa preg av å legitimere seg sjølv, og som imamen sa forklarte dei « why we celebrate the *milad un-nabi*, why should we... and what happens if we don't». Ein del av feiringa går altså ut på å forklare kvifor ein feirar. Dette forklaringsaspektet, eller legitimeringa, kom også fram då eg spurde nokre av informantane om kva som skulle skje under seremonien. Ein ung mann svara at «(...) they're going to explain to us why we are celebrating, why we're doing it, obviously so everyone from the kids to the elders know exactly why they're doing it...». Vidare vert seremonien avslutta med å sende sine bønner og helsingar til profeten, og etter dette er det tid for mat. Imamen nemnde ikkje *jaloosen* som etter mitt syn dela opp seremonien i to delar. Talar, resitasjon og *na't* var tilstade både før og etter prosesjonen, og det verka ikkje som om det var noko stor forskjell på seremonien før og etter denne prosesjonen. Ein forskjell var likevell at gjestane haldt sine talar etter at folk kom tilbake frå marsjen. I siste del av imamens forklaring trakk han fram nokre refleksjonar kring etterlivet og korleis ein skal leve i denne verden. Sidan eg ikkje forstår urdu, veit eg ikkje om dette vart fokusert på under seremonien. Som imamen sa var dette «the message of the celebrations», men eg notar meg likevell at ingen av deltakarane eg prata med trakk fram eller nemnde tankar kring etterlivet i det heile tatt. Av dei historiene og eksempla sjeiken tok i bruk sentrerte heller ingen av desse kring etterlivet.

Etter eit lengre intervju lyt sjeiken be og trakk seg tilbake til huset sitt, mens dei andre menna bad inne i salen. Sjeiken var innstilla på å fortsette intervjuet etter bøna, men mens han var vekke hadde det strøyma på med fleire gjester, og det vart klart at dei ikkje ville være mogleg. Bland dei nye gjestene var det to unge menn frå Tromsø; også der hadde det vert feira *milad*, riktig nok utan prosesjon. Dei fleste av gjestene hadde med seg brev og pengegåver i form av donasjonar som var dedisert til *milad*-feiringa. Sjeiken kom tilbake, og det vart ein ny runde med helsingar, men denne gongen kom han inn med eit lite born på armen. Eg vart fortald at sjeiken var mellom 73–75 år, og at borne var hans eige – den litle guten kan ikkje ha vor meir en 3–4 år. Sjeiken satt seg på plassen sin, samen med sonen som gjømde seg bak ryggen på faren men kikka fram nokre gongar. Det var no tid for å ta i mot donasjonane. Brev etter brev vart presentert for sjeiken. Sjeiken las breva høgt, mens ein imam talde pengane og førte lister over kven som hadde

gjeve kva. Golvet vart sakte fylla opp av britiske pund, norske kroner og euro. Mens pengegåvene vart mottekne gjekk det meste av praten på urdu, og stemninga var ganske avslappa. Informanten, som sat ved sida av meg, oversatte litt etter litt. Han trakk fram ei historie sjeiken hadde fortalt om den litle guten han hadde med seg. Sjeiken fortalde at guten gjekk opp og ned trappa i huset mens han gjentok frasen «Allah ho Allah ho» for seg sjølv. Denne frasen er noko som ofte går igjen *zikr*, eller påminning om Gud. Historia fall i smak hos gjestene. Eg vart sittande ei stund til og prata med informanten min, men når klokka nära seg halv ni var det på tide å dra tilbake til hotelet. Informanten min kjørde meg til næraste undergrunnsstasjon, og derfrå tok eg banen ned til Westminster. Det som eg i utgangspunktet hadde trudd skulle komme til å vere eit intervju på ein time, hadde utvikla seg til eit besøk på nesten seks timar. Eg fekk ikkje spurd sjeiken om alt eg undra på ved *milad*-feiringa, men i staden fekk eg oppleve korleis dei førebudde seg til feiringa, tok i mot gjester og donasjonar i det som kan seiast å ha vert ein privat og avslappa atmosfære. Dette var på mange måtar meir enn eg hadde håpa på. Feltarbeid viser seg å vere svært gjevande om ein er fleksibel og tålmodig med dei ein studerer. Ein kan ikkje styre alt sjølv, og mange ting må ein ta som dei kjem og berre følgje straumen – og om ein har flaks, får ein mykje igjen for å ha ei slik haldning.

### **Milad i London**

Nok ein gong tek eg Victoria Line opp til Walthamstow Central. Eg fortsette nordover til Walthamstow Assembly Hall der feiringa skulle finne stad, då det ikkje er noka moské i området som er stor nok til å ta i mot alle menneska som kjem. Eg fann raskt fram til denne store hallen, og utanfor var nokre menn i gong med å setje opp ein del små bord og bodar med varer til sals. Dei grønne *milad*-flagga var sett opp rundt inngangen og på alle borda. Det var fortsatt ei stund igjen til prosesjonen, og det var ikkje så mange å sjå utanfor hallen, men det var ein stødig straum av personbilar som slapp av folk, og ein del kom gåande. Eg hadde ikkje før gått ned den litle bakken til rundkøyringa føre hallen, før informanten frå møte hos sjeiken ringde meg. Han undra om eg hadde funne fram. Eg møtte han ved inngangen og han tor meg med inn i hallen. Han viste meg entusiastisk

rundt, presenterte meg for folk han kjende og anbefalte meg å ta bilete av det meste. Det var ein stor hall, og det var mykje folk her – men hallen er langt frå full. Ein kunne gå inn med sko så lenge ein heldt seg i ytterkantane av rommet. Forutan om på denne smale, firkanta stien rundt rommet – og nokre tynne årer gjennom midten – var det ikkje tillat med sko på. I størsteparten av hallen var det nemleg lagd ut tepper der ein måtte vere skolaus – akkurat som i moskeen. På veggene hang det stor fargerike bannerar med bilete og påskrift på urdu. Fremst i lokalet var det ein sene, den også pynta, og her satt sjeiken og fleire andre karar, bland andre imamar og assistentar. Fleire menn kom også fram til sjeiken men pengegåver, og ein av sjeiken sine assistentar førte lister over donasjonane. I midten av rommet var det også eit lite podium, der det var sett opp seks kamera – med kamera-team inkludert – for å fange den store hendinga på film. Opptaka vart og send direkte på storskjerm i kvinneteltet som låg på bakside av hallen.



Byrjinga av seremonien i London.

Kjønnsdelinga var ganske tydeleg på begge feiringane eg observerte – eigne telt, eigen mat og eigen prosesjon for kvinnene i London.<sup>113</sup> Sjølv om eg ikkje hadde noko kontakt med kvinner ute i felten, var det klart at kvinner også deltok i feiringa av profeten. Grunna delinga av kjønn var det heller ikkje lett å komme i kontakt med nokon av kvinnene, og området inn til kvinne-teltet i London var også vakta slik at ingen uvelkomne skulle gå inn der. Likevett spurde eg nokre av informantane mine om kvinnene og *milad*. Imamen eg snakka med i London kunne fortelje meg litt om kvinnene:

Q: *Do no females take part in the procession? Are there only men?*

A: In fact the females are allowed to come, and we are arranging them... a separate area for them as well and you will see in our procession... that if ten thousand men are there, there will be six-seven thousand ladies there. And we ask them, we invite them that you should come and you should sit down in the area we made for you. But the ladies come without our permission, they come on the roads as well, and they are with us in the procession as well. Because there are some restriction of the *parda*, the *hijab* for the ladies, so according to that we ask them that you should stay inside the area we made for them, but if they don't want to we arrange the security for them as well... in the procession. So they are escorted (by) guards as well, there are stewards as well in the procession and they are participating in the procession as well, the ladies. So men and women, children, old people, everyone is there.

Q: *Are there any milad-arrangements that are specifically for women?*

A: Yes. In the mosques... every single mosque they arrange a separate *mehfil*, the sitting of the *milad* celebrations... in the mosque. And in that program the ladies they are doing the recitation, the poetry, the speeches, the salaams and the food, everything they are doing... separately as well. Then there are [...] *mehfil e na't of milad shereef*. They do it together as well... like it is two portions in the mosque... men on the ground floor and women on the first floor and they are enjoying the same one *mehfil*.

Det er interessant å sjå at kvinnene, i følgje imamen, deltok i prosesjonen utan deira (mennas) tillating, og at det likevett vart ordna ein eskorte til dei om dei ville delta. På meg verka det som om det var vanleg at dei deltok i *jaloosen*, då det var arrangert at det var ein buss som skilja dei frå menna. Også utanfor moskeen var det arrangement leda av kvinner. Ein informant i Manchester fortalde meg at kona hans opptredde på fleire private *milad*-møter for kvinner:

My misses, my wife she is an Islamic scholar and she, yesterday, went to three programs about *mawlid* and she's very good at poetry, she had some speeches as well.... So ladies call her to their house, ladies hold their gathering at houses. My misses is going this moment to hold this function, and women as well as men, children, all ages, all groups of people

---

<sup>113</sup> Det var ingen kvinner i prosesjonen i Manchester.

celebrate this event. Some people decorate their house, you know, like Christmas... with lights.... Yesterday my wife she went to a gathering and it was beautifully decorated. You could see and know that there was some special and holy event going on. It's not important to decorate houses but people that show love for the prophet they do this. ...

Som imamen påpeika kunne det vere opp til fleire tusen kvinner tilstade. Eg kan ikkje verifisere det nøyaktige talet på kvinner som deltok på *milad*-seremonien eller prosesjonen, men eg såg sjølv store mengder jenter og kvinner i prosesjonen i London. Ei kort beskriving av damene sitt tog er å finne nedanfor i teksten. Informasjonen om arrangement for kvinner var utsegn eg fekk frå menn. Med andre ord vert dette på mange måtar andrehands-informasjon om kjønnsaspektet ved feiringa. Kvinnenenes eige syn på *milad un-nabi* kunne vert særst spanande å lære meir om. Dessverre kjem ikkje dette fram gjennom mitt feltarbeid, og det har frå starten heller ikkje vert meininga at feltarbeidet skulle fokusere særleg på dette.

Ute på teppet, ved sida av kameraa, såg eg også nokre kjende fjes frå gårdsdagen møte hos sjeiken – dei fleste muslimane frå Noreg hadde allereie møtt opp. Eg og informanten gjekk ut, der menneskemengda hadde vakse betraktelig. Ved borda og bodane var det fullt av liv, bussar frå andre byar i England kom ein etter eit og slapp av mengder av kvinner, menn og born. Bilar pynta med glitter og bannerar hengane på bak-ruta, ein liten lastebil med høgtalarar på lasteplanet som spelar *na't*, ballongar i forskjellige fargar og *milad*-sløyfer i grønt, gult og raudt på bortimot kvart einaste bryst. Eg gjekk rundt bland seljarane og kikka på varene. Ein fann pynte-lys og cd-ar, som i Manchester, men utvalet og mengdene var langt større her. Flagg var naturlegvis til sals, same med store mengder parfyme. Parfyme-seljaren fortalde meg at det var oljebastert parfyme, slik profeten bruka, og det var difor sunna. Bland små modellar av profetens moske og klokker som fortel deg kva tid du skal be, la eg merke til ein inn-rama tekst med arabisk og engelsk skift. Det var tre firkantar med arabisk tekst, og under dei var det ei forklaring på engelsk. To av dei var såkalla *tawiz*, små vers frå Koranen som har ei beskyttande verking. Desse beskytta bland anna mot jin, ånder, katastrofe og generelt alle typar for fare. I tillegg til dette får ein også mykje *barkat*, altså velsigningar. *Tawiz* har ein vanlegvis i ein amulett som ein ber på kroppen, men denne teksten kunne ein og hengje opp i huset sitt. Den siste teksten, nedst på papiret, var ein *duaa*, ein type bøn der ein ber Gud om ei form for

teneste, beskyttelse eller tilgiving. Akkurat denne bøna var kanskje mynta på ein kjøpmann, då den lovde rikdom, hell og lykke, og ingen frykt for fattigdom om den hang i butikken. Cd-ar med talar og forelesingar av sjeiken, hattar, bønkejeder og musikk – også *qawwali* med den verdskjende Nusrat Fateh Ali Khan, var berre noko av utvalet utanfor hallen.

Bussane gjekk framleis i skytteltrafikk, og folkemengda vaks. Politiet var også på plass og gjorde seg klar til å dirigere trafikk og halde orden på veggen, saman med dei frivillige. Inne i hallen tala sjeiken, og også her var det trangt om plassen. På veg bak hallen for å få oss ein kopp varm te, møtte eg og informanten min kjenningar frå Manchester. Dei var nyleg komne med ein av bussane og visa stolt fram ein sjølv laga banner. Etter teen gjekk me opp bakken frå hallen og opp til veggen, for å få eit overblikk av prosesjonen. Kvinnene hadde no komne ut av sitt telt, og sjeiken, som skulle gå fyrst, var på plass. Plutseleg var det bevegelse, mengda kom opp bakken og pressa seg ut gjennom portane ut til bilvegen. Ved portane stod ventande fotografar i håp om å få eit bilete av sjeiken. Med bilar, flagg, musikk og fleire tusen menneske vart det kaos ved portane, men dei frivillige og politiet klara å skape orden når prosesjonen kom ut på veggen – *jaloosen*, for mange dagens høgdepunkt, var i gong.

Særleg dei unge menna verka å sjå fram til prosesjonen og stemninga rundt dette. Ein av desse unge menna fortalde korleis han opplev *jaloosen* i Manchester:

[...] all the extravagancy comes when we do the *jaloos*, the march, but even then it's not... we don't perform the *jaloos* for attention; it's just a get-together [...]

Q: *They walk to the central mosque, right?*

A: Yeah, are you familiar with Wilmslow road, the curry mile they call it here, where all the curry places and take-away places are. We walk down there as well. The significance of it and how much... we don't really dominate but... we have the power to close one of the busiest roads in Manchester, it just shows you how significant our celebration is. And people from takeaways or newsagents they will stand on the side, and (that's) their contribution to the march, obviously they can't march because they got their own shops that they are running, but their contribution it that they tend to give out drinks, or like a sweetshop, like Asian sweets, I mean, they might stand on the side and give out some small sweets [...], that's their contribution because they can't march because of their responsibilities [...]

Informanten si meining om prosesjonen som eit kraftfullt uttrykk, er noko eg kan være einig med han i. Sjølv om han påpeika at dei ikkje dominerer, var det ikkje langt i frå.

Som eg allereie har beskrivi er *jaloosen* noko ein ikkje kan unngå å leggje merke til, med all sin lyd, farge og menneske i festhumør. Men også bland somme av dei muslimane eg snakka med var det nokre som verka litt bekymra over kva anna lokalbefolkning i området tenkte om ein slik prosesjon. Ein ung mann forsikra meg om at «it's not a protest or anything», og andre meinte det skulle vert meir informasjon til ikkje-muslimar om kvifor dei gjekk i gatene og feira:

[...] a point I picked up earlier, were I said to a lot of people... although we're walking (*jaloos*), and obviously we have brought the flags out but they are all Arabic, so it is very difficult for people to know why we are marching. It would be better if there was more signage or leafleting and such. [...] To kind of tell people what milad is and why we are doing it... the reasons behind it.

Like now, tomorrow when I go back to work people will say «oh there were loads of people walking in the streets, what's going on?» You have to explain to them as well...

Q: *Yeah, I guess there are a lot of people that don't know what's going on.*

A: Yeah! This is the thing, as I mentioned before, they need to make it a bit more... I suppose the message a little bit clearer (why we do this).

Q: *Yeah, I noticed there were some English leaflets though...*

A: Not enough I would say...

Det er interessant å sjå at somme av dei eg snakka med var ganske bevisste på å prøve å ikkje framandgjere folk i nærområdet som ikkje er muslimar. For totalt utanforståande kan nok prosesjonen til tider verke litt ekstatisk og framand. Men som informantane fortalde er det glede og kjærleik til profeten som ligg bak deira feiringa i gatene. At prosesjonen i London vart sett på som noko meir enn alle dei «vanlege» prosesjonane rundt om i landet, kjenner ein til frå tidlegare. I Manchester snakka fleire av menna entusiastisk om feiringa i gatene:

If you go, when you go to London, hopefully, you will ...inshallah, experience this ..., you will see roads blocked completely of twenty-thousand people, just standing together, and deciding that we're not going to cause any riots or fuzz or... you know, any chaos in the community, what we're going to do is, we're going to stand united [...].

Ein anna mann la til:

I'm telling you... words can't describe it... I mean you don't need to be a Muslim to see just how amazing it is. Also you don't need to be spiritually part of it to feel the spiritual... it's just a sense that you get, I mean you get everyone; people in wheelchairs, old people, young people, babies, women, daughters... it's just, it really is something huge.

Han fortalde vidare om då han tok med litlebror sin til marsjen i London:

[...] I think in London it's about four miles I think, you can't feel it. As kids, obviously... last year me and my dad we took my little brother as well and he could feel it but... if you walk four miles with just a group of people you would feel it after five-ten minutes, but there he was feeling it towards the end, I think then he was only about eight years old, and for an eight year old to walk four miles non-stop is a big thing... like I was saying, you don't need to be spiritually involved but it even has an effect on the kids as well, I mean they don't fully understand what's going on but because it's such a good crowd it's a good... it's good for the kids as well that they develop this thing as well at a young age. We live in a society where culture and religion, any religion, not just Islam, youth and teens are drifting away from their culture and from their religion and we just want to keep that... obviously Islam is still a growing religion, the largest religion in the world, we just keep all the spiritual stuff not just in the adults but also in the kids... and develop this from a young age.

For desse mennene ser ein at den generelle stemninga kring *milad*-toget er noko som har gjort eit stort inntrykk på dei. Mykje av denne stemninga verka å kome frå at *milad* samlar ei mengde menneske, som alle meir eller mindre har møtt opp for å gjere det same – vise sin kjærleik til profeten. Mitt inntrykk er at informantane ser på prosesjonen som noko som tydeleg og kraftfullt viser at dei er muslimar og har ein stor respekt for profeten, samstundes som den er fredeleg og lovlydig. Nokre unge gutar eg delte eit måltid med i ein moské fortalde at marsjen gav dei ein slags *buzz*, noko som kan tolkast som ein veldig mild rus. Samhaldet og den felles eininga kring den eine saken som dagen dediserast til, feiringa av profeten, er nok med på å gjere denne og andre prosesjonar til noko spesielt for mange av deltakarane. Den unge mannen fortalde vidare om sin brors fyrste prosesjon:

Q: *So the march is something a bit more perhaps... spectacular?*

A: Yeah, it is something spectacular, I mean, the first time we took my little brother he was amazed. He has been to the Manchester one, but it is a lot smaller than the London one and the London one... he was just amazed, I mean you have people from all religions, from all ethnicities, they are standing on the doorsteps and you can just see it in their eyes... can just see (that) even they are thinking that this is something spectacular... standing in the doorways just watching us march, I mean... you do get the extremists who are against all of it, and perhaps drops a few comments but... here's mainly... they just stand in their doorsteps or in their windows and all the kids will... I mean kids who are not even part of Islam even they're at the windows and they smile... all these people are getting together, I mean, we even set an example for the kids from a non-Islamic religion. All of us are getting together for one thing it just encourages the mind of a youth to want to learn more about it. And I personally think that the march has more of a significant effect on the youth than the elderly [...].

Entusiasmen snakkar for seg sjølv, og det er interessant å sjå at det blir nemnd ekstremistar som viser sin missnøye med marsjen, sjølv om dei gjer dette på ein ganske passiv måte – «Hatred from the face». Eg spurde den unge mannen, slik eg spurde mange andre av informantane mine, om kva dei personleg naut mest med feiringa:



Q: *Personally, what do you enjoy most about this celebration... what does it mean to you?*

A: I think it's just... everyone has different opinions about everything in the world; what cars they like, what jobs they do, what they like to eat or their favorite color (etc.). But in Islam it's like it is an event where all the opinions are put to one side... in a box, and that box is just one big opinion and everyone is the same... and it's just... everyone getting together and there is no differences between anyone, it's not about status... as you might have learned; when we do our pilgrimage to Mecca in Saudi-Arabia everyone wears a white robe, they all wear a white robe... the reason for that is that all your opinions and possessions are left outside once you enter the vicinity of the Kaaba, and everyone is the same, everyone is treated equal... and if you look at someone you can't tell by the clothes they are wearing if they are really rich or really poor, they all have the same clothes and it's just that... no matter how different people are they will always be the same in this aspect of our religion – it's just "getting togetherness", and... the vast amount of people that join in, I mean twenty thousand people, to join for one thing and they all have the same opinion about one thing, twenty thousand is a large number, and it's not just a specific group of people – it's old people, young people, women, the disabled, the able bodied... I have always found it amazing to (be there on this time), for the kids.... You can understand the kids they won't fully understand the spiritual side to it... but it is just ideal for everyone... I mean, it's ideal for the kids because they don't understand the spiritual side but then the march... they really enjoy it and if they really enjoy it, they want to learn more about it and as they are growing up they develop their minds, whereas if the march didn't take place, and perhaps there was just something a lot more interesting for the elderly, not for the youth, then they may not want to develop it, they may not have questions in their minds...

Forutan hans meining om at prosesjonen er ein god måte å få dei yngste interessert i islam på, samanlikna han også prosesjonen med *hajj*. Alle forskjellar vert lagd til sides, verdslege meiningar og eigendelar har ingen verdi eller betydning og alle deltakarar står samla kring det felles ritualet. Ein anna, litt eldre mann, drog også parallellar til *hajj*:

[...] even if you simply kind of YouTube'd on the... on the video, you could see... the *mawlid* happening all around the world, and how they celebrate it, I mean this is just a kind of... the way they adopt this is... if you look at the example of *hajj*, when everyone comes together as one community... they wear one simple piece of cloth... and they stand united, and they show their kind of...eh... their force, their strength, that... «Look we are people, who are of a force, but we're peaceful, and not... there will be no one, there will be no violence». I mean we, we're taught by our shayhk, it is stressed upon us that on this day, there is going to be difficulties and you're going to be crunched together, and it's going to be quite chaotic, but, you have to show your peaceful nature for the... for the wider community...

Eg spurde nokre av informantane om sjølve meininga bak den prosesjonen:

Q: *I was thinking about the march... what is the reason behind it?*

A: To tell the public, and to tell people that the followers of Muhammad are still around, and they follow him the way they used to traditionally. To celebrate his birthday...

Imamen hadde eit meir utfyllande svar:

Q: *On Sunday there is going to be this procession...the jaloos? I was there in Manchester when it happened there ... basically I was just wondering why this procession... is there any special point behind it?*

A: The special point is this; when you know... when you are happy and you try to show your happiness; if you are dancing inside your house no one will see you. So you say, «ok no one is sharing my enjoyment with my, I should go outside», and then you go in the garden and start dancing, people say «oh what happened»? Then you say «oh, I do this I do that», then they congratulate you, everyone become happy with you. You are happy but because of you mood everyone else will become happy. In the same way... when we say we love the Holy Prophet, we love him, and nobody knows we love (him), we should go outside and we should show our love to the people and make the atmosphere joyful as well.[...] And number two; in these days the wrong face of Islam... terrorism and terrorists, these kind of people... we try to show «look, no» (we are not like that)... the people, they portray themselves as a *mujahed* and terrorist and we say; you are not the true messengers of Islam, you are not trying to show the real face of Islam. This is the real face; we are the love, peace, harmony and care for others as well... and this is the way to show Islam. To show our enjoyment and our love of the Holy Prophet, we come on the roads in the beginnings and then this became our tradition on the day of... when you celebrate the *milad*... you should go on the roads and show your love to the people as well, and they should enjoy with you as well.

Imamen delte sin forklaring av prosesjonen i to delar. Den fyrste delen om offentleg å uttrykke sin glede over profetens fødsel kjenner ein igjen frå andre informantar. Å gje eit godt inntrykk av islam som religion verka å være ganske sentralt hos imamen, også dette noko andre informantar har uttrykka. Også eit flygeblad som vart dela ut på feiringane i London forklarte prosesjonen: «Although processions can often be perceived as forms of public protest, a procession to commemorate the birth of the Holy Prophet (PBUH) is the converse of a protest». Etter denne forklaringa følgjer fem punkter, desse kan sjåast i sin heilskap i vedlegget bakst i oppgåva (vedlegg 2). Pnina Werbner har i ein artikkel beskrivi ein *jaloos*, men denne var i anledning ein *urs* i Birmingham. Det litle segmentet er verd å lese då mykje av det hu beskriv er likt det eg sjølv opplevde.<sup>114</sup>

### Prosesjonen i London

Prosesjonen gjekk langs Forest Road, og sjølv etter å ha gått ein del kunne ein fortsatt skimte menneske utanfor hallen som prøvde å komme seg ut av porten. Det var gule vestar og grønne flagg over alt. Gjennom heile toget var det rop, og fremst kjørte ein av bilane med høgtalaranlegg og spela *na't* så høgt at det ikkje gjekk an å prate. Min informant, som hadde delteke fleire gongar, hjelpte meg å finne nokre snarvegar slik at me låg i forkant av toget. Sida han allereie kjende til ruta prosesjonen skulle ta hjelpte

---

<sup>114</sup> P. Werbner, Stamping the earth with the name of Allah, i *Making Muslim Space*, s. 167–185. Red. Barbara Daly Metcalf, Los Angeles 1996: University of California Press.

han meg også til å finne eit par gode plassar for fotografering. Langs fortaua var det også mykje liv – det var ei blanding av folk som sto rolig og såg på og kameramenn som sprang rundt for å finne den neste gode plassen å filme frå. Etter kvart som det som såg ut som ei endelaus rekkje menneske kom inn i meir tettbygde delar av Walthamstow, såg eg dei same nyfikne blikka frå hus-vindauga langs gata, som eg hadde sett i Manchester. Toget glei gjennom gatene med enorme mengder lyd, og dei fleste butikk-eigarane kom ut for å observere. Nokre av dei frivillige delte også ut flygeblad til dei fleste som stod og såg på, også andre muslimar. Informanten min vart hengjande igjen ved ei kebab-sjappe, der han hjelpte ein av dei frivillige å forklare den tyrkiske eigaren kva som eigentleg skjedd i gata. Tyrkaren hadde missforstått og trudde marsjen var til ære for Ali, men dette vart det klara opp i. Årsaka til missforståinga låg i nokre av ropa som var å høyre i prosesjonen. I tillegg til dei vanlege ropa eg kjende igjen frå Manchester og andre plassar, vart det også ropa «*Ya Ali*» og «*Ya Hussain*». Profetens familie og følgjesvener står sterkt også bland Ahl us-Sunnah wal-Jamaa'ah, og tydelegvis så sterkt at dei også får litt oppmerksamheit på feiringa av Profetens fødselsdag.

Gatene smala seg inn etter kvart, og eg vart meir eller mindre pressa inn i toget av dei frivillige sikkerheitsvaktene. Det å sjølv vere midt inne i toget var ei spesiell oppleving. Det minte til ein viss grad om eit 17. mai-tog, men var særst mykje meir intenst og høglydt. Inne i toget var det så trangt og støyande at det vart vanskelig å orientere seg – ein såg ingenting utanom folk, og høyrde ingen ting utanom dei religiøse tilropa. Men eg skjønna også dei unge menna si begeistring for *jaloosen*, der menneske bevega seg som ei lang og brei rekkje der alle hadde møtt opp for å gjere ein og same ting – å glede seg over profetens fødsel.



Prosesjonen i London.

Då eg spurde informantane om kva dei personleg satt mest pris på med denne feiringa var svara og beskrivingane utan nokon store forskjellar – og det var nettopp gleda som ofte vart trokke fram. Dette er også tydeleg synleg i refleksjonane kring prosesjonen ovanfor, der også samhaldet kjem fram som eit viktig aspekt: «it's just 'getting togetherness', and... the vast amount of people that join in, I mean twenty thousand people, to join for one thing and they all have the same opinion about one thing». Ein anna mann beskrev *milad*-feiringa slik:

We enjoy ourselves, we hear poetry about the prophet... about his exalted status throughout the whole... especially in the month called Rabi al 'Awwal, because he was born on the twelfth and today is the twelfth in the Islamic calendar. That's why... throughout the whole world people spend this time in happiness and send peace upon him and blessings upon him in different ways; some people recite the Quran; some people hold gatherings, some people march in the streets – different ways... [...] *Milad un-Nabi* is basically a gathering which collects all the people on one platform and talk about the prophet and retell the events from his lifetime, past stories, *hadith* [...] it's a gathering of love, that's what it is. Inside the *masjid* you can see it's all decorated...It's a joyous occasion... that's why we call it *eid*.

Det sosiale samhaldet vart trokke fram av fleire gongar:

I think it's just that everybody is out for the same reason... we're all celebrating the one prophet's birthday and the messenger of god, and we're all united in that on message today. And it is very difficult to have so many people united on the same day...

To unge menn, som elles ikkje viste så mykje om feiringa, trakk også fram det sosiale:

Q: *From a personal point of view, what do you think is the best about milad, what do you enjoy the most?*

A: Man 2: everyone coming together...

A: Man 1: everyone coming together and talking about it, doing speeches and the walk.

Det seier seg sjølv at det sosiale også er ein del av ei feiring som samlar store mengder menneske. Kanskje spesielt tydeleg kom dette fram i London, då det kom bussar fulle av folk frå mange engelske byar. Dette var ein anledning til å møte gamle arbeidskamerater eller barndomsvenner. Informanten som visa meg rundt under feiringa i London måtte sjølv forlate meg då han oppdaga ein gammal ven som han hadde bruka å spele fotball med.

Vegane vert igjen breiare, min informant og eg kom oss opp ein bakke slik at me igjen var framfor toget. I toppen av bakken var det ei trapp opp til ein liten plattform der ein kunne sjå toget nesten i sin heilheit. Her var det også mange andre som hadde plassert seg for å få eit overblikk. Det viste seg at denne litle plattforma var ein del av prosesjonen, for opp her kom også sjeiken og hans assistentar. Dei sto der, som dei hadde gjort gjennom nokre år, og vinka til den endelause rekkja menneske som fylde gata lenger nede. Me nytta oss av den midlertidige stoppen og runda hjørna lenge oppe i gata, og fekk oss ein gratis matbit etter anbefaling frå informanten min. Det ville ikkje vere mogleg å komme til verken mat eller drikke når prosesjonen kom opp her til Palmerston Road. Det var stille før stormen og eg fekk sett meg rundt i gata, der dei fleste venta på toget. Denne gata var også pynta for anledninga; her var det små flagg og vimplar som hang på nokre kvite og grønne band som var strekt ut mellom gateskilta. Det var også ein større plakat hengt opp på ei snor mellom eit av husa og eit gatelys. På denne plakaten var det eit bilete av sjeiken, der han var ein del år yngre, profetens moské og Kaabaen. Til forskjell frå dei fleste andre plakatar og bannerar eg såg i samband med *milad un-nabi*, inkluderte denne namnet på ein sponsor. Sponsoren her var selskapet «Mortgages Direct», og butikken deira låg rett ved sida av plakaten. På fortauet, utanfor butikken, sto det ei stor

mengde av ein type frukt-jus som skulle delast ut, og mennene der ver i gong med å få av plastikken på varene. På andre sida av gata hadde nokre karar sett opp eit bord der dei serverte varm te frå ei stor kjele. Det var også fleire bord med forskjellige typar mat klare til utdeling, og i ein av butikkane hang årets *milad*-plakat. Prosesjonen kom, og maten og drikka forsvann raskt. Me vart på ny pressa inn i toget, og me vart gåande saman med dei andre til me runda hjørnet til Selborne Road. Eg braut ut av toget og kom meg opp den slake bakken, der det også vart dela ut drikke til dei tørste. Utanfor kjøpesenteret i denne gata stod dei fleste med mobiltelefon eller kamera i handa. Prosesjonen verka å trekke til seg mykje merksemd. Ved synet, og lyden, av den verka det som forbipasserande nesten instinktivt reiv fram det dei har av video- og fotografiutstyr – muslim eller ikkje.

*Jaloosen* svingar inn på Hoe Street, som er dominert av forskjellige take-away butikkar – også frå nokon av desse vart det dela ut mat og drikke. Eg stilla meg lenger oppe i gata, i krysset mellom Hoe Street og Church Hill, og tok meg ein liten pause saman med andre skodelystne. Frå min posisjon såg eg heile toget i all si prakt sakte men sikkert gå forbi meg. Det var eit langt tog; først ein politibil, så *na't*-bilen med sine høgtalarar, glitter og ballongar, så sjeiken og hans følge. Langs nokre deler av toget danna dei frivillige ei menneskeleg lenke slik at dei heldt seg det ein køyrefeltet. Massen av gule vestar, grønne flagg og finklær fortsatt vidare. Eg fekk eit tips frå ein av mine informantar via telefon, om å sjå etter nokre karar i toget som spela på trommer. Eit interessant tips, då eg ikkje hadde sett nokre innslag av musikkinstrument i marsjen. Trommespelarane kom etter kvart forbi meg. Dei gjekk bland alle dei andre mennene men skilde seg likevill litt ut, fyrst og fremst gjennom sine to trommer, men også gjennom sine svarte, raude og gullfarga hovudplagg. I alt var det åtte menn, i ei lita gruppe i prosesjonen, som hadde slike hovudplagg. På utsjånad kunne det verke som om dei var frå Afrika. Dessverre lykkast eg ikkje i å komme i prat med eller identifisere dei på noko anna måte. Bak i toget var det også bussar som transporterte dei som var dårlege til fots, ein for kvinnene og ein for menn. Desse bussane delte på ein måte toget i to – mennene fyrst, og etter bussane, kvinnene. Kvinnedelen av toget var også fullt av grønne flagg og også her var det tilrop av forskjellige slag, men dei var generelt rolegare enn mennene. Bland kvinnene var det også, i motsetning til hos menn, mange yngre born og barnevogner. Kvinnene hadde naturlegvis også pynta seg for anledninga, og mange bar

fargerike hovudplagg og andre tradisjonelle klede. Dei frivillige som hald denne delen av toget i sjakk var også kvinner. Slutten på toget vart etter kvart synleg, og eg byrja å gå opp Hoe Street mot Forest Road – prosesjonen var snart tilbake der den hadde starta.

Eg nådde etter kvart den midtre delen av toget, der skiljet mellom menn og kvinner går. Toget nära seg slutten. Det vart litt luftigare i rekkene og somme stader var menneskemengda er ikkje så tettpakka som den var tidlegare. I eit av kryssa på veg tilbake til Walthamstow Assembly Hall, valde ein irretert bilist å fløyte på nokre av dei feirande unge menna. Deira allereie høge jubelrop vart berre høgare, og dei lèt seg ikkje vidare affisere av fløytinga. Dette var også den einaste gongen eg opplevde noko form for negativ tilbakemelding frå anna lokalbefolkning i både London og Manchester.

Ved porten ned til hallen var det mykje folk som pressa seg inn mens somme sto og gjorde *zikr*. Mennene, som kom først tilbake til hallen, hadde spreia seg utover området og dei fleste sto og prata med vener og kjende. Når kvinnene kom tilbake måtte det annonserast på høgtalar at mennene måtte flytte seg, då det var for mykje menn som hang rundt utanfor inngangen til kvinneteltet. Mennene trakk seg raskt tilbake og kvinnene kom seg velberga til teltet sitt. *Jaloosen* var over for i år. Eg vart gåande i mengda og prata med folk, og min informant presenterte meg for mange av sine vener. Somme av dei trudde at eg var ein konvertitt, men desse missforståingane var raskt klara opp. Eg forklarte min posisjon og mitt perspektiv for alle eg prata med, og dei fleste hadde ingen store problem med å forstå kvifor eg hadde møtt opp på denne feiringa. Mange av mennene verka også overraska, men positive, til min interesse i *milad un-nabi*. Bak Hallen, ved sida av kvinneteltet, låg matteltet og eit midlertidig te-kokeri. Det var også sett opp toalettfasilitetar i dette området. Eg tok turen inn i matteltet, og kom i prat med nokre av mennene der inne. Her var det ingen stolar. Folk sto i staden og åt rundt langborda som var sett opp. Etter maten nemnde informanten min at det var talar inne i hallen, med då me kom dit var det så fullt at det ikkje gjekk an å komme innafor dørene til hallen. Heldigvis vart denne delen av feiringa dekkja av kamerateamet eg hadde observert tidlegare. Filmen frå denne seremonien ligg ute på Internett,<sup>115</sup> og eg har bruka den til å finne den informasjonen eg gjekk glipp av. Bruken av media, og spesielt Internett, bland muslimane i både Manchester og London, har på mange måtar vert til

---

<sup>115</sup> <http://www.youtube.com/watch?v=g8f7lhJiUxg&feature=related> Besøkt 29.03.12

mykje hjelp også for meg. Sidan store delar av desse arrangementa vert dekkja og lasta opp på Internett gjer det at det er enkelt for meg å på ein måte observere meir enn berre det eg såg og tok bilete av sjølv. I dei fleste tilfelle er det ikkje noko i desse filmene og klippa som er ny informasjon som eg ikkje klarte å fange opp då eg var tilstade, men klippet frå sjølve seremonien inne i hallen var hjelpesamt. Eg vil også anbefale å ta ein kikk på mange av dei andre *milad*-videoane som ligg ute på Youtube. Det er ikkje alltid at ord strekk til når ein skal forklare korleis det ser ut når tusenvis av menneske samlast og feirar sin høgt elska profet. Ein finn lett mange videoar av feiringa på nettet frå dei føregåande åra, i tillegg til dei nyaste – med både seremoniar og *jaloos*.<sup>116</sup> Dette er film-snuttar som er laga av og lasta opp på nettet av deltakarane sjølve.



*Jaloos* i gatene.

<sup>116</sup> <http://www.youtube.com/watch?v=bt7dI34Nilg&feature=relmfu> Walthamstow, 2012, kvinnetoget.  
<http://www.youtube.com/watch?v=II Gdz6ieqn8&feature=related> Mennene, med rop og flagg.  
<http://www.youtube.com/watch?v=B3r5RqItqs4&feature=relmfu> Ekstatisk feiring utanfor portane.  
Alle besøkt 12.05.12



